

Interessestyrt skriving og elevars skriveferdigheiter

*Er elevane sine interesser ein faktor som kan betre deira
skriveferdigheiter i ungdomsskulen?*

Erik Veum

UND 350 - Masteroppgåve i læring og undervisning

Hautsemesteret 2014

HØGSKULEN I SOGN OG FJORDANE/UNIVERSITETET I BERGEN



Avdeling for lærarutdanning og idrett



Føreord

Etter ein lang og innhaldsrik arbeidsprosess er det mange eg vil takke. Eg vil først og fremst takke førelesarar på studiet *Læring og undervisning* ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Takk for grundige førelesingar og god oppfølging i prosessen.

Eg vil òg rette ein takk til Høyanger kommune og Høyanger skule for å vise godt samarbeid i høve mine studiar ved sidan av jobb. Takk til mine flinke medstudentar og kollegaer for god hjelp heile vegen. Ein spesiell takk til Asbjørn Sagen for svært god hjelp. Her må eg òg nemne Høyanger bibliotek for godt samarbeid og god service.

Tusen takk til mine informantar, som har vore heilt avgjerande for mitt arbeid. Det har vore interessant og lærerikt å få jobbe med elevtekstar med eit noko anna blikk.

Ein spesiell takk til min rettleiar Eli Bjørhusdal, som har vist fantastisk oppfølging og gitt meg glupe råd og idear som har drive meg framover i arbeidet.

Så vil eg vise mi takksemnd til familie og venner. Takk for all støtte og oppmuntring, og takk til Jessica som har vore samarbeidsvillig og som har gitt meg tid til arbeidet.

Høyanger 09.11.14

Erik Veum

Samandrag

Tema for oppgåva er interessestyrt skrivning for elevar i ungdomsskulen. Problemstillinga «Vert tekstane til elevar i 10. klasse betre når dei får skrive interessestyrt? Kva for delar av skrivinga deira vert i så fall betre?» tek sikte på å finne ut om interessestyrte tema i skriveoppgåvene får elevane til å skrive betre tekstar. Ved interessestyrte tekstar vel elevane sjølv tema ut i frå sine egne interesser. Målet er å bidra i arbeidet med å betre skriveopplæringa i ungdomsskulen.

Eg har gjennomført ein pedagogisk dokumentanalyse av elevar sine skrivne tekstar. Utvalet i arbeidet er ein 10. klasse med 20 elevar. Elevane har skrive to tekstar kvar, ein med lærarstyrt tema og ein med interessestyrt tema, slik at tekstutvalet i oppgåva er 40 elevtekstar. Eg har nytta Skrivesenteret sitt Normprosjekt som utgangspunkt for mine analyser av tekstutvalet. Her les eg tekstane i lys av forventingsnormer på ulike vurderingsområde og vurderer dei ulike tekstlege delane som meistringsnivå. Normprosjektet sin analysemodell er knytt til barne- og mellomtrinnet, slik at eg har måtta gjort mine egne justeringar for å tilpasse det til ungdomsskulen. I den praktiske analysen har eg nytta fire tekstar av to elevar til heller eksplorative analysar. Resten av elevtekstane vert framstilte meir skjematisk med generelle kommentarar og meistringsnivå i tråd med dei fire djupanalysane.

I arbeidet konkluderer eg med at dei interessestyrte tekstane har eit høgare meistringsnivå på alle vurderingsområda. Det største skiljet mellom lærarstyrt og interessestyrt tema finn ein på makronivå, det vil seie når det gjeld samsvar mellom innhald og tema, betre kommunikasjon med lesar og ein tydelegare struktur i oppbygginga av teksten. På områda språkbruk, rettskriving og teiknsetjing var det vanskelegare å peike på forskjellar i meistringsnivå knytt til interessestyringa.

At eg meiner å ha funne at interessestyrte tekstar har høgare meistringsnivå samla sett, kan vere eit grunnlag for vidare arbeid med interesseemnet i skriveopplæring. Utfordringa for skulen, slik eg ser det, er å vere meir bevisst på arbeidsoppgåver i skriveopplæringa. Ein kan sjå på moglegheita for å overføre omgrepa lystbetont og interessestyrt lesing til skriveopplæringa.

Abstract

The topic for this assignment is interest controlled writing for students in secondary school. The thesis “Will student texts profit from being written from an interest controlled outset? What parts of the texts will be better?” aims to find out if an interest controlled theme in student texts, makes them any better. Interest controlled texts means that the students choose their own theme based on their interests. The goal is to contribute to better the quality of students’ writings in (Norwegian) secondary school.

I have conducted an educational document analysis of the students’ written texts. The source of my work is a 10th grade class of 20 students. The students have written two sets of texts each, one with a teacher-directed theme and one with an interest controlled theme. Thus the sources of material in the assignment are put together by 40 student texts. I have used *Skrivesenteret* and their *Normprosjekt* as a basis for my analysis of the text selections. I read the texts in light of the norms of expectation and have evaluated the different parts of the text bound to mastery level. The Normprosjekt’s model of analysis is attached to first school and primary school, so I had to do my own adjustments so that it could be used in a secondary school context. In the product of my analysis I show a thorough analysis of four student texts. The rest of the students texts are shown in schematic form with general comments and mastery level.

In the thesis I conclude that the interest controlled texts have an overall higher mastery level in all fields of evaluation. The biggest differences between teacher-directed and interest controlled themes are more evident at the largest text levels, which means compliance between contents and theme, better communication with the reader of the text and a clearer structure in the building up of the text. In the smaller parts of the text like the usage of language, orthography and punctuation, it was difficult to point to any differences in the text sources that were attached to the interest controlled term.

That interest controlled texts have got an overall higher mastery level, could be a basis and a reason to keep working on this subject in the field of writing. The main challenge when in school, as I see it, is to be more conscious about the written tasks given when it comes to the exercise of writing. One could look to the possibility of transferring the terms of will and interest controlled reading to exercises of writing.

Innholdsliste

1. Innleiing	2
1.1 Problemområde og problemstilling	2
1.2 Sentrale omgrep	3
1.3 Presentasjon av metode	4
1.4 Oppbygging av oppgåva	5
2. Teoretiske perspektiv	5
2.1 Kunnskapsløftet: Ein literacy-reform	6
2.2 Motivasjon for å skrive	7
2.3 Interessestyrt lesing	8
2.4 Interesseomgrepet i skriveforskning	8
3. Metode	10
3.1 Val av metode	11
3.2 Utval	11
3.3 Arbeidsmåte	12
3.4 Normprosjektet	13
3.4.1 Normprosjektet sin analysemodell	13
3.4.2. Mine justeringar	15
3.5 Feilkjelder	17
3.6 Forskingsetiske vurderingar	17
4. Analyse av elevtekstar	18
4.1 Eksplorativ analyse av fire elevtekstar	18
4.2 Elev 1	18
4.2.1 Analyse av tekst 1	20
4.2.2 Analyse av tekst 2	28
4.2.3 Komparativ oppsummering av Elev 1 sine to tekstar	36
4.3 Elev 2	36
4.3.1 Analyse av tekst 1	37
4.3.2 Analyse av tekst 2	45
4.3.3 Komparativ oppsummering av Elev 2 sine to tekstar	50
4.4 Analyse av dei resterande elevtekstane	50
5. Konklusjon	58
5.1 Kommunikasjon og føremål	59

5.2 Innhald og samsvar med tema	59
5.3 Tekstopbygging	60
5.4 Bruk av skriftmediet	61
5.5 Mikronivå	61
6. Vegen vidare	62
7. Litteraturliste	63
Vedlegg 1: Informert samtykke	67
Vedlegg 2: Dei resterande elevtekstane	68

1. Innleiing

1.1 Problemområde og problemstilling

Arbeidet med denne mastergradsoppgåva starta med ein tanke som eg har utvikla gjennom erfaringar som norsklærer og gjennom tidlegare erfaringar som elev. Eg har lenge vore nyfiken på kvifor det verkar som om lysta til å skrive forsvinn gradvis, etter kvart som elevane vert eldre. Skrivearbeid i barneskulen vert ofte knytt til elevane sine eigne røynsler og interesser. I ungdomsskulen skal elevane utvikle skriveferdigheiter på eit meir kompleks nivå. Desse ferdigheitene er noko meir og noko anna enn eit sett av delferdigheiter som kan lærast ein gong for alle. Dei må heile tida utviklast i nye kontekstar og praktiske samanhengar (Nicolaysen, 2005).

Dermed har eg spurt meg sjølv: Korleis utviklar elevane sin skrivekompetanse på best mogleg måte? Eg har undrast på korleis ein kan skape den same skrivegleda på ungdomssteget som ein ofte ser i barneskulen, og samtidig utvikle betre skriveferdigheiter. Omgrepet *interesse* vert såleis sentralt i oppgåva mi. Ein underliggjande hypotese er at elevane vil kunne skrive betre tekstar, om dei skriv om tema dei interesserer seg for.

Kva veit vi eigentleg om elevane sin skrivekompetanse? KAL-prosjektet (Kvalitetssikring av læringsutbytte i norsk skriftleg) er ein studie av 3300 eksamenstekstar frå 1998-2001. Det er den mest omfattande studien av norske elevar sin skrivekompetanse som er gjort til no. Undersøkinga viste at norske elevar i grunnen meistrar å skrive, og at sjølv dei svake skriverane kan skrive enkle forteljande tekstar. Det som stod ut som det markante funnet i undersøkinga, er at norske elevar er langt flinkare til å skrive personlege og forteljande tekstar enn sakprega tekstar (Berge, Evensen, Hertzberg, Vagle, 2005). Granskinga viser òg det same som PISA-

testane har synt, at jentene skriv mykje betre enn gutane, spesielt i dei personlege og forteljande tekstane (Kjærnsli & Roe, 2010). Berre rundt 15% av elevane vel oppgåvene som inviterer til sakprega skriving og fleirtalet av dei som skriv slike tekstar, vel personleg farga sjangrar som kåseri og lesarinnlegg.

Oppgåvene på eksamen i grunnskulen har som mål å kome eleven og hans/hennar interesser og preferansar i møte. Eleven skal kunne velje ein sjanger han eller ho kjenner seg heime i. Dette synet ligg tett opp til det Frøydis Hertzberg kallar den ekspressivistiske ståstaden, som er forankra i prosessorientert skrivepedagogikk (Hertzberg, 2001). Det Hertzberg kallar *postulatet* i denne pedagogikken er at ein i skriveopplæringa bør la elevane finne fram til si personlege stemme og i neste omgang la den vere plattform for arbeidet med form (Hertzberg, 2001). Den beste skriveundervisning er den som gir elevane lyst til å skrive og noko å skrive om.

På bakgrunn av dette har eg kome fram til følgjande to-delte problemstilling:

Vert tekstane til elevar i 10. klasse betre når dei får skrive interessestyrt? Kva for delar av skrivinga deira vert i så fall betre?

1.2 Sentrale omgrep

I denne oppgåva skal eg nytte nokre sentrale omgrep frå skriveopplæring og pedagogikk. Omgrepa har ulike definisjonar i ulike samanhengar. Difor vil eg klargjere kva for tydingar eg legg vekt på i mi oppgåve.

Skrivekompetanse kan definerast som det å kunne ytre seg i skrift på ein forståeleg og hensiktsmessig måte tilpassa ulike situasjonar og føremål. Å skrive er å utføre ei handling som skal oppfylle eit eller fleire føremål. Vi skriv for å halde kontakt med andre menneske, for å reflektere over noko, for å skildre noko, for å utforske noko, for å overbevise nokon om noko eller for å førestille oss noko. Skrivekompetanse er sterk knytt til fagleg og personleg utvikling (Evensen, 2010).

Interessestyrt er eit omgrep eg sjølv har formulert, med nær tilknytning til omgrep nytta i leseopplæringa. Motivasjon spelar ei stor rolle når det gjeld utbyte av lesing. Når innhaldet er interessant og spanande, vert lesinga meir lystbetont, og om lesinga i tillegg er frivillig er sjansen for eit godt leseutbyte stort. Dei som har spesielle interesser kan lese og forstå overraskande omfattande og kompliserte tekstar innanfor sitt spesialfelt (Roe, 2006). Desse resonnementa har eg overført til skriving. Eg vil altså nytte omgrepet *interessestyrt skriving*.

Det er vanleg å dele all skriftleg tekst og litteratur inn i to hovudgrupper, nemleg *saktekst* og *skjønnlitteratur*. Det avgjerande skiljet mellom dei to hovudgruppene er om mottakar har grunn til å tru at framstillinga refererer til røyndomen eller ikkje (Tønnesson, 2008). Skjønnlitteratur vert oppfatta som fiktiv, og er som oftast subjektiv, medan saktekst er knytt til verkelegheita og er meir objektiv.

I arbeidet med skriveoppgåver er omgrepet sjanger viktig. Sjanger kan definerast snevert og vidt, og det finst mange ulike definisjonar. Eg har valt å nytte Dagrun Skjelbred (2006) si forklaring av omgrepet: Ein sjanger gir eit mønster for korleis vi kan skape og tolke ein tekst. Det gir hjelp til å finne samanheng og mening i tekstar vi møter. Ein sjanger er altså ei tolkingsramme, eller tolkingsbriller, som hjelper oss å forstå ulike tekstar. Omgrepet sjangerlære fortel at elevane skal lære seg å skrive ulike sjangrar innan saktekst og skjønnlitteratur. Dei skal meistre ulike normer og konvensjonar i ulike skrivesituasjonar (Torvatn, 2009).

I konklusjonen prøver eg å samanlikne og dra slutningar om elevtekstane sitt makro- og mikronivå. Makronivå vil her seie det som omfattar dei større teksteiningane, som avsnitt og større tekstdelar (Skjelbred, 2006). Mikronivå omfattar ord- og setningsnivå i teksten (Iversen, Otnes, Solem, 2007, Skjelbred, 2006).

1.3 Presentasjon av metode

Eg har gjennomført ein pedagogisk dokumentanalyse av elevar sine skrivne tekstar. Utvalet er tekstar frå 20 elevar i 10. klasse på ungdomssteget. Dei har levert inn to tekstar kvar, éin med lærarstyrt tema og éin med interessestyrt tema. Materialet er såleis 40 elevtekstar. Det er analysemetoden til Skrivesenterets Normprosjekt som er utgangspunkt for elevtekstane i oppgåva – tekstane vert lesne i lys av forventingsnormer på ulike vurderingsområde og ulike skriveferdigheiter vert såleis vurderte som ulike meistringsnivå. Etersom Normprosjektet sin analysemodell er knytt til barne- og mellomtrinnet, har eg gjort justeringar av denne metoden for å tilpasse han til ungdomssteget. Analysen av to av elevane sine tekstar, altså av fire tekstar, har eg framstilt eksplorativt. Dei resterande 36 tekstane er analyserte med same metoden, men funna herifrå er framstilte meir skjematisk med markering av meistringsnivå og kortare, generelle merknader.

Alle elevtekstane ligg som vedlegg.

1.4 Oppbygging av oppgåva

I kapittel 2 vil eg presentere Kunnskapsløftet og kvifor det vert sett på som ein literacy-reform. Her skal eg òg nemne nokre utfordringar med Kunnskapsløftet knytt til skriveopplæringa. Vidare går eg nærare inn på interesseomgrepet og tidlegare forskning som knyter det til skriveferdigheiter. Eg vil vise på kva måte motivasjon er ein føresetnad for omgrepet. I kapittelet skal eg òg trekkje fram Stephen Krashen og George Hillocks sine studiar som viser fram svært motstridande syn på skriveopplæring. I kapittel 3 legg eg fram mine metodiske val. Her presenterer eg Normprosjektet sine vurderings- og forventningsnormer, som er mitt utgangspunkt for analysane. Eg skal òg diskutere utvals- og validitetsspørsmål. I kapittel 4 presenterer eg mine analysar av elevtekstane. I kapittel 5 konkluderer eg om funna frå analysen i høve til problemstillinga og teoretisk grunnlag. Kapittel 6 er ei drøfting av vegen vidare, bygd på konklusjonane.

2. Teoretiske perspektiv

Læreplanen Kunnskapsløftet vart sett i verk i 2006. Under arbeidet med å utvikle ein ny læreplan lanserte det såkalla Kvalitetsutvalet omgrepet basiskompetanse. Utvalet definerte basiskompetanse som del av ein heilskapleg kompetanse, for eksempel lese- og skriveferdigheiter, rekneferdigheiter og ferdigheiter i engelsk. Det føreslo ei rekkje slike kompetansar som del av basiskompetanseomgrepet, noko som gjorde det vanskeleg å avgrense det på ein meningsfull måte. Slik kom departementet fram til at det i staden ville identifisere nokre sentrale ferdigheiter som grunnleggjande reiskaper for læring og utvikling (Utdanningsdirektoratet, 2014.).

Slik vart Kunnskapsløftets fem grunnleggjande ferdigheiter etablerte: *Å kunne uttrykkje seg munnleg, å kunne lese, å kunne uttrykkje seg skriftleg, å kunne rekne og å kunne bruke digitale verkty.*

Bakgrunnen for at departementet arbeidde med dette, er å finne i OECD sitt forsøk på å definere såkalla nøkkelkompetansar som organisasjonen hevdar er viktige for personleg og sosial utvikling hos mennesker i det moderne informasjonssamfunnet. Prosjektet Definition and Selection of Competencies (DeSeCo) har definert tre kategoriar av nøkkelkompetansar (Rychen & Salganik, 2003, s. 85).

- Interaksjon i sosialt heterogene grupper – evne til å samarbeide med andre menneskje, behandle og løyse konflikhtar
- Å kunne handle sjølvstendig – å setje individ i stand til å meistre liva sine på ein meiningsfull måte, å kunne forsvare og hevde sine rettigheter og interesser
- Å kunne bruke verkty interaktivt – å bruke språk, symbol og tekst i samhandling med andre, samt å kunne bruke dei digitale verkty som informasjonssamfunnet krev.

Det at DeSeCo definerte skriftkulturelle kompetansar spesielt som nøkkelkompetansar for læring, fekk innverknad for læreplanarbeidet i Noreg.

2.1 Kunnskapsløftet: Ein literacy-reform

Omgrepet literacy, eller skriftkyndigheit som er eit forsøk på ei norsk omsetjing, refererer til praktiske lese- og skriveferdigheiter som er nødvendige for å kunne uttrykkje seg, formidle og tenkje fagleg. At Kunnskapsløftet er ein literacy-reform vil seie at faga sin språkkultur er løfta fram og står i fokus. Faga sine grunnleggjande mål er at elevane lærer å uttrykkje seg relevant på dei ulike faga sine premissar (Berge, 2005).

Dei ulike faga inneheld ulike sjangrar og ulike tekstkulturar og har meir eller mindre faste normer for korleis ein skal og bør skrive. I samfunnsfag kan det vere aktuelt å arbeide med argumenterande tekstar, medan i kroppsøving kan treningsplanar og ulike former for rapportar vere hovudfokus (Smidt, 2011).

Det å utvikle skrive- og leseferdigheiter på eit komplekst nivå er avgjerande i dagens skriftbaserte samfunn. Det er aktuelt i yrkes- og samfunnslivet seinare, så vel som i vidare utdanningsløp (Nicolaysen, 2005). Med innføringa av Kunnskapsløftet og skrivning som grunnleggjande ferdigheit, vart alle lærarar posisjonert som skrivelærarar med ansvar for skrivning i sine fag. Skrivekompetanse skal utviklast gjennom heile skuleløpet parallelt med den faglege utviklinga.

KAL-studien viste at det store fleirtalet blant elevane unngår å skrive resonnerande og utgreiande tekstar. Det er ein overveldande dominans av forteljande, ekspressiv skrivning i KAL-materialet (Berge, Hertzberg, 2005). Dette meiner Kjell Lars Berge og Frøydis Hertzberg har samanheng med grunnskulen sin karakteristiske skrivekultur. Den personlege stemma og eleven som forfattar er ideal som har slått rot i norske klasserom, og fiksjonstekstar som utnyttar ein skjønnlitterær skrivestil vert høgt vurdert av lærarar og elevar (Berge, Hertzberg, 2005, s. 389-390).

Med skriving som grunnleggande ferdigheit er fagskriving blitt ei viktig oppgåve for norsk skule (Smidt, 2011). Elevane kan ikkje lenger velje å skrive utelukkande personleg og narrativt. Interessene deira vil òg verte utfordra ved tydelegare formelle krav til korleis tekstar skal utformast.

2.2 Motivasjon for å skrive

Opplæringsstyresmaktene meiner motivasjon er ein grunnleggjande føresetnad for å utvikle elevane sine skriveferdigheiter på ungdomstrinnet (Udir, 2012). Også forskning viser ein klar samanheng mellom motivasjon og sjølvoppfatning. Det heng tett saman med elevane si oppleving av meistring. Trua på at ein kan få det til er avgjerande for elevane sin motivasjon for å skrive (Graham & Perin, 2007a). Motivasjon er knytt til opplevinga av skriving som relevant for den enkelte, og er avhengig av elevane sine vurderingar av skrivinga sin nytteverdi. Ein motivert skrivar er ikkje nødvendigvis ein som liker å skrive, men ein som ser skriving som eit nødvendig verkty for å nå måla sine (Boscolo, 2009).

Self-efficacy er eit omgrep henta frå psykologen Albert Bandura (1998). Han definerer det slik: "...people's beliefs about their capabilities to produce designated levels of performance that exercise influence over events that affect their lives" (Bandura, 1998). Det styrer korleis menneske føler, tenkjer, motiverer seg sjølv og oppfører seg. Når ein person skal gjere eller løyse ei oppgåve, meiner Bandura at eiga tru på korleis ein meistrar oppgåva er avgjerande for gjennomføringa og resultatet (Bandura 1998). Den som skal utføre ei oppgåve, må ha ei viss tru på, ha motivasjon for, at dette let seg gjere. Med låg grad av self-efficacy vil både innsats og resultat bli dårlegare enn om ein person har høg grad av self-efficacy. Ein kan sjå på ei oppgåve som utfordrande eller truande, og ein vil så handle deretter; anten mobilisere energi og gå i gang med oppgåva eller la det vere (Bandura 1998).

Self-efficacy kan samanliknast med omgrepet *Intrinsic motivation* til Deci og Ryan (2000). Intrinsic motivation, eller indre motivasjon, refererer til å gjere noko fordi det er ibuande interessant eller kjekt (Deci & Ryan, 2000). Indre motivasjon fører til høg læring og kreativitet. Slik indre motivasjon eksisterer i relasjonen mellom individ og aktivitetar. Nokre individ er indre motivert for nokon aktivitetar, ikkje andre, medan andre individ ikkje er indre motiverte i det heile (Ryan & Deci, 2000). Indre motivasjon vil berre framkome i aktivitetar som har indre interesse hos kvar einskild, aktivitetar som appellerer til noko nytt, utfordrande, eller har estetisk verdi for individet (Ryan & Deci, 2000).

2.3 Interessestyrt lesing

Ifølgje Ryan & Deci (2000) sin self-determination theory, utviklar individet seg best ved hjelp av sjølvbestemming. Ein lesar som sjølv bestemmer er indre motivert, som betyr at han eller ho les for si eiga skuld og sin eigen verdi. Ein sjølvbestemt lesar les dessutan òg av fleire grunnar og interesser (Roe & Taube, 2012).

Roe & Taube (2012) har samanfatta resultat henta frå internasjonale leseundersøkingar, blant anna PISA, som har målt motivasjon for lesing innanfor ulike fagområde. Det kjem fram at dei som i PISA-undersøkinga vert sett som engasjerte lesarar, bruker mykje tid på å lese for underhaldning- og nyttinga si skuld. Samtidig ser dei på lesing som verdifullt og interessant i seg sjølv. Lesarane som vert sett som lite engasjerte, brukar lite tid på å lese for underhaldning- og nyttinga si skuld, dei les berre eit lite utval tekstar og er lite motiverte for å lese. Samanliknar ein graden av engasjement hos lesaren med leseferdigheit, viser PISA-undersøkinga i 2000 at det er positiv korrelasjon. I alle dei nordiske landa var det tydeleg positiv korrelasjon, med 0.47 i Noreg (Roe & Turmo, 2012). Dette fortel oss at elevane les betre og får betre leseferdigheiter når dei opplever tekstane som spennande og interessante (Roe & Turmo, 2012).

Gjeld det same for skiving?

2.4 Interesseomgrepet i skriveforskning

På slutten av 1980-talet kom omgrepet *interesse* i forskinga sitt søkelys. Interesse vart til dømes definert som: «ein motiverande variabel, i tillegg til ein psykologisk tilstand som tek plass i interaksjon mellom menneskje og objekt i miljøet, og vert karakterisert av auka merksemd, konsentrasjon og påverknad» (Renninger, Hidi & Krapp, 1992) (mi omsetjing). Det vert skilt mellom to typar interesse; situasjonsbasert og individuell eller personleg (jf. òg Boscolo, 2009). Situasjonsbasert interesse har relativt kort levetid og vert påverka av noko i miljøet som gir merksemda fokus. Individuell interesse har relativt lang levetid, vert utvikla langsamare og kan assosierast med auka kunnskap og verdiar. Ein generell karakteristikk av omgrepet interesse er at det er snevert. Når individet er interessert i noko, er det i heilt spesifikke tilhøve, til dømes fag, tema og oppgåver (Boscolo, 2009).

Det har til ein viss grad vorte forska på om det er nokon samanheng mellom interesse, val av teksttema og skriveferdigheiter. Hidi & McLaren (1990;1991) har granska kva for innverknad emnet for teksten fekk på skriveferdigheiter. Sidan interesse stimulerer til intellektuell aktivitet, var hypotesen at dersom elevane fekk skrive om tema dei var interesserte i, ville dei skrive betre tekstar. Resultatet viste at skriveoppgåver knytt til høg-interesse tema ikkje gav

tydeleg betre tekstar. Kvaliteten var i større grad eit resultat av elevane sin kunnskap om emnet enn av interessa for emnet (Hidi & McLaren, 1990;1991). Konklusjonen i denne granskinga var at sjølv om interessa for temaet er høg, kan skrivinga verke skremmande om elevane ikkje har god nok kunnskap om emnet.

Boscolo (2009) viser til Albin et al. (1996) som har undersøkt om individuelle interesser relaterer til betre narrativ skriving. Resultatet her var at interesse for temaet var signifikant relatert til skrivekvalitet og framstillinga av kunnskap. Elevane gav meir relevant informasjon i tekstane når dei hadde høg interesse for temaet. Renninger et al. (2002) har konkludert med det same: Om eit tema kan identifiserast som individuell interesse, vil elevane sannsynlegvis skrive lengre tekstar og framvise ei tydelegare retning for teksten (her etter Boscolo, 2009).

Desse forskingsarbeida som knyter interesseomgrepet til skriving, byggjer på ei samanlikning mellom lesing og skriving i eit motivasjonsperspektiv. Sidan interessa for eit emne fungerer som motivasjon for lesing, var hypotesen at dette kunne overførast til skriving. Dei refererte forskingsarbeida viser likevel at interesseomgrepet ikkje så lett kan overførast slik. Sjølv om ein skriv om eit tema ein tykkjer er interessant, må ikkje det bety at ein tykkjer det er interessant å skrive om det (Boscolo, 2009). Kunnskap om emnet spelar ei viktigare rolle, argumenterer Albin et al. (1996) for.

Også den norske didaktikaren Frøydis Hertzberg har tangert spørsmål om interessestyrt lesing i nokre arbeid. I ein artikkel frå 2001 tek ho utgangspunkt i ideen om at vi har to ulike typar kunnskap; *påstandskunnskap* og *ferdigheitskunnskap*. Påstandskunnskap er all kunnskap som i prinsippet kan formulerast språkleg, medan ferdigheitskunnskap, evna til å utføre noko, er i prinsippet «taus». Skriveprosessen vert i stor grad styrt av automatiserte kognitive prosessar. I skulen oppstår det eit spenningsfelt mellom *kunnskap om* og *trening i*, altså mellom påstandskunnskap og ferdigheitskunnskap. Hertzberg stiller spørsmål om kor viktig det er at elevane lærer seg å beherske eit sett med sjangertrekk (ferdigheitskunnskap) samanlikna med å utvikle si personelege stemme (påstandskunnskap) (Hertzberg, 2001).

Hertzberg diskuterer vidare den amerikanske språklæringsforskarer Stephen Krashens arbeid rundt spørsmålet om interessestyrt lesing og skriving. Med utgangspunkt i ei rekkje effektstudiar knytte til skriving, konkluderer Krashen med at frivillig, lystbetont lesing er den viktigaste faktoren for utviklinga av skriveferdigheita. Han vidareutvikla dette resonnementet til ein samanhengande teori som så å seie skrinlegg alle andre måtar å auke skriveferdigheiter på. Hypotesen han var at skrivekompetansen berre kjem gjennom lesing, og berre ubevisst, altså som ei naturleg tileigning. Skrivetrening i seg sjølv fremmar ikkje denne kompetansen.

Direkte instruksjon, altså undervisning, kan berre føre til bevisst læring, og kunnskap formidla på denne måten kan aldri verte ein del av skrivekompetansen (Hertzberg, 2001).

Ein kan seie at Krashen knyter interessestyrt lesing direkte til utvikling av skriveferdigheiter. Men han meiner altså at skrivetrening, eller noko form for interessestyrt skriving, ikkje vil auke skrivekompetansen. Det vil seie at Krashen er uinteressert i sjølve utføringa. Måten ein utfører noko på, for eksempel ei skriveoppgåve, har ingen plass i hans teori. Difor kjem han òg til kort ovanfor det empiriske faktum at det ikkje er noko ein-til-ein-korrespondanse mellom lesevolum og ferdigheiter i skriving, peikar Frøydis Hertzberg på (Hertzberg, 2001).

Hertzberg framstiller så Georg Hillocks sin teori som ein kontrast til Stephen Krashens. Hillocks meiner at skriveundervisning med stor vekt på elevsentrerte, frie skriveoppgåver løner seg dårlegare enn lærarstyrte, strukturerte aktivitetar før og undervegs i skriveprosessen. Han er motstandar av prosess-skriving som fremjar eleven si personlege stemme, og argumenterer for arbeid med form. Vidare meiner han at læraren si rolle er blitt redusert til å lette skriveprosessen – ikkje til å gje spesifikke skriveoppgåver, ikkje til å hjelpe elevane til å lære kriterium for tekstvurdering. I korthet, konkluderer Hillocks, unngår lærarane å gjere det som etter hans dokumentasjon gir dei beste resultatata (Hertzberg, 2001).

Hillocks kombinerer form og innhald med påstandskunnskap og ferdigheitskunnskap. Han seier at påstandskunnskap om form er evna til å identifisere språkleg form på ulike nivå, medan ferdigheitskunnskap om form er evna til å produsere ulike former. Påstandskunnskap om innhald er ein database for det ein skriv om, og ferdigheitskunnskap om innhald er det som set ein i gang til å søke i hukommelsen etter relevant kunnskap og overføre det til språkleg uttrykk (Hertzberg, 2001). Han meiner at alle kunnskapstypene er nødvendige for skrivinga, og at undervisninga må ta sikte på å utvikle alle desse.

Dei teoretiske forskingsarbeida som eg har nytta, spriker altså noko og kan ikkje seie oss sikkert om interessestyrte tema verkar positivt på kvaliteten på elevtekstar eller ikkje. Det viktigaste i denne samanhengen er at desse forskingsarbeida viser at interessestyrt skriving *kan* vere ein interessant faktor når det gjeld skriveferdigheiter og tekstkvalitet. Det er òg interessant at spørsmålet er så pass lite granska – det er med på å legitimere arbeidet mitt.

3. Metode

I dette kapittelet gjer eg greie for val av metode. Eg gjer òg greie for korleis eg gjekk fram då eg henta inn data, og eg grunngir utvalet av tekstmateriale. Eg skal presentere

forskningsprosjektet Normprosjektet sin vurderingsreiskap, og kva for justeringar eg har gjort for å tilpasse kriteria i dette til mitt arbeid. Arbeidet har nokre feilkjelder som eg òg vil gjere greie for.

3.1 Val av metode

For å få best mogleg svar på problemstillinga mi har eg valt ein pedagogisk dokumentanalyse. Dokumentanalyse er ein type kvalitativ innhaldsanalyse. Innsamla data skal då analyserast for å få fram viktige samanhengar og relevant informasjon om det forholdet ein ynskjer å studere (Grønmo, 2004). At den er pedagogisk vil seie at han er nytta for å studere elevtekstar knytte til skulen. Ein må gå inn i tekstane som elevane leverer for å vurdere vekstpunkt, utviklingspotensiale og svar på kriterium i oppgåva.

Ein av dei metodiske vanskane mine var å finne fruktbare kriterium for vurderinga av elevtekstane. Eg valde å nytte vurderingsmetoden til Normprosjektet, Skrivesenteret sitt omfattande forskningsprosjekt for å kartleggje kva for krav norske lærarar meiner ein kan stille til skriveferdigheitene til elevar som begynner på 5. og 8. trinn i skulen (Berge, 2010) (sjå 3.4).

3.2 Utval

Søkelyset mitt er elevar i ungdomsskulen. Eg vil finne ut om ein interessestyrt arbeidsmåte fremjar skriveferdigheitene til elevane her. Å *kunne skrive* har vorte ei grunnleggjande ferdigheit i alle fag (Kunnskapsløftet, 2012). Eg valde å gjennomføre mitt arbeid på 10. trinn, fordi elevane her etter kvart har erfaring med skriveoppgåver i ungdomsskulen.

Materialet mitt er altså to tekstar frå 20 elevar i ein 10. klasse, det vil seie 40 tekstar. Klassen har i utgangspunktet 26 elevar, men fem elevar har eit tilpassa opplæringstilbod, og jobba med andre sjangrar i denne perioden. Desse elevane vart ikkje involverte, for å ikkje forstyrre opplæringa deira. Den siste eleven som manglar i utvalet, leverte berre ein av tekstane.

Eg gjennomførde forskingsarbeidet i klassen der eg sjølv er faglærer i norsk. Eg tykte det var viktig å vite at det ikkje var arbeid meir med eller lagt meir ressursar ned i dei interessestyrte tekstane enn dei «konvensjonelle». Slik kunne eg sikre at rammene rundt dei to storleikane som skal samanliknast, nettopp er samanliknbare. Valet hadde òg praktiske årsaker. Elevane var midt i skuleåret i 10. trinn, og skriveoppgåvene måtte difor følgje årsplanen i faget.

Eg vurderte først å dele klassen i to homogene grupper, der ei gruppe skulle fungere som kontrollgruppe og den andre som intervensjonsgruppe. For å styrke validiteten i undersøkinga gjekk eg bort frå dette. Dette fordi homogeniteten ville vere vanskeleg å fastslå og ivareta. Det er vanskeleg å finne eigenskapar hos utvalet med lite variasjon i ei relativt lita elevgruppe

(Befring, 2007). I staden skreiv alle elevane to tekstar kvar, den eine med lærarstyrt tema og den andre med interessestyrt tema. I den siste valde altså elevane temaet ut frå egne interesser. Dermed er utvalet på 40 elevtekstar, 20 med lærarstyrt tema og 20 med interessestyrt tema.

Analysen av tekstutvalet er framstilt på to nivå. Eg har valt å framstille analysen av fire tekstar meir grundig, i djupna, for å syne fram vektlegginga, vurderinga og resonnementa mine. Desse vert kalla eksplorative analysar. Her viser eg altså fram detaljerte lesingar av to elevar sine fire tekstar.

Eg nytta det Befring kallar eit «formålsteneleg utval» då eg plukka ut tekstane til den eksplorative analysen (Befring, 2007). Eg vurderte kva elevar som kunne representere ytterpunkt i elevgruppa, for å gjere vurderingane mine og markeringa av meistringsnivå klarare. Analysane av dei resterande 36 tekstane er gjort på same måten, men presenterte skjematisk. Her gjev eg ein generell kommentar til kvar tekst saman med markering av meistringsnivå på dei ulike forventingsnormene (sjå 3.4).

3.3 Arbeidsmåte

Sjangeren i skriveoppgåvene var fagartikkel. Ein fagartikkel er ifølgje læreverket som elevane nyttar «ein artikkel som tek for seg eit fagstoff. Han er som oftast skriven i presens – notid. Nokre fagartiklar gir først og fremst informasjon og kunnskap» (Blichfeldt, Heggem & Larsen, 2006). Eg valde denne sjangeren fordi eg såg han som det beste grunnlaget for å skrive interessestyrt.

Skriveprosessen varte i om lag ein månad, og elevane skreiv to fagartiklar etter tur. All undervisning vart gjennomført i forkant av skriveoppgåvene. Det vil seie at det var like mykje undervisning, og same ressursar knytt til begge skriveoppgåvene, for å forsøke å sikre eit godt grunnlag for samanlikning. Oppgåveformuleringa var den same på begge skriveoppgåvene, den einaste forskjellen var temaet. I den lærarstyrte oppgåva var temaet *mobbing i skulen*. Dette var ei oppgåveformulering som allereie låg i planane om kva elevane skulle skrive. I den interessestyrte skriveoppgåva valde elevane tema sjølv. Dei fekk i oppgåve å grundig vurdere kva som kunne vere interessant for dei å skrive om, før dei valde eit tema.

Tekstane skulle skrivast på to ulike målformer, nynorsk og bokmål, som kan ha gjeve nokre utslag på meistring på vurderingsområda, kanskje særleg på tekstane sitt mikronivå. Eg drøftar dette i konklusjonskapittelet.

3.4 Normprosjektet

Prosjektet «Developing national standards for the assessment of writing. A tool for teaching and learning» (Normprosjektet), er ein stor intervensjonsstudie om skriving som grunnleggjande ferdigheit og vurdering av skriving i norsk skule. Normprosjektet har som mål å utvikle og prøve ut eksplisitte forventingsnormer til bruk i skriveopplæring og vurdering, og å undersøke på kva måte desse kan påverke elevane sin skrivekompetanse og lærarane sin vurderingspraksis (Solheim & Matre, 2014).

I normprosjektet vert sju ulike tekstlege og språklege område vurderte separat: *kommunikasjon, innhald, tekstopbygging, språkbruk, rettskriving og formverk, teiknsetjing og bruk av skriftmediet*. Med Normprosjektet sine vurderingsreiskapar vert kvart av områda vurderte summativt etter ein femdelte skala, der midtnivået er definert som det ein rimeleg kan forvente. Det finst to nivå over – høg og svært høg meistring i forhold til det som kan forventast, og tilsvarande to nivå under – låg og svært låg meistring. At ulike aspekt ved teksten vert analyserte og vurderte separat, gjer at læraren vert «tvinga» til å sjå ulike tekstnivå og kvalitetar, og det hindrar at han får eit førsteinntrykk som vert blenda av ortografiske feil eller uleseleg handskrift (Solheim & Matre, 2014).

3.4.1 Normprosjektet sin analysemodell

Under kvart vurderingsområde opererer Normprosjektet med ulike forventingsnormer som fortel kva vurderinga legg til grunn. Forventingsnormene er noko ulike i forhold til kva klassetrinn dei skal nyttast på. Dette er forventingsnormene i dei sju vurderingsområda etter 7. trinn (Skrivesenteret, u.å.):

Figur 1:

Vurderingsområde 1: Kommunikasjon

Det vert vurdert i kva grad teksten kommuniserer med lesarar på ein relevant måte.

Skrivaren skal...

- Innta relevante skriveposisjonar og kunne veksle mellom ulike relevante skriveposisjonar
- Vende seg på ein relevant måte til ein eller fleire kjende lesarar

Vurderingsområde 2: Innhald

Det vert vurdert om det teksten handlar om, er relevant og utdjupa.

Skrivaren skal...

- Presentere eigne og andre sine førestillingar, erfaringar og synspunkt på ein utdjupa måte
- Presentere og utdjupe eit innhald som er tematisk relevant, for eksempel for det fagområdet ein skriv om

- Tilpasse mengda av innhald til det teksten handlar om.

Vurderingsområde 3: Tekstopbygging

Vurderer teksten sin overordna komposisjon, samanhengen mellom dei enkelte delane av teksten og i dei ulike delane av teksten.

Skrivaren skal...

- Meistre ulike måtar å strukturere tekstar på
- Komponere teksten på ein føremålstenleg måte (t.d. sjanger)
- Meistre avsnitt som organiseringsprinsipp
- Nytte varierte koplingsmarkørar for å uttrykke samanheng i teksten

Vurderingsområde 4: Språkbruk

Vurderer ordval, setningsbygning og stil.

Skrivaren skal...

- Byggje opp komplekse og varierte setningar
- Nytte eit relevant, variert og presist ordforråd, òg fagomgrep
- Nytte ein relevant språkleg stil
- Nytte varierte språklege verkemiddel

Vurderingsområde 5: Rettskriving og formverk

Vurderer i kva grad eleven beherskar reglane for korrekt skriftleg bokmål og nynorsk.

Skrivaren skal...

- Meistre ortografisk skriving
- Meistre skiljet mellom og/å og då/når

Vurderingsområde 6: Teiknsetjing

Vurderer som skrivaren beherskar dei formelle reglane for bruk av skiljeteikn.

Skrivaren skal...

- Meistre bruk av kolon, parentes og bindestrek
- Nytte komma mellom heilsetningar
- Nytte komma etter leddsetningar

Vurderingsområde 7: Bruk av skriftmediet

Vurderer den grafiske utforminga og handskrifta.

Skrivaren skal...

- Lage eit oversiktleg og hensiktsmessig sideoppsett

- Kombinere ulike uttrykksmiddel for å skape heilskap og mening i teksten
- Nytte digitale tekstressursar med ulike kommunikative og estetiske føremål.

3.4.2. Mine justeringar

Normprosjektet har fokusert på kva skrivekompetanse det er rimeleg å forvente etter fjerde og sjuande trinn i grunnskulen (Normprosjektet, u.å.). For at eg skulle nytte Normprosjektet sine vurderingsområder, måtte eg tilpasse nokre av forventingsnormene til arbeid på 10. trinn. Med utgangspunkt i læreplanen i norsk omarbeidde eg nokre av Normprosjektets forventingsnormer etter 7. trinn.

Nedanfor markerer eg med kursiv kva eg har omarbeidd eller lagt til som forventingsnormer. Nokre forventingsnormer har eg tatt vekk. Eg vil gjere merksam på kva eg har sett bort i frå, og kvifor eg har gjort det.

Vurderingsområde 1: Kommunikasjon

- *Nytte ei overskrift som passar til teksten og orienterer lesaren, samtidig som at den triggjar lese lyst og interesse*

Denne forventingsnorma har eg lagt til fordi overskrifta i ein saktekst, i dette arbeidet ein fagartikkel, er viktig for å kommunisere med lesaren. Den viser til kven som er målgruppa for teksten, og kva føremålet er, noko ein finn att i kunnskapsmåla i læreplanen: «skrive kreative, informative, reflekterende og argumenterende tekster på hovedmål og sidemål med begrunnende synspunkter og tilpasset mottaker, formål og medium» (Udir, 2013).

- *Vere tydeleg i si rolle som skrivar knytt til sjanger og skrivemåte*

Eleven si rolle som skrivar viser til om eleven følgjer den gjeldande sjangeren. Norma handlar om på kva måte eleven viser si rolle i teksten, om han er primært subjektiv eller primært objektiv og på kva måte informasjonen vert presentert og drøfta. Mi justering tek utgangspunkt i læreplanen i norsk si formulering om at elevane skal «uttrykkje seg i norskfaglege sjangrar på ein hensiktsmessig måte» (Udir, 2013).

Vurderingsområde 2: Innhald

Her er ingen eksplisitte modifikasjonar, men eg presiserer at eg vurderer dei ulike forventingsnormene ut i frå kunnskapsmåla etter 10. trinn.

Vurderingsområde 3: Tekstopbygging

- *Komponere og strukturere teksten på ein formålstenleg måte*

Her har eg slått saman dei to første forventingsnormene til ei. Det gjorde eg fordi å komponere og strukturere ein tekst heng saman.

Vurderingsområde 4: Språkbruk

- *Ha ein klar skriftleg stil i forhold til medium, mottakar og føremål*

Denne forventingsnorma utdjupa eg noko for å få fram poenget i kunnskapsmålet i læreplanen: «skrive kreative, informative, reflekterende og argumenterende teksten på hovedmål og sidemål med begrunnende synspunkt og tilpasset mottaker, formål og medium» i læreplanen (Udir, 2013).

Vurderingsområde 5 og 6 har eg valt å slå saman til eitt. Eg ser på rettskriving og teiknsetjing samla. Samtidig har eg gjort forventingsnormene mindre konkrete. Eg nemner ikkje spesifikke rettskrivings- eller teiknsetjingsfeil i forventingsnormene, og tek heller dette i analysen.

- *Meistre ortografisk skriving*
- *Korrekt teiknsetjing*

Vurderingsområde 6: Bruk av skriftmediet

- *Vise korrekt bruk av kjeldetilvising*

Eg legg til denne forventingsnorma fordi det etter 10. trinn er eit mål å føre korrekte kjeldetilvisingar og litteraturliste. Kunnskapsmålet i læreplanen i norsk seier at elevane skal kunne å «integre, referere og sitere relevante kilder på en etterprøvbar måte der det er hensiktsmessig» (Udir, 2013).

I arbeidet mitt er bruken av meistringsnivå noko annleis enn hos Normprosjektet. I deira arbeid med meistringsnivå ligg erfarne lærarar si vurdering til grunn (Solheim & Matre, 2014). Eg har først og fremst nytta mine vurderingar knytt til undervisninga i klassen, altså ut i frå kva elevane har arbeidd med og kva vi har gått gjennom i forkant av skrivearbeidet. Eg har òg nytta dei aktuelle kompetansemåla, som vist ovanfor, som ein peikepinn. Her er det igjen mine vurderingar som legg grunnlaget for meistringsnivå. Samtidig har eg nytta same vurderingsmåtar som eg har erfaringar med frå tidlegare, knytt opp til karaktersetjing. Eg har samanlikna meistringsnivåa noko med inndeling i låg, middels og høg måloppnåing. Middels måloppnåing kan då samanliknast med meistringsnivåa sitt midtnivå.

3.5 Feilkjelder

Når eg avgjer kva meistringsnivå elevane har på kvart vurderingsområde, må eg tolke tekstane og vurdere kvar enkelt. Fordi tolkinga skjer frå mitt perspektiv, kan lesinga av tekstane bli snever eller einseitig knytt til mine horisontar. Andre tolkingmoglegheiter vert kanskje ikkje oppdaga eller drøfta fordi dei er på sida av det perspektivet eg har (Grønmo, 2004). Om ein annan fagperson vurderte dei same tekstane, kunne resultatet ha vorte annleis. Ein må vere bevisst dette når ein tolkar funna mine og implikasjonane av dei. På den andre sida ville heller ikkje ein annan lesar sine tolkingar i prinsippet vore meir «objektive» enn mine. Ein kunne kanskje sjå føre seg at materialet mitt vart vurdert av ein fellesskap av vurderarar. Det ville nok gje høgare validitet, men òg praktiske utfordringar av ein type som dette masterarbeidet ikkje kunne femne.

Det er relevant å problematisere rolla mi som forskar. I skrivearbeidet av tekstane kan elevane vere påverka av sin kjennskap til at innhaldet skal analyserast av meg (Grønmo, 2004). Men når det gjeld validiteten i datainnsamlinga, har min kompetanse på fagfeltet eg skal undersøke òg positiv verdi. At, eg har forkunnskapar om og kompetanse frå elevvurdering, kan styrke validiteten (Grønmo, 2004).

Problemstillinga mi har heller ikkje så mange teoretiske haldepunkt. Det vil seie at eg har få andre forskingsresultat å ta utgangspunkt i og samanlikne med. I teorikapittelet viser eg til Hidi & McLaren (1990,1991), Albin et al. (1996) og Renninger et al. (2002) som har forska på tema som liknar på mi problemstilling. Dette er ikkje heilt nye arbeid, og forskning på elevar si skrivekompetanse har utvikla seg mykje etter den tid – om enn ikkje forskinga på interessestyrd skrivning. Arbeidet mitt kan sjåast som ei eksplorerande undersøking, med mål om danne eit grunnlag for emnet i forskingsfeltet (Grønmo, 2004). Difor vil eg understreke at eg ikkje konkluderer med at funna mine kan generaliserast svært vidt. Kor stort utvalet må vere for å vere generaliserande avheng av kva forhold som skal studerast. I mitt tilfelle er det relativt komplekse forhold, som slik sett krev eit stort utval. Samtidig vil mi rolle som lærar og forskar og mi tilknytning til materialet vere med å hindre generaliseringspotensialet (Grønmo, 2004). Målet med dette arbeidet er difor å belyse problemstillinga og problemområda med *mine* funn.

3.6 Forskingsetiske vurderingar

Forskingssjokjekt som omhandlar personar, krev at det vert innhenta eit informert samtykke (Befring, 2007). Elevane er under 18 år, slik at føresette må godkjenne undersøkinga. Eg sende ut ein førespurnad om informert samtykke med informasjon om arbeidet (vedlegg 1). Dette

skrivet sa òg at alt datamateriale skulle behandlast konfidensielt og bli anonymisert. Eg fekk skriftleg samtykke frå både føresette og informantar før eg starta med datainnsamlinga.

Å vere reieleg vil seie å vere til å stole på. Det inneber blant anna å vere i stand til å gjennomføre forskning med validitet og kvalitet (Befring, 2007). Ureieleg handlingar kan innebere alt frå fusk til fabrikkering og plagiat. Å vere reieleg handlar òg om ein påliteleg og fullverdig tilvisingspraksis (Befring, 2007). Dette har eg i, i heile arbeidsprosessen, prøvd å ta omsyn til og etterleve.

Eg tok NSD-testen som tilsa at det ikkje var personversproblematikk knytt til oppgåva mi som måtte godkjennast.

4. Analyse av elevtekstar

Eg skal no framstille fire eksplorative analysar av to elevar sine tekstar. Elevane vert kalla «Elev 1» og «Elev 2». Dei fire originale elevtekstane er presenterte i sin heilskap, og er limte inn i forkant av analysen. Etter analysen av dei fire tekstane gjer eg ei kort komparativ oppsummering. Her samanliknar eg forventingsnormer der eleven har ulike meistringsnivå, og prøver å gjere greie for moglege årsaker til skilnadene.

Analysen av dei resterande 36 elevtekstane er framstilt skjematisk sist i dette kapitlet. Her presenterer eg ein generell kommentar om kvar tekst og viser kva meistringsnivå eleven ligg på i dei ulike forventingsnormene.

4.1 Eksplorativ analyse av fire elevtekstar

Det som vert referert til som «Tekst 1» i analysen, er oppgåva som er formulert av læraren. Tema i desse tekstane er «Mobbing i skulen». Oppgåva var å skrive ein fagartikkel om temaet. Oppgåva skulle skrivast på sidemål, altså bokmål. «Tekst 2» refererer til skriveoppgåvene der elevane har valt tema sjølv. Slik var oppgåveformuleringa: «*Tema er valfritt, og her skal du velje noko som du interesserer deg for. Målet er at du skal kunne fortelje om og vise fram dine kunnskapar om eit tema du interesserer deg for, og kan mykje om.*». Målforma på dei interessestyrte tekstane er hovudmål (nynorsk).

4.2 Elev 1

Tekst 1

Figur 2: Teksten til Elev 1. Skriftstorleiken er endra, og teksten er sett i kursiv, men elles er dette den originale elevteksten:

Gutter mobber mer enn jenter

Hvert eneste år blir 1 av 10 elever i Norge mobbet. Det er omtrent 42.000 elever på landsbasis. I tillegg sier 40% av elevene som har blitt mobbet at De har tenkt på å ta selvmord, i følge forskning fra Olweusgruppen gjort i 2012. Hva er egentlig mobbing? Og hva kan vi gjøre for å stoppe det?

Mobbing er enkelt sagt når en person gjentatt ganger og over tid utsettes for negative handlinger.

Det finnes i hovedsak to typer mobbing:

- Direkte mobbing- Vold, si stygge ting, kallenavn o.m.
- Indirekte vold- Internett, utestengelse, forskjellsbehandling o.m.

Den meste av mobbingen foregår på skoleveien og ikke på skolen.

50-75% av mobbingen skjer i friminuttene: på skolegården, i korridorene eller på mer bortgjemte steder. Enda mer skjer på skoleveien, som skolen også har ansvaret for. Disse tallene er veldig usikre.

Grunnen til at noen mobber er i hovedsak at mobberen har lav selvfølelse og er redd, derfor føler mobberen at hun eller han må trykke andre ned for å selv komme opp. I tillegg finnes det en opplevd «gevinst» ved mobbing. For enkelte kan det å gjøre noen til offer gi dem selv en følelse av å vere mektige. Følelsen av tilhørighet til venner kan bli forsterket ved at noen utestenges. Ved å få andre til å tenke negativt om spesielle elever kan en «spille ut» en konkurrent. Sier Tove Falck, ved senter for Atferdsforskning, i et intervju med VG gjort i 2011.

Barn som mobber er ikke nødvendigvis bøller, ofte er det barn som selv er redde for å bli holdt utenfor og som gjerne er litt populære. Eksempel på hva disse mobberne kan gjøre er små ting som i sum kan bli store – som å snu seg vekk når noen prater, dra pulten sin litt vekk fra sidemannen, dele godteri med alle unntatt én, gi en i klassen en litt styggere bursdagsinvitasjon enn de andre, eller låne bort en liten og ødelagt blyant til én, mens en annen får låne en helt ny og fin blyant. Barn vet godt hvordan de kan krenke andre, uten at voksne merker noe til dette.

Det er flere gutter enn jenter som mobber selv om direkte mobbing er et større problem blant gutter, foregår det likevel en hel del mobbing blant jenter. Mobbing jenter imellom er ofte mye vanskeligere å oppdage. Jenter bruker i stor grad indirekte og mer utspekulerte metoder som baksnakking, ryktespredning, utestengelse, og er ofte preget av sjalusi som gjør at De velger å hevner seg. Både gutter og jenter mobber omtrent like mye indirekte.

Elever på barneskolen blir mer mobbet enn elever på ungdomsskolen og videregående, dette kan ha mye med aldersforskjeller å gjøre. Barneskolen består av hele 7 klasseser og elever i alderen 6-13 år, og her kan det lett oppstå maktforhold blant de ulike klasseserene. Aldersforskjellen på barneskolen er betraktelig større enn hva det er på ungdomsskolen og videregående, og det oppstår ikke slike maktforhold i like stor grad. Mobbingen i Norge foregår mest innenfor samme klasse, og i noen tilfeller mot yngre elever.

Mobbing kan starte i barnehagen ved utestengelse, som for eksempel barn som ikke får leke med andre. Men det er usikkert omkring hvorvidt man skal definere ulike typer negativ oppførsel i barnehagen som mobbing, sier professor Ingunn Størksen, ved Senter for atferdsforskning ved Universitetet i Stavanger.

Konsekvensene med mobbing kan være svært alvorlige, og fører ofte til både psykiske, fysiske og sosiale skader. Det er stor sammenheng mellom mobbing og selvmord. Det sies at rundt 50 mennesker i Norge velger å ta selvmord som en direkte følge av mobbing.

Offeret kan ofte føle seg utstøtt fra fellesskapet og får i mange tilfelle dårlig selvtillit og lavere livskvalitet. I tillegg kan mobbing og føre til stor belastning for både offeret og mobberens familie.

Tiltak mot mobbing:

- Voksene må sette klare grenser for hva som er akseptabel oppførsel og gripe inn
- Både lærere, rektorer og foreldre må komme med forebyggende tiltak, som for eksempel historier om mobbing, snakke om konsekvenser, lære eleven å sette seg inn i situasjonen til mobberen og mobbeofferet selv. Og ikke minst må De voksne opptre voksent, og ikke baksnakke, eller drive med andre former for mobbing selv.
- En kan få sterke og positive elever til å ta hand om De litt svake og beskytte De.
- Lærere må hjelpe mobberen mer. Det er alltid en grunn til at en mobber. Uansett om det er sjalusi eller om offeret er litt annerledes. Lærere kan hjelpe med å sette klare grenser, og lære mobberen og heve seg over det.
- Og til slutt må lærerne vise at De er til å stole på. Vis at De tar mobbing seriøst, så mobbeofferet ikke er redd for å si i fra.

4.2.1 Analyse av tekst 1

Vurderingsområde 1: **Kommunikasjon**

- *Overskrift*
- *Kommunikasjon med eventuell lesar*
- *Rolle som skriar knytt til sjanger og skrivemåte*

Overskrifta i teksten, «Gutter mobber mer enn jenter», kan sjå ut som ein påstand. Den treng ei tydeleg grunngeving seinare i teksten ut i frå kjelder, elles vert det sett på som ein påstand som eleven sjølv har funne på. Det er berre ei linje seinare i teksten som handlar om det som overskrifta seier og der står det: «Det er flere gutter enn jenter som mobber selv om direkte mobbing er et større problem blant gutter, foregår det likevel en hel del mobbing blant jenter».

Samtidig fortel overskrifta oss noko om kva teksten handlar om. Vi får vite at teksten skal handle om mobbing. Den skaper òg interesse. Ein vert nyfiken og vil lese vidare for å finne ei grunngeving av overskrifta. Her viser eleven at han vender seg til lesarar utanfor klasserommet sine rammer – om overskrifta er meint å vere interessant og meint å skape interesse.

Eleven bruker ordet «vi» i ingressen: «Og hva kan vi egentlig gjøre for stoppe det?» avsluttar han her og stiller spørsmålet til lesaren, samtidig som han signaliserer at han sjølv er ein del av fellesskapen. Eleven viser at han har fleire lesarar i tankane. Informasjonen i artikkelen er ganske generell, og difor er det kanskje ikkje medelevar som er dei tenkte lesarane. Dei fleste mellomoverskriftene som er markerete med feit skrift er faktainformasjon som i prinsippet treng kjelder og grunngjevingar. Ved første augekast skapar dei interesse og leselyst. Dei kan sjåast på som påstandar, på same måte som overskrifta til teksten. Nokre eksempel på slike mellomoverskrifter er: «Den meste av mobbingen foregår på skoleveien», «Barn som mobber er ikke nødvendigvis bøller», «Elever på barneskolen blir mer mobbet enn elever på ungdomsskolen og videregående». Desse mellomtitlane kan vere teikn på at eleven har sett føre seg eit breitt utval lesarar, og at artikkelen skulle ha passa i ei avis eller på ein nettstad, som har leselyst og interesse som føresetnader.

Eleven nyttar altså ordet «vi» i ingressen. Kva «vi» refererer til, vert ikkje presisert, og det er ikkje mogleg å seie at «vi» viser til berre elevar eller lærarar, for eksempel. Elles i teksten ser vi lite til skrivaren. I tråd med sjangeren sine krav ser vi ingen av eleven sine egne meiningar eller ytringar lyse gjennom i teksten. Eleven greier å halde seg objektiv og skjult. Teksten inneheld informasjon, fakta og andre sine utsegner eller meiningar underbygde av andre kjelder enn eleven sine egne meiningar.

Meistringsnivå: **M4**

*Vurderingsområde 2: **Innhald***

- *Presentere og utdjupe eit innhald som er tematisk relevant, til dømes for det fagområdet ein skriv*
- *Tilpasse mengda av innhald til det teksten handlar om*
- *Presentere egne og andre sine førestillingar, erfaringar og synspunkt på ein utdjupe måte*

Overskrifta fungerer som ein interessevekkjar. Vidare fungerer informasjonen i starten og midtdelen av teksten stort sett som ei kartlegging av temaet. Mellomoverskriftene i starten og midtdelen av teksten er slik: «Den meste av mobbingen foregår på skoleveien», «Grunnen til at noen mobber», «Barn som mobber er ikke nødvendigvis bøller», «Det er flere gutter enn jenter som mobber» og «Elever på barneskolen blir mer mobbet enn elever på ungdomsskolen og videregående». Dei to siste mellomoverskriftene går meir konkret inn på følgjer og tiltak av/mot mobbing: «Konsekvensene med mobbing» og «Tiltak mot mobbing». Teksten er

sjangeradekvat, med generell informasjon og fakta i starten og midtdelen, før han kjem til kva slags følgjer mobbing kan ha, og kva tiltak som kan fungere i høve til desse følgjene.

Teksten handlar i store delar om mobbing på eit relativt generelt grunnlag. Eleven knyter informasjonen til barn og unge. I tredje avsnitt skriv eleven at «Den meste av mobbingen foregår på skoleveien og ikke på skolen...», som viser at temaet har utgangspunkt i eit skuleperspektiv. Det at eleven ofte skriv *barn* gjer at ein lesar kan knyte det til skulen, og kanskje vil gjere det. «Barn som mobber er ikke nødvendigvis bøller» og «Barn vet godt hvordan de kan krenke andre, uten at voksne merker noe til dette» er nokre eksempel. Eleven svarar altså godt på det som oppgåva spør om, samtidig som han gjev rom for andre tolkingar.

Så til spørsmålet om korleis eleven har trekt inn andre sin kunnskap. I to tilfelle har eleven vist direkte til kjelder: Ei undersøking om sjølvord blant mobbeoffer gjort av Olweusgruppa i 2012, og eit intervju med Tove Falck, som jobbar ved senter for Adferdsforskning, om grunnen til at nokon mobbar. Dette framstår som relevante kjelder i ein fagtekst om mobbing.

Undersøkinga av sjølvord vert presentert i ingressen i elevteksten, for å gje eit alvorleg blikk på mobbeproblematikken. Ingressen seier: «I tillegg sier 40% av elevene som har blitt mobbet at De har tenkt på å ta selvmord(...)Hva er egentlig mobbing? Og hva kan vi gjøre for å stoppe det?». Ingressen peikar på kor alvorleg mobbing kan vere, før eleven avsluttar med to spørsmål som fortel kva teksten skal handle om.

Meistringsnivå: **M4**

Vurderingsområde 3: Tekstoppygging

- *Komponere og strukturere teksten på ein formålstenleg måte*
- *Meistre avsnitt som organiseringsprinsipp*
- *Bruke varierte koplingsmarkørar for å uttrykkje samanheng i teksten*

Teksten startar med generell informasjon som «1 av 10 elever i Norge mobbet», «42.000 elever på landsbasis» og ein definisjon av mobbing i avsnittet under. I ingressen og definisjonen av mobbing får vi svaret på *kva*. Det første avsnittet, ingressen, avsluttar med to spørsmål: «Hva er egentlig mobbing? Og hva kan vi gjøre for å stoppe det?». Det er ein effektiv måte å vise kva teksten skal handle om. Teksten handlar derimot mest om kvar mobbing føregår og kven som mobbar. Difor burde spørsmåla i starten òg teke opp utbreiinga av mobbing for å skape samanheng med resten av teksten.

Etter den generelle informasjonen i starten handlar teksten om kven som mobbar og kva type den personen i mange tilfelle er, før teksten kjem inn på kvar mobbing er mest utbreidd og

konsekvensar av mobbing. Dette er hovuddelen i artikkelen. Her får vi svar på *kven* og *kvar*. Avsnittet om konsekvensar vert såleis eit slags svar på ingressen og avsluttar hovuddelen etter dei forventningane som ingressen har bygd opp.

Avslutninga av teksten er avsnittet om tiltak. Her får vi svaret på *korleis*. Eleven har nytta kulepunkt i staden for fullstendige setningar og samanhengande tekst. Det kan sjåast som ein snarveg å bruke kulepunkt, og informasjonen vert prega av stikkord. Samtidig er det oversiktleg for lesaren, og skil dei ulike tiltaka frå kvarandre på ein effektiv måte. Det avsluttar òg teksten med å svare på det eine spørsmålet i ingressen, nemleg «Og hva kan vi gjøre for å stoppe det?», slik at avslutninga viser tilbake til starten og skapar samanheng.

Teksten er delt inn i ti avsnitt. Etter dei to innleiande avsnitta i starten startar kvart avsnitt med nokre feite markerte ord. I utgangspunktet er nok dette meint å vere mellomoverskrifter, men dei er ein del av teksten, på same måte som det gjerne vert gjort i aviser og magasin. Dei understrekar at eleven startar kvart avsnitt med ny informasjon. Vidare i avsnittet utdjuvar eleven den nye informasjonen, som såleis vert kjend informasjon. For eksempel vert eit avsnitt innleidd slik: «**Konsekvensene med mobbing** kan være svært alvorlige, og fører ofte til både psykiske, fysiske og sosiale skader.» Siste linje i avsnittet seier: «I tillegg kan mobbing og føre til stor belastning for både offeret og mobberens familie.» Avsnitta er tydeleg delt inn som temarema, ny informasjon vert følgt av kjend informasjon. Alle avsnitta er òg ganske like i lengd. Det gjer at all informasjonen framstår som like viktig, eleven har ikkje fokusert på nokre spesifikke poeng.

I teksten er det brukt både grammatisk og leksikalsk referansebinding. Døme på grammatisk referansebinding ser vi her: «Jenter bruker i stor grad indirekte og mer utspekulerte metoder som baksnakking, utestengelse, og er ofte preget av sjalusi som gjør at De velger å hevne seg.» Dømet viser at eleven nyttar pronomen for å vise tilbake til *jenter*. Ei av dei leksikalske bindingane i teksten er: «...i hovedsak at mobberen har lav selvfølelse og er redd, derfor føler mobberen at...». Gjentakning av same ord kan brukast for å understreke noko. Det kan òg gjere at lesaren ikkje er i tvil om kven det er snakk om. Her, brukt om «mobberen», fungerer det greitt. Samtidig er det viktig å vise variasjon i ordval.

Eleven nyttar mange koplingsmarkørar for å binde saman setningar: «...mobberen har lav selvfølelse og er redd, derfor føler mobberen at hun eller han må trykke andre ned...». Her nyttar eleven ordet *derfor* for å binde saman dei to setningane. På same måte har eleven nytta ein koplingsmarkør her: «**Mobbing kan starte i barnehagen** ved utestengelse, som for

eksempel barn som ikke får leke med andre.»). Her er det ordet *for eksempel* som bind setningane saman.

Meistringsnivå: **M5**

Vurderingsområde 4: **Språkbruk**

- *Byggje opp komplekse og varierte setningar*
- *Bruke eit relevant, variert og nyansert ordtilfang, òg fagomgrep*
- *Bruke varierte skriftlege verkemiddel*
- *Ha ein klar skriftleg stil i forhold til medium, mottakar og føremål*

Eleven ser ut til å meistre setningsbygging over snittet. Han har nytta både komplekse og enkle setningar. Eit døme på dei komplekse kan vere: «Følelsen av tilhørighet til venner kan bli forsterket ved at noen utestenges» og, «Aldersforskjellen på barneskolen er betraktelig større enn hva det er på ungdomsskolen og videregående, og det oppstår ikke slike maktforhold i like stor grad». Døme på enklare setningar: «Den meste av mobbingen foregår på skoleveien og ikke på skolen». Dette gir god variasjon i teksten.

Eleven har brukt mange ord som relaterer fagleg til temaet mobbing i teksten: *selvmord, direkte mobbing, indirekte mobbing, utestengelse, og bøller*. Han varierer altså ordbruken. Samtidig er ord som «direkte mobbing», «indirekte mobbing» og til ein viss grad «utestengelse» gode fagomgrep knytt til temaet. Ut i frå val av ord understreker eleven i kva for sjanger han skriv, og kva føremålet er.

Det er òg mykje bruk av adverb i teksten. Eksempel som: «...omtrent like mye indirekte», «Konsekvensene med mobbing kan være svært alvorlige» og «Aldersforskjellen på barneskolen er betraktelig større enn» viser at eleven er oppteken av å nyansere og presisere informasjonen han legg fram.

I ein formell fagartikkel er det oftast lite rom for språklege verkemiddel. Eleven har heller ikkje brukt mange. I fjerde avsnitt har eleven nytta somme språklege bilete for å illustrere grunnen til at nokon mobbar: «...finnes det en opplevd «gevinst» ved mobbing» og «...elever kan en «spille ut» en konkurrent». Her samanliknar eleven mobbing med speling og gambling. Han har markert orda med hermeteikn for å vise at dei er brukte medvite.

Når det gjeld føremål og mottakar viser eleven at teksten er meint for allmennheita. At teksten har heller kompleks setningsstruktur, viser at skuleelevar kanskje ikkje er hovudmottakarar av teksten. Teksten liknar mest på ein avisartikkel eller ein artikkel på nettet. Overskrifta «Gutter

mobber mer enn jenter» skaper reaksjonar og interesse for innhaldet i artikkelen. Vidare har eleven valt normalstil, som passar til artikkelsjangeren. Det vil seie at språkbruken i teksten er nært knytt til skriftleg språkbruk i dagleglivet (Skjelbred, 2006).

Meistringsnivå: **M5**

Vurderingsområde 5: **Rettskriving**

- *Meistre ortografisk skriving*
- *Korrekt teiknsetjing*

Eleven skriv generelt bra sidemål (bokmål). Det er få feil, men det er særleg ein feil som går att i teksten. Han skriv *De* med stor bokstav: «En kan få sterke og positive elever til å ta hand om De litt svake og beskytte De.». Dette er ei høflegheitsform i tredje personspronomen, men eleven nyttar det i staden for vanleg fleirtalsform av pronomen i tredje person. Det er vanskeleg å sjå kvifor eleven har valt å skrive det med stor bokstav. Ser ein på heilskapen, må ein oppsummere at eleven skriv godt. Det er mogleg at det er sjangeren og den formelle konteksten som har gjort at eleven har valt høflegheitsforma.

Det er òg andre småfeil i teksten: «Den meste av mobbingen», som er feil val av artikkel. Her er det nok koplinga mellom «den» og «mobbingen» som har forvirra. Ein ser òg preposisjonsfeil, til dømes «Konsekvensene med mobbing». Elles meistrar eleven samanskriving av ord, som er typiske feil i elevtekstar, og andre skrivereglar.

Eleven nyttar punktum, spørsmålsteikn og kolon på riktig måte gjennom teksten. Komma er nytta i oppramsing: «Internett, utestengelse, forskjellsbehandling..» og ved sidestilling av setningar: «Barneskolen består av hele 7 klassetrinn og elever i alderen 6-13 år, og her kan det lett oppstå maktforhold blant de ulike klassetrinnene.». Det vert òg nytta for å markere leddsetning: «Konsekvensene med mobbing kan være svært alvorlige, og fører ofte til både psykiske, fysiske og sosiale skader».

Mestringsnivå: **M4**

Vurderingsområde 6: **Bruk av skriftmediet**

- *Kombinere ulike multimodale uttryksmiddel for å skape heilskap og meining i teksten*
- *Vise korrekt kjeldetilvising*

Overskrifta i teksten er utheva og markert. Ingressen kunne med fordel ha vore markert med feit skrift for å skilje han frå brødteksten. Den første setninga i kvart avsnitt er markert med feit skrift, men kunne i staden ha vore på eiga linje som mellomoverskrift. Teksten har ikkje

bilete. Kulepunkt er nytta i avsnittet om tiltak mot mobbing, som eg vurderer som eit godt verkemiddel. Her viser eleven at han veit det er viktig å gje oversynleg informasjon til lesaren.

Ingressen opnar med forskingsresultat henta frå Olweus: «Hvert eneste år blir 1 av 10 elever i Norge mobbet. Det er omtrent 42.000 elever på landsbasis. I tillegg sier 40% av elevene som har blitt mobbet at De har tenkt på å ta selvmord, i følge forskning fra Olweusgruppen gjort i 2012.» I brødteksten har eleven referert til kjelder to gonger: «...kan en «spille ut» en konkurrent. Sier Tove Falck, ved senter for Atferdsforskning, i et intervju med VG gjort i 2011.» og «...negativ oppførsel i barnehagen som mobbing, sier professor Ingunn Størksen, ved Senter for atferdsforskning ved Universitetet i Stavanger.» I det første sitatet viser eleven til i kva samanheng personen har lagt fram informasjonen. Det gjer han ikkje i det andre sitatet. Eleven har ikkje markert sitatet på nokon måte, utanom å leggje til kven som har sagt det på slutten. Her kunne han med fordel ha nytta replikkstrek eller markert med kursiv eller hermeteikn.

Kjeldene som står sist i artikkelen, er alle henta frå nettstader. Det er ofte dei vanlegaste kjeldene i elevtekstar. Den eksakte internettkjelda er kopiert og limt inn, og dei ulike kjeldene er markerte med kulepunkt. Eleven kunne ha lagt til dato for nedlasting og i kva år kjelda er publisert, for å gje meir presis informasjon.

Meistringsnivå: **M4**

Tekst 2

Figur 3:

Kosttilskot kan føre til kreft og død

Nordmenn handlar for over to milliardar i kosttilskot kvart einaste år, i følge bransjerådet for naturmidlar. Men det mange ikkje veit, er at for mykje antioksidantar gjennom kosttilskot kan vere farleg? Kva er eigentleg antioksidantar, kor mykje skal ein få i seg, og verkar kosttilskot på same måte som vanleg mat?

Antioksidantar beskyttar mot skadelege stoff

Antioksidantar er eit samlenamn på ei lang rekke stoff. Nokre er mineralar, nokre er vitaminer og andre kan vere fargestoff i bær, frukt og grønsaker. I kroppen vår dannast det heile tida små mengder skadelege stoff (frie radikalar) som kan skade celler og vev. Antioksidantene si oppgåve er å forsvare oss mot desse farlege stoffa. Den beste måten å få i seg nok antioksidantar er gjennom å ete frukt og grønsaker, seier kosthaldsekspert, Jeanette Roede, til KK.

Kan vere vanskeleg å få i seg riktig mengde antioksidantar

Til tross for at det finst mykje antioksidantar i frukt og grønsaker, kan det vere vanskeleg å få i seg riktig mengde. Spesielt jern og vitamin D. Difor vel mange å bruke kosttilskot for å dekkje dette behovet. Vi har i utgangspunktet mange gode jernkjelder i vanleg norsk kosthald. Både gjennom grove kornprodukt og alle typar kjøtt (spesielt rødt kjøtt). Det er også mykje jern i ein del grønsaker, nokre meir enn andre. Fordi jern er ein viktig bestandel i hemoglobin, som er blodets raude fargestoff, og som sørger for å oppta oksygen og transportere dei vidare. I tillegg til å oppretthalde surleiksgraden i blodet, vil jernmangel kunne ha ein direkte negativ effekt på vår uthaldenheit. Får ein i seg for lite jern må ein gjere nokre nødvendige grep med kosthaldet. I ein kortare periode kan det være nødvendig med eit tilskot for å få normalisert jernlagerna. Inntak av jerntilskot i en kortare periode vil gje ein positiv effekt på uthaldenheiten vår. Det er midlertidig viktig å påpeike at dette alltid skal skje i samråd med lege og det skal være påvist en jernmangel får man starter me dette. Årsaken til at dette skal gjerast i samråd med lege, og sjekkast med blodprøver, er at for høgt inntak kan få negative konsekvensar som jernforgifting.

I tillegg kan vitamin D vere utfordrande å få i seg på dei nordlige breddegrader. Grunna soleksponering på hud er den viktigaste kjelda til produksjon av vitamin D. I vinterhalvåret når ikkje dei verksame UVB-strålane fram gjennom atmosfæren, og soleksponering bidrar berre til vitamin D i sommarmånadene. Vi ser difor at vitamin D-statusen fell gjennom vinteren og at ein kan utvikle vitamin D-mangel. Det kan difor være lurt å inkludere noen ekstra gode kjelder for vitamin D i haust- og vintermånadene, til dømes tran.

Store mengder av antioksidantar kan føre til kreft og død

Kosttilskot kan innehalde helseskadelege legemidlar utan at dette er merka på pakninga. Innehaldet kan berre avdekkast gjennom analyser. Det seier Mattilsynet, i ein rapport lagt fram 09. Juli 2013.

Ein hører stadig vekk at ein må ete sunt, og få i seg nok antioksidantar, men gjer antioksidantar berre bra for oss? Nei. Som sagt er frie radikalar skumle greier som ein ikkje vil ha. Det er ikkje heilt sant. Kroppen er nok litt meir kompleks enn det. Antioksidantar bryt altså ned dei frie radikalane i kroppen, og dermed beskytt cellene frå å bli brytt ned og skada. Men ikkje alle celler er like ønska i kroppen. Kreftceller til dømes. Dei vil ein ikkje ha, og bryt ein ned alle dei frie radikalane i kroppen, med å proppe i seg antioksidantar av forskjellige typar, svekka ein altså kroppens eiga forsvarsmekanisme mot byrjande kreftsvulstar som dei frie radikalane vanlegvis ville brytt ned.

Mat er betre enn kosttilskot

I ein artikkel som blei publisert av The American College of Sports Medicine i 2009 har dei lagt fram ei kort oppsummering frå nokre av høgdepunkta innan idretts- og ernæringsforskning frå dei siste åra. Her er nokre av høgdepunkta:

- Proteintilskot i form av pulver eller proteinbar gir ikkje betre treningseffekt eller ytterligere muskelbyggjande effekt enn matvarer med riktig næringsinnhald
- Løparar som inntok frukt og bær, hadde færre muskelsmerter enn kontrollgruppa
- Syklistar som fekk i seg solbærekstrakt før løp hadde god effekt av dette, og opplevde mindre oksidativt stress
- Matvarer med riktig samansett næringsinnhald gir betre helseeffekt enn kosttilskot. I ein studie der høge doser med tilskot av vitamin C, A, E og selen vart gitt i seks veker før løp, fant forskerane ingen positiv effekt

- Ein kan spare pengar på å kjøpe vanleg sjokolademelk etter trening framfor ei kostbar restitusjonsdrikke. Ei studie som samanlikna desse to drikkene fant ut at restitusjonsdrikken ikkje gav noko betre effekt

Korleis burde ein ete/drikke?

Bytt ut dagens få, store måltider med få mindre. Få og store måltider gjer at kroppen ikkje klarer å ta i bruk alle kaloriane, og kalorioverskotet vert vidare gjort om til feitt. Dersom det går for lang tid mellom måltida vert blodsukkeret lavt, og ein får meir lyst på søtsaker og gjer dårlege matval for å døyve svolten.

Derimot kan fleire regelmessige måltider gjennom heile dagen bidra til å få ein jamn tilførsel av energi, og halde blodsukkeret stabilt. Slik oppretthald ein forbrenninga gjennom dagen og ein redusera feittlagringa. I tillegg bidrar det til å redusere slappheit og svolten samtidig som det aukar konsentrasjonen.

Fleire regelmessige måltid kan innehalde dei fire vanlege hovudmåltidene, i tillegg til to små mellommåltider. Hovudmåltida skal ikkje vere for store. På den måten vil det totale kaloriinntaket frå fleire måltid per dag, heller ikkje verte noko større.

I ein hektisk kvardag med jobb eller skule kan ein lett tenkje at det er vanskeleg å ete mange, små og regelmessige måltid. Men det er ikkje nødvendigvis sant. Dei små mellommåltida kan vere noko så lite som eit eple, smoothie eller ein yoghurt. Kven som helst kan klare det, berre ein lagar seg ei rutine på det.

Kjelder:

- <http://nhi.no/forside/kort-om-trening-og-ertering-35158.html>
- <http://www.kk.no/helse/ikke-ta-mye-av-dette-19101>
- <http://www.trening.no/kosthold/14590.o2.html>
- <http://www.skoleforum.com/artikkel/det.aspx?id=2387>
- <http://www.osloby.no/sprek/Mattilsynet---Kosttilskudd-kan-fore-til-helseskader-7251495.html#.UwEtP0J5Mbp>
- <http://tjomlid.com/2013/02/04/antioksidanter-en-moderne-helsemyte/>

4.2.2 Analyse av tekst 2

Vurderingsområde 1: Kommunikasjon

- Overskrift
- Kommunikasjon med eventuell lesar
- Rolle som skrivar knytt til sjanger og skrivemåte

Overskrifta «Kosttilskot kan føre til kreft og død» kan på mange måtar samanliknast med overskrifta i den første teksten. Den kan likne på ein påstand og treng legitimering. Lesaren reknar med å få det i teksten, og det skapar leselyst og interesse. Ved å bruke ordet «kan» i overskrifta har eleven valt å halde att litt.

Overskrifta heng godt saman med innhaldet i teksten. Ei av mellomoverskriftene i teksten er: «**Store mengder av antioksidantar kan føre til kreft og død**», som viser direkte til overskrifta. Elles handlar teksten om at antioksidantar frå mat er betre enn frå kosttilskot, som indirekte heng saman med overskrifta.

I denne teksten, som den førre, viser eleven gjennom overskrifta at han har ei stor gruppe lesarar i tankane. Her er det nok personar som er interessert i kosthald og trening som er målgruppa.

Ingressen presenterer kva teksten handlar om: «Men det mange ikkje veit, er at for mykje antioksidantar gjennom kosttilskot kan vere farleg? Kva er eigentleg antioksidantar, kor mykje skal ein få i seg, og verkar kosttilskot på same måte som vanleg mat?». Starten av ingressen fortel kva eleven vil med artikkelen. Målet er å opplyse den tenkte lesargruppa om temaet. I og med at ordet kosttilskot er nemnt både i overskrifta og resten av teksten, er det rimeleg at modell-lesaren er interessert i trening og kosthald. På same vis som førre teksten, er denne teksten meint for ei anna målgruppe enn berre medelevar.

Eleven inkluderer seg sjølv som mottakar av teksten, saman med lesaren. Han gjer det ikkje direkte, men indirekte ved å etablere seg som ein del av fellesskapen. Ein ser fleire døme på dette: «I kroppen vår...», «...å forsvare oss mot...» og «men gjer antioksidantar berre bra for oss?». Det er ein måte å trekkje modell-lesaren inn i teksten på, slik at han får eit nærare forhold til innhaldet. Eleven at dette omhandlar alle, ikkje berre nokre.

Informasjonen er faktabasert og lagt fram for å opplyse lesaren. Eleven ser ut til å meistre ei sakleg, objektiv framstillingsform. Eleven fremjar ikkje sine egne meiningar. Derimot har eleven lagt fram kva ekspertar på ulike områder seier, noko eg skal kome tilbake til seinare i analysen.

Meistringsnivå: **M5**

*Vurderingsområde 2: **Innhald***

- *Presentere og utdjupe eit innhald som er tematisk relevant, til dømes for det fagområdet ein skriv*
- *Tilpasse mengda av innhald til det teksten handlar om*
- *Presentere egne og andre sine førestillingar, erfaringar og synspunkt på ein utdjupe måte*

Eleven har valt ganske lik framgangsmåte som i førre oppgåve i innleiinga. Han startar med ei overskrift som skapar interesse og leselyst. Vidare avsluttast ingressen med to spørsmålsteikn, sjølv om det eine ikkje kan reknast som eit spørsmål: «Men det mange ikkje veit, er at for mykje antioksidantar gjennom kosttilskot kan vere farleg?». Det neste spørsmålet inneheld i og for seg tre ulike spørsmål: «Kva er eigentleg antioksidantar, kor mykje skal ein få i seg, og verkar kosttilskot på same måte som vanleg mat?». Her fortel eleven oss lesarar kva teksten skal handle om. I starten av sjølvve teksten forklarar eleven utgangspunktet til overskrifta, i den første mellomoverskrifta: «Antioksidantar beskyttar mot farlege stoff». Her skriv han om kva antioksidantar er for noko, kva dei gjer i kroppen og korleis ein får dei i seg.

Fagfeltet til teksten kan seiast å vere kosthold og trening. Teksten er mynta på dei som er interesserte i dette, og innhaldet må seiast å vere relevant for feltet. Under tredje mellomoverskrift «Store mengder av antioksidantar kan føre til kreft og død» tek eleven føre seg hovudtemaet for teksten, nemleg kvifor det kan vere farleg. I dette avsnittet presenterer eleven ganske lite informasjon, i grunn berre to linjer: «Kosttilskot kan innehalde helseskadelege legemidlar utan at dette er merka på pakninga. Innehaldet kan berre avdekkast gjennom analyser. Det seier Mattilsynet, i ein rapport lagt fram 09. Juli 2013.». Vidare skriv eleven at det er farleg å få i seg for mykje antioksidantar. Avsnittet før har mellomoverskrifta: «Kan vere vanskeleg å få i seg riktig mengde antioksidantar», og her skriv eleven at det ofte er vanskeleg å få i seg nok, og at det difor er mange som vel å bruke kosttilskot. Det er med andre ord noko motstridande informasjon som vert lagt fram, som er grunnlag for mistydingar hos lesaren.

I avsnittet som handlar om at mat fungerer betre å bruke enn kosttilskot, er det vist til ulike forskingsresultat presentert i ein artikkel *The American College of Sports Medicine*. Den siste mellomoverskrifta og avslutninga av artikkelen handlar om korleis ein bør ete og drikke. Dette verkar som relevant informasjon ut frå at modell-lesaren alt er etablert som ein som er oppteken av kosthald og trening.

Det står det lite om korleis og kvifor kosttilskot kan føre til død i teksten. Ut i frå overskrifta er det difor tvilsamt om eleven har svara godt på oppgåva. Men om ein ser kosthald som eit overordna tema kan ein seie at det er eit godt svar. Eleven fokuserer på kva antioksidantar er for noko, kor mykje ein skal få i seg, og kva som er riktig kosthold ut i frå det. Han konkluderer med at vanleg mat fungerer betre enn kosttilskot, og prøver å overtale lesaren om at det er det beste alternativet. Den første linja i artikkelen er: «Nordmenn handlar for over to

milliardar i kosttilskot kvart einaste år, i følgje bransjerådet for naturmidlar.» Dette kan såleis sjåast som grunnproblemet i artikkelen.

Med fordel kunne eleven ha skrive meir om kosttilskot. Teksten saknar eksempel eller forklaring på kva kosttilskot det er snakk om. Proteintilskot vert nemnt, men berre i eit kulepunkt frå ein annan artikkel: «Proteintilskot i form av pulver eller proteinbar gir ikkje betre treningseffekt eller ytterligare muskelbyggjande effekt enn matvarer med riktig næringsinnhald». Med eksempelbruk eller utdjujingar her hadde nok oppgåva svara betre på det temaet som eleven har valt å fokusere på.

Eleven meistarar å halde framstillinga objektiv. Det er ikkje vanskeleg å sjå kva han meiner om temaet, gjennom vektlegginga av stoffet, men likevel er informasjonen nøytral og belagt av kjelder. Under den første mellomoverskrifta, «Antioksidantar beskyttar mot skadelege stoff», kan ein likevel sjå teikn til skrivaren i framstillinga: «I kroppen vår dannast det heile tida små mengder....», «Antioksidantar si oppgåve er å forsvare oss mot desse farlege stoffa». Her ser ein at med bruken av «vår» og «oss» tek eleven med seg sjølv i sin omtale av kroppen, som han gjorde i tekst 1. Det kan gje lesaren eit større eigarforhold til teksten.

Eleven har nytta nokre sitat frå viktige kjelder. Ingressen liknar mykje på ingressen i den førre oppgåva. Her òg startar eleven med eit sitat for å setje artikkelen i perspektiv: «Nordmenn handlar for over to milliardar i kosttilskot kvart einaste år, i følgje bransjerådet for naturmidlar.» Eleven legg slik fram bakgrunnen for at han har skrive om dette temaet, nemleg at svært mange nordmenn nyttar kosttilskot. Vidare parafraserer eleven kosthaldsekspernten Jeanette Roede: «Den beste måten å få i seg nok antioksidantar er gjennom å ete frukt og grønnsaker», står det i slutten av første avsnitt.

Når eleven skal grunngje kvifor kosttilskot kan vere helseskadeleg, nyttar han ein rapport frå Mattilsynet som direkte kjelde i teksten. Det er ei relevant kjelde, men informasjonen fortel heller lite. Her kunne han ha nytta kjelda meir medvite og grundig.

Den siste mellomoverskrifta i teksten er: «Korleis burde ein ete/drikke?». Dette avsnittet inneheld tips og ei forklaring av kva som er eit sunt dagleg kosthald. Her har ikkje eleven vist direkte til kjelder, så truleg er dette eleven sine tips. Det kan fungere, men det kan òg hende at tipsa hadde vorte betre tekne i mot av lesaren om eleven hadde brukt faglege kjelder her.

Meistringsnivå: **M4**

Vurderingsområde 3: **Tekstoppygging**

- *Komponere og strukturere teksten på ein formålstenleg måte*
- *Meistre avsnitt som organiseringsprinsipp*
- *Bruke varierte koplingsmarkørar for å uttrykkje samanheng i teksten*

I skjønnlitterære tekstar kan ein byggje opp tekstar kronologisk, medan det er andre strukturingsprinsipp som oftast må nyttast i ein fagartikkel. I den førre teksten såg ein at eleven nytta spørsmål *kva*, *kven/kvar* og *korleis*. Dette fungerte godt for teksten om mobbing der eleven svara på spørsmål som han sjølv stilte i ingressen.

Mykje av det same ser ein i denne teksten, ettersom eleven avsluttar ingressen med nokre spørsmål. Her legg han grunnlaget for oppbygginga av resten av innhaldet. Ingressen spør: «Kva er eigentleg antioksidantar», «kor mykje skal ein få i seg» og «verkar kosttilskot på same måte som vanleg mat»? Svara på desse tre spørsmåla utgjer nesten heile artikkelen. I tillegg til å svare på desse spørsmåla legg eleven til informasjon om kva eit sunt kosthald inneheld mot slutten av artikkelen.

Første del av artikkelen gjev svar på *kva*. Eleven forklarar kva antioksidantar er og kva dei gjer i kroppen. Vidare fortel han at det kan vere vanskeleg å få i seg riktig mengd. Her held eleven fram å fortelje om *kvifor* mange vel å nytte kosttilskot og *kvifor* antioksidantar er viktige: «...jern er ein viktig bestandel i hemoglobin, som er blodets raude fargestoff, og som sørger for å oppta oksygen og transportere dei vidare», dessutan «Inntak av jerntilskot i en kortare periode vil gje ein positiv effekt på uthaldenheiten vår».

Vidare får vi vite at mat er betre enn kosttilskot, og vi får vite kva eit sunt kosthald kan innehalde. Her kan ein seie at eleven svarar på *korleis*. Såleis er *kva*, *kvifor* og *korleis* nytta som strukturering av innhaldet i begge tekstane.

Teksten er delt inn i fem mellomoverskrifter, utanom hovudoverskrifta og ingressen. Det er 11 avsnitt i teksten. Ein ser same type avsnittsstruktur som i tekst 1, nemleg at dei fleste overskriftene er tema for det som kjem i avsnittet under. Altså er òg dette typisk *tema-remapoppbygging*. Det er likevel ikkje like gjennomført i denne teksten. I førre tekst starta kvart avsnitt med feit skrift, som tydeleg var ny informasjon. Her er det nytta meir generelle mellomoverskrifter.

Det er noko ulik lengd på avsnitta. Det største problemet er avsnittet som fortel at kosttilskot kan vere helseskadeleg. Ut frå overskrifta til artikkelen bør dette avsnittet utdjupe og forklare meir. Overskrifta fortel at det er innhaldet i dette avsnittet som er det sentrale, og då er det problematisk at det er så kort.

Under siste mellomoverskrift, i avsnittet som handlar om tips til kosthald, er framstillinga delt inn i fire korte avsnitt. Desse kunne vore slått saman til to avsnitt, fordi alle fortel om kor mange måltid ein bør ete og kva dei bør innehalde.

Eleven etablerer samanheng i teksten gjennom koplingsmarkørar. Sitatet: «...små mengder skadelege stoff (frie radikalar)(...) Antioksidantar si oppgåve er å forsvare oss mot desse farlege stoffa» er henta frå det første avsnittet. Informasjonen er framstilt gjennom to setningar, men her er grammatisk referansebinding. Samtidig kan ein òg seie at det er ei leksikalsk binding – *skadelege stoff* er omformulert som *farlege stoff*. I avsnittet om Vitamin-D, det tredje avsnittet, ser ein at eleven har nytta ordet *Vitamin D* mange gonger. Det er vanskeleg å seie kvifor, men mest sannsynleg er det fordi han fann det vanskeleg å bytte ut ordet med eit passende pronomen. Uansett kan ein seie at det er ei form for leksikalsk referansebinding i avsnittet: «Vi ser difor at vitamin D-statusen fell gjennom vinteren og at ein kan utvikle vitamin D-mangel.». Orda er ikkje heilt like her, men i heile avsnittet er ordet brukt seks gonger, og avsnittet heng såleis saman gjennom referansebindingar.

Meistringsnivå: **M5**

Vurderingsområde 4: **Språkbruk**

- *Byggje opp komplekse og varierte setningar*
- *Bruke eit relevant, variert og nyansert ordtilfang, òg fagomgrep*
- *Bruke varierte skriftlege verkemiddel*
- *Ha ein klar skriftleg stil i forhold til medium, mottakar og føremål*

Eleven har variert bruken av komplekse og enkle setningsar. Eit eksempel på det frå teksten er: «Fordi jern er ein viktig bestandel i hemoglobin, som er blodets raude fargestoff, og som sørgjer for å oppta oksygen og transportere dei vidare.». Her kunne eleven ha skrive det som var poenget rett fram, men vel å forklare kva hemoglobin er for noko, slik at lesaren skal forstå. Han gjer ein, i utgangspunktet kompleks setning, enklare å forstå.

Teksten inneheld mange ord som grunngjev og nyanserer temaet. Store delar av teksten handlar om antioksidantar og her varierer eleven både informasjon og ordbruk. Nokre eksempel er: «Antioksidantar er eit samlenamn på ei lang rekke stoff», «Nokre er mineralar, nokre er vitaminar og andre kan vere fargestoff i bær....». I tillegg fortel eleven mykje om jern og vitamin D som òg er antioksidantar. Her ser ein at eleven utdjupear kva omgrepet *antioksidantar* er for noko, og viser til ulike typar antioksidantar som gir teksten variasjon. I tekst 1 om mobbing refererer eleven og mest truleg dei fleste lesarane til skulen, slik at det

vert ekstra viktig at eleven skriv slik at både unge og eldre lesarar vil forstå. Denne teksten inneheld fleire fagspesifikke og dermed «vanskelege» omgrep som «frie radikalar», «hemoglobin», «jernforgifting» og «kosttilskot». Eleven forklarar kva «frie radikalar» er, og det same gjer han med «hemoglobin». Andre fagomgrep vert ikkje eksplisitt forklarte. Eleven reknar altså med ein innforstått lesar.

Det viktigaste for eleven er å forklare kva antioksidantar er, at det er vanskeleg å få i seg riktig mengd og at det er unødvendig å nytte kosttilskot. Uttrykket kosttilskot nyttar eleven gjennom heile teksten, og det finst òg i overskrifta. Eleven kunne nok ha utdjupa ordet meir og gitt fleire eksempel på kva typar kosttilskot det er snakk om, til dømes ved eit eige avsnitt om ulike kosttilskot og kanskje om kva som er vanleg å bruke knytt til kosthald og trening.

Med godvilje kan ein seie at eleven har nytta besjeling i teksten, i første avsnitt etter ingressen: «Antioksidantane si oppgåve er å forsvare oss mot desse farlege stoffa.».

I femte avsnitt skriv eleven om kvifor store mengder antioksidantar kan føre til kreft og død. Her har han valt eit noko meir munnleg språk, samanlikna med ordbruken elles i teksten. Nokre døme kan vere: «...men gjer antioksidantar berre bra for oss? Nei. Som sagt er frie radikalar skumle greier som ein ikkje vil ha. Det er ikkje heilt sant.» og «Dei vil ein ikkje ha, og bryt ein ned alle dei frie radikalane i kroppen, med å proppe i seg antioksidantar av forskjellige typar...». Her bruker eleven daglegdagse ord og formuleringar som «skumle greier» og «proppe i seg» samtidig som at han svarar direkte på det han skriv: «...berre bra for oss? Nei.» og «Det er ikkje heilt sant.». Kanskje viser eleven sitt engasjement i temaet i dette avsnittet? Ved bruk av daglegdagse uttrykksformer engasjerer han lesaren og viser samtidig at han står nær tematikken. Innhaldet er altså språkleg tilpassa ein allmenn lesar som er interessert i temaet.

Eleven legg fram informasjonen tilsynelatande objektivt, og har trekt inn kjelder og sitat frå andre personar i staden for å leggje fram si eiga meining. Kanskje burde eleven ha vist direkte til kjelder i femte avsnitt òg, der han svarar direkte på nokre av spørsmåla sine. Men når ein les teksten, ser ein ikkje på det som eleven sine eigne meiningar. Med bruk av varierte og gode fagomgrep, forklaringar og eksempel, treffer han sjangeren fagartikkel.

Meistringsnivå: **M5**

Vurderingsområde 5: **Rettskriving**

- *Meistre ortografisk skriving*

- *Korrekt teiknsetjing*

Teksten er skriven på eleven sitt hovudmål, nynorsk. Det er ikkje mange rettskrivingsfeil som går att. Eleven meistrar altså hovudmålet sitt godt. Ein lik feil viser seg derimot to plassar i teksten: «...man starter me dette.» i andre avsnitt og «...svekka ein altså kroppens eiga...» i femte avsnitt. I det første dømet ser ein bortfall av ending i ordet «med», medan i det andre dømet ser ein at verbet manglar –er ending i presens. Det er ein vanleg bøyingsfeil, og i dette tilfellet kan dei begge hengje saman med dialekten.

Teiknsetjinga i teksten er god. Eleven nyttar ofte komma i teksten, men gjer det korrekt. Han har nytta det ved oppramsing, «Nokre er mineralar, nokre er vitaminer og andre kan vere fargestoff i bær, frukt og grønnsaker.» og ved innskot: «Årsaken til at dette skal gjerast i samråd med lege, og sjekkast med blodprøver, er at for høgt inntak kan få negative konsekvenser...». Vidare har eleven nytta komma ved leddsetningar: «Men det mange ikkje veit, er at for mykje antioksidantar gjennom kosttilskot...» og ved bruk av ordet *men*, altså ved motsetning: «Ein hører stadig vekk at ein må ete sunt, og få i seg nok antioksidantar, men gjer antioksidantar berre bra for oss?».

I denne teksten, som i den førre, avsluttar eleven ingressen med nokre spørsmål som viser kva teksten skal handle om vidare. Men han har lagt inn eit spørsmålsteikn etter ei setning som ikkje er eit spørsmål: «Men det mange ikkje veit, er at for mange antioksidantar gjennom kosttilskot kan vere farleg?». Dette gjer nok eleven for å markere at dette er ei problemstilling som skal svarast på av artikkelen.

Meistringsnivå: **M5**

*Vurderingsområde 6: **Bruk av skriftmediet***

- *Kombinere ulike multimodale uttrykksmiddel for å skape heilskap og meining i teksten*
- *Vise korrekt kjeldetilvising*

Overskrifta er utheva og med større skrift enn resten av teksten. Ingressen er markert med feit skrift, og eleven har lagt inn byline. Mellomoverskrifter er markerte med feit skrift og plasserte over resten av teksten. Her, som i førre tekst, har eleven nytta kulepunkt i det eine avsnittet på ein god måte. Han legg fram relevante moment frå ein artikkel, som lesaren då oppfattar som dei viktigaste opplysningane herfrå. Avsnitta er oversiktlege. Eleven kunne med fordel ha lagt inn bilete, for å ha grafiske eksempel og for å auke det visuelle intrykket av temaet for teksten.

I kjeldelista fører eleven opp internettadresser. Han har nytta fleire ulike linkar, som gjer teksten meir påliteleg. Dei manglar nedlastingsdatoar, som førre tekst òg gjorde.

I teksten har han vist direkte til kjelder fire ulike stader. Han startar ingressen med: «Nordmenn handlar for over to milliardar i kosttilskot kvart einaste år, i følgje bransjerådet for naturmidlar.» Dette er opninga i artikkelen, som skaper merksemd hos lesaren med ein gong. Elles har eleven altså nytta eit sitat frå kosthaldseksperter Jeanette Roede i første avsnitt: «Den beste måten å få i seg nok antioksidantar er gjennom å ete frukt og grønnsaker, seier kosthaldseksperter, Jeanette Roede, til KK.» Å vise til kjelder i teksten aukar truverdet, særleg viktig synest dette å vere i fagartiklar som så tydeleg baserer seg på forskning.

Meistringsnivå: **M4**

4.2.3 Komparativ oppsummering av Elev 1 sine to tekstar

Eleven har samla sett skrive to gode fagartiklar. Begge tekstane ligg på eit høgare meistringsnivå på alle forventingsnormene enn det meistringsnivået ein kan forvente seg, som er 3. Tekst 2, den interessestyrte, har betre meistringsnivå på vurderingsområda *kommunikasjon og rettskriving og teiknsetjing*.

Kommunikasjonen med lesaren er tydelegare i tekst 2. Målgruppa er lettare å definere. Eleven inkluderer lesaren med bruk av ordet *vi* på ein tydelegare måte, og innretninga i artikkelen er tydeleg retta mot lesarar med interesse for temaet. Overskrifta og mellomoverskriftene i teksten heng tydelegare saman med resten av innhaldet enn i tekst 1.

Det er færre skrivefeil i tekst 2, og feila gjentek seg ikkje slik som i tekst 1. At feila som er kommenterte i tekst 1 gjentek seg fleire gonger, understrekar at det er eit problemområde. Tekst 2 har òg nokre feil, men dei fleste førekjem berre ein gong. Begge tekstane er relativt velskrivne med få feil.

4.3 Elev 2

Tekst 1

Figur 4:

Skolene må ta grep om mobbing i skoletiden!

Skolene har ikke tatt mobbing alvorlig nok. Dere burde begynne å observere de heilt til de er små, og det er viktig å informere skolen, helsesøstera og de nærmeste om du legger merke til noen som blir mobba. En del mobbing foregår i skolegården. Både psykisk og fysisk



(<http://www.hihm.no/Hovedsiden/Om-Hoegskolen/Nyheter/2010/Mobbing-i-skolen> bildet)

På en del skoler så er det mobbing, stor del av alle skolene kjemper for at mobbing ikke skal være noe problem. Men på noen skolen tror rektor og lærarane at det ikke er noe mobbing, men de er de. En del av ungene tørr ikke seier ifra, og det er ikke noe bra. Det er og veldig mange som tørr men de vil ikke sei ifra, for de er redd for at det skal bare gjøre ting enda verre en det de allerede er.

Noen mener at de burde opprette grupper for å fortelle og vise hvordan ungene må være mot hverandre på skolegården, og på fritiden. Men for at det skal gå må de trenge støtte og hjelp fra skolen, rektor og helsesøstera. Helsesøstera burde begynne å være mye mer aktiv i sånne saker som mobbing, det er såpass alvorlig. Det er og mange som ikke vil snakke med helsesøstera, om de ikke vil snakke med helsesøstera er det lurt at de som observere deg ,som eleven, gå å få tak i hjelp gjennom hun/han.

Det er forska på at de som blir mobber, tar da og mobber andre igjen. Og det er ikke noe bra i det heile tatt. Det er mange som ikke vil gå på skolen for det er en kvie å tenke på alt det som vil skje på skolegården og hun/han kommer på skolen. Så det er en del som skulker skolen for at de skal sleppe den psykiske mobbinga og den fysiske.

Jentene kan komme med sleng kommentarer ,mens guttene er mer fysiske. For jentene kan de godt komme med kommentarer som handler om utsende og væremåten til den jenta som de mobber. Mens gutter er mye mer fysiske, blant er det en del gruppepress, mange klarer ikke være seg selv men det er fordi de er redd for at de skal gå på angrep på de.

Lærarane burde allerede begynne å observere når de er begynt i 1.klasse. Til mer oppsyn de små barna vil få til mindre vil det blir. Men det er også foreldra sine ansvar på hvordan de lærar opp ungene sine til å være mot hverandre. Og foreldra må og hugs og observere hvordan skole dagen til ungen deiras har vært så de kan være litt observerte på korleis de har hatt det og har det.

Det er mangan nå i dag som er psykisk skada for livet fordi de har blitt mobba når de var mindre, sliter med angst og desperasjon og med selvbildet sitt. Det er og mangen som vil da ta selvmord etter at de er blitt mobba i så mange år.

4.3.1 Analyse av tekst 1

Vurderingsområde 1: **Kommunikasjon**

- *Overskrift*
- *Kommunikasjon med eventuell lesar*
- *Rolle som skrivar knytt til sjanger og skrivemåte*

Overskrifta «Skolene må ta grep om mobbing i skoletiden!» er ein sterk appell. Faren er at teksten ser ut som ein annan sjanger, nemleg eit lesarinnlegg eller ein debattartikkel. Den viser at eleven bryr seg mykje om temaet og mest sannsynleg meiner at skulen ikkje gjer eit godt

nok arbeid. Vidare skapar overskrifta interesse og leselyst hos lesaren. Overskrifta fortel oss tydeleg at teksten handlar om mobbing i skuletida. Ho heng saman med innhaldet i teksten, men er subjektiv, og passar slik sett dårleg til fagartikkelsjangeren.

Eleven framstår altså som engasjert i temaet. I ingressen står det: «Dere burde begynne å observere de heilt til de er små, og det er viktig å informere skolen, helsesøstra og de nærmeste om du legger merke til noen som blir mobba.». At han skriv *dere* og viser til observasjon tyder på at det er lærarar han meiner. Men vidare i setninga skriv han at det er viktig å informere skulen om ein legg merke til at nokon vert mobba. Då verkar det som om *dere* betyr elevar eller andre utanfor. Pronomenet *du* viser direkte til lesaren. Eleven rettar ein peikefinger mot lesaren og fortel kva han må gjere. Det er vanskeleg å vurdere om *du* her er meint som ein allmenn lesar, eller om det er lærarar eller elevar som er meint.

Nokre setningar i teksten er relativt vage, som her i andre avsnitt: «Noen mener at de burde opprette grupper...» og i tredje avsnitt: «Det er forska på at de som blir mobber...». Generelt går eleven litt lite inn på det han fortel om, slik at kommunikasjonen med lesaren vert vanskeleg: «Mens gutter er mye meir fysiske, blant er det en del gruppepress, mange klarer ikke være seg selv men det er fordi de er redd for at de skal gå på angrep på de.». Intensjonen med teksten ser ut til å vere at skulen må ta mobbing meir på alvor. Stort sett er det dét eleven konsentrerer seg om òg, men han går for lite i detalj, slik ein ser i femte avsnitt: «Lærarane burde allerede begynne å observere når de er begynt i 1.klasse.». Her treng ein noko meir informasjon om kva observasjonen inneber.

I overskrifta og ingressen er eleven synleg og subjektiv. Overskrifta viser at eleven har ein kritikk av skulen si handtering av mobbing. Ved bruk av utropsteikn forsterkar han ytring si. Ved å bruke *dere* og *du* i ingressen peikar eleven på lesaren frå sin ståstad. At han har valt denne ståstaden, i staden for å inkludere seg sjølv i målgruppa, viser at han ser rolla si som opplysar og rådgjevar.

Vidare har teksten òg fokus på å informere lesaren. Det er noko faktainformasjon, men det vert lagt fram som eleven si tolking av informasjonen, som i femte avsnitt: «Men det er også foreldra sine ansvar på hvordan de lærar opp ungene sine til å være mot hverandre. Og foreldra må hugs og observere hvordan skole dagen til ungen deiras har vært...». Det er tydeleg at eleven har som mål å informere, noko som er sjangeradekvat. Det er likevel vanskeleg å sjå kven som er målgruppa og kva rolle eleven som skrivar har.

Meistringsnivå: **M2**

Vurderingsområde 2: **Innhald**

- *Presentere og utdjupe eit innhald som er tematisk relevant, til dømes for det fagområdet ein skriv*
- *Tilpasse mengda av innhald til det teksten handlar om*
- *Presentere eigne og andre sine førestillingar, erfaringar og synspunkt på ein utdjupa måte*

Overskrifta og ingressen fortel oss at «Skolene har ikke tatt mobbing alvorlig nok.». I første avsnitt skriv eleven: «På en del skoler så er det mobbing, stor del av skolene kjemper for at mobbing ikke skal være noe problem.». Ein kan seie at eleven motseier seg sjølv noko her. Men vidare i første avsnitt står det: «Men på noen skolen tror rektor og lærarane at det ikke er noe mobbing, men de er de.». Ein ser her at eleven nok har éin eller nokre skular i tankane, men prøver å gjere det om til ei meir generell tilnærming (les: overskrifta og ingressen). Det kan sjåast som ein påstand, og treng difor noko meir utdjuping.

Eleven fokuserer på å opplyse, informere og gje råd til lesaren eller allmennheita. Det er i tråd med fagartikkelsjangeren. Men han går ikkje grundig nok inn i informasjonen han legg fram. Det ser ein eit eksempel på i andre avsnitt: «...de burde opprette grupper for å fortelle og vise hvordan ungene må være mot hverandre på skolegården, og på fritiden. Men for at det skal gå må de trenge støtte og hjelp fra skolen, rektor og helsesøstra.». Tanken med grupper er interessant, men kven er *de* det er snakk om her? Ein treng tydelegare og grundigare informasjon slik at lesaren ikkje misforstår.

«Skolene må ta grep om mobbing i skoletiden!» fortel ganske greitt kva artikkelen til eleven handlar om. Ut i frå overskrifta er det rimeleg å forvente informasjon om kva skulane må gjere, og kanskje kva dei ikkje gjer eller gjer feil. Kommunikasjon er eit underforstått nøkkelord i teksten. Eleven fortel at det er vanskeleg å seie i frå om ein ser eller opplever mobbing: «En del av ungene tørr ikke seier ifra, og det er ikke noe bra.», «Det er og mange som ikke vil snakke med helsesøsteren...», «Så det er en del som skulker skolen for at de skal slippe den psykiske mobbinga og den fysiske.». Når det gjeld kva skulen må gjere av tiltak, trekkjer eleven fram kommunikasjon og observasjon, dessutan at lærarane må starte med observasjon i 1. klasse.

Ein kan òg velje å sjå på overskrifta og ingressen som ein slags vekkjar for lesaren. Dei skal skaffe merksemd. Når ein så les artikkelen, verkar det som at målet for eleven er å leggje fram litt fakta, informere om korleis situasjonen kring mobbing er i dag, og gje nokre tips om korleis det kan verte betre. Teksten manglar eit tydeleg fokus, og kan verke noko svevande.

Eleven legg altså fram sine meiningar i overskrifta og i ingressen. Gjennom heile teksten kjem eleven med råd og oppfordringar: «Helsesøstera burde begynne å være mye meir aktiv i sånne saker som mobbing...», «...om de ikke vil snakke med helsesøsteren er det lurt at de som observerer deg, som eleven, gå å få tak i hjelp...», «Og foreldra må og hugs og observere hvordan skole dagen til ungen deiras har vært...». Skrivemåten og ordvala gjer at det ser ut som at det er eleven sjølv sine råd. Det er hovudgrunnen til at det er uklart kva for rolle eleven meiner han sjølv har i teksten, og kven som eigentleg er målgruppa.

Eleven har brukt to kjelder, om ein legg godviljen til: «Noen mener at de burde opprette grupper...» og «Det er forska på at de som blir mobber...». Vel, dette er no eigentleg ikkje kjelder. Eleven har teke med andre sine førestillingar, men har altså ikkje oppgjeve kven som har sagt det.

Meistringsnivå: **M2**

Vurderingsområde 3: **Tekstoppygging**

- *Komponere og strukturere teksten på ein formålstenleg måte*
- *Meistre avsnitt som organiseringsprinsipp*
- *Bruke varierte koplingsmarkørar for å uttrykkje samanheng i teksten*

Overskrifta til artikkelen fortel oss at skulane må ta meir grep om mobbing. Eleven held seg stort sett innanfor temaet. Det første avsnittet startar med eit blick på situasjonen ute i skulane: «På en del skoler så er det mobbing, stor del av skolene kjemper for at mobbing ikke skal være noe problem.». Vidare i avsnittet nemner eleven nokre skular, eller ein spesifikk utan namn, som ikkje gjer det: «Men på noen skolen tror rektor og lærarane at det ikke er noe mobbing, men de er de.». Det er tydeleg at nettopp dette er viktig for eleven, og at det er hovudpoenget med artikkelen.

I andre avsnitt fortel eleven om eit tiltak som nokon meiner fungerer mot mobbing. Dette avsnittet er noko malplassert i komposisjonen. I og med at det her er snakk om tiltak og verkemiddel, hadde det nok passa betre mot slutten av artikkelen. Tredje og fjerde avsnitt handlar om mobbing – og kva det går ut på. Desse passar som ein slags midtdel.

Femte og sjette avsnitt er plasserte på slutten av artikkelen, der dei verkar mest relevante. Det femte avsnittet handlar om at lærarar og foreldre må observere barna betre, altså tiltak. Det var nok her avsnitt nr. 2 òg skulle ha vore plassert. Det sjette er ei avrunding av artikkelen: «Det er mangan nå i dag som er psykisk skada for livet fordi de har blitt mobba når de var mindre...». Det er relatert til temaet og den kvasse overskrifta.

Teksten inneheld seks avsnitt utanom ingressen. Lengda på avsnitta er ganske lik. Det fortel oss med første augekast at alle avsnitta er like viktige. Elles treng framstillinga fleire utdjupingar og konkretiseringar for å kommunisere med lesaren. I det fjerde avsnittet, som fortel om mobbinga, fortel eleven om forskjellane mellom jenter og gutar: «Jentene kan komme med sleng kommentarer, mens guttene er meir fysiske.». Her er det lite for grunngevinga for ein så pass kontroversiell påstand om at det er så tydeleg skilje mellom gutar og jenter.

Eleven meistarar å starte eit nytt avsnitt på riktig tidspunkt. Starten på alle avsnitta inneheld ny informasjon. I fleire av avsnitta gjentek eleven at det er mange som ikkje torer å seie i frå, anten dei vert mobba eller observerer mobbing. Dette poenget burde kanskje vere organisert som eit eige avsnitt.

Det er brukt nokre koplingsmarkørar i teksten, som i det første avsnittet: «På en del skoler så er det mobbing, stor del av alle skolene kjemper for at mobbing ikke skal være noe problem.». Ved å bruke ordet *mobbing* to gonger her, understreker eleven viktigheita av ordet. Eleven nyttar det ordet mange gonger i teksten, slik at det tydeleg viser kva som er tema. Samtidig kan bruken av ordet verke masande og gje lite variasjon.

Eleven bruker ordet *de* som koplingsmarkør fleire plassar i teksten, men med hell og uhell, som her, «Noen mener at de burde opprette grupper...», og her «Lærarane burde allereie begynne å observere når de er begynt i 1. klasse.». Her er det tekstbindings/-referansefeil.

Meistringsnivå: **M3**

Vurderingsområde 4: **Språkbruk**

- *Byggje opp komplekse og varierte setningar*
- *Bruke eit relevant, variert og nyansert ordtilfang, òg fagomgrep*
- *Bruke varierte skriftlege verkemiddel*
- *Ha ein klar skriftleg stil i forhold til medium, mottakar og føremål*

Språket i teksten har eit gjennomgåande munnleg preg. Ein ser att eleven som skrivar i val av ord og utforming av setningane på same viset som ein kan sjå han i første avsnitt: «En del av ungene tørr ikke seier ifra, og det er ikke noe bra.». Det same ser ein i tredje avsnitt: «Det er forska på at de som blir mobber, tar da og mobber andre igjen. Og det er ikke noe bra i det heile tatt.».

Elles har eleven valt enkle ord og enkel syntaks og stil. Dette påvirkar kven som kan vurderast som modell-lesar for artikkelen. I ingressen skriv eleven *dere* og viser til skulen, som tyder på at artikkelen er tenkt for lærarar og skular. Likevel, på grunn av informasjonstypen i artikkelen, er nok «allmennheita» rekna som modell-lesar òg.

Ein del ord og setningsfragment gjentek seg i teksten. Eleven kunne nok ha variert meir ved bruk av ulike ord eller formuleringsmåtar. Eit eksempel ser ein i andre avsnitt: «Det er og mange som ikke vil snakke med helsesøsteren, om de ikke vil snakke med helsesøsteren er det lurt...» og i fjerde avsnitt med ei linje mellomrom: «...mens guttene er mer fysiske(...)Mens gutter er mye mer fysiske...».

Eleven har nytta nokre relevante fagomgrep og eit ordtilfang som passar til temaet. Ordet *mobbing* går att fleire gonger i teksten, og markerer at det er det innhaldet handlar om. Elles er fagomgrep som *psykisk* og *fysisk mobbing*, *observasjon* og *gruppepress* nytta gjennom teksten. Alle er knytt til temaet. Spørsmålet knytt til bruken av desse orda vert igjen: Kven er målgruppa? Eleven definerer ikkje nokon av desse termene. Lesaren må altså vere innforstått med dei.

Som tidlegare nemnt, kan òg fleire av orda og setningane nyanserast. Som i andre avsnitt «Noen mener at de burde opprette grupper» og i fjerde avsnitt: «Mens gutter er mer fysiske, blant er det en del gruppepress, mange klarer ikke være seg selv...». Uavhengig av kven som er lesar, bør eleven utdjupe dette for at lesaren skal tru på det som relevant informasjon.

Det er ikkje nytta nokre spesifikke språklege verkemiddel i teksten. Dette heng saman med den skriftlege stilen knytt til sjangeren.

Teksten har altså ein munnleg stil. Bruk av utropsteikn i overskrifta gjer at teksten ved første augekast ser ut som ein annan sjanger. Ein ser at eleven ynskjer å gje ei melding, kanskje spesielt til skulen. Samtidig gjer eit svært enkelt og forståeleg språk inntrykk av at «allmennheita» er den tenkte mottakaren. Teksten sin modell-lesar er altså uklar.

Meistringsnivå: **M3**

Vurderingsområde 5: **Rettskriving**

- *Meistre ortografisk skriving*
- *Korrekt teiknsetjing*

Teksten er prega av ein del feil som går att. Ein feiltype er feil bruk og feilskriving av orda *de/det*. Ein ser eit eksempel på det i første avsnitt: «...tror rektor og lærarane at det ikke er noe

mobbing, men de er de.». Elles er òg bruken av ordet *de* for hyppig. Eleven bruker dette pronomenet utan at det har tydeleg referanse om, eller ved å nytte det feil: «...om de ikke vil snakke med helsesøsteren er det lurt at de som observerer deg...». Her bruker eleven eintalsforma *deg* for å referere til *de* i fleirtal.

Elles er verbbøying noko som skaper problem for eleven: «Men for at det skal gå må de trenge støtte og hjelp fra skolen...», dessutan «Det er forska på at de som blir mobber...» og «Jentene kan komme med sleng...».

Eleven bruker mange småord som ikkje er nødvendige. Det gjer setningane lange og vanskelege å avkode. I tråd med det munnlege stilidealet ville eleven ha vore tent med å skrive kortare setningar og å kutte ut unødige småord.

Eleven meistrar stort sett komma. Eksempel på komma ved sideordning av to setningar ser ein i første avsnitt: «En del av ungene tørr ikke seier ifra, og det er ikke noe bra.». Ved oppramsing gjer eleven riktig gjennom heile teksten, slik ein ser i her: «Men for at det skal gå må de trenge støtte og hjelp fra skolen, rektor og helsesøstera.». Regelen om komma framfor *men*, både følgjer og følgjer eleven ikkje: «...lærarane at det ikke er noe mobbing, men de er de.» og «Det er og veldig mange som tørr men de vil ikke sei ifra...». Eleven nyttar komma korrekt ved innskot: «...lurt at de som observerer deg, som eleven, gå å få tak i...».

Punktum er nytta på riktig i måte i teksten. Nokre setningar er litt lange, spesielt grunna bruk av unødige ord. Det kunne nok ha vore ein fordel å nytta fleire punktum i staden for komma, då hadde eleven kanskje fått luka vekk desse orda.

Meistringsnivå: **M2**

Vurderingsområde 6: **Bruk av skriftmediet**

- *Kombinere ulike multimodale uttrykksmiddel for å skape heilskap og mening i teksten*
- *Vise korrekt kjeldetilvising*

Overskrifta i teksten er tydeleg markert med større bokstavar og annan farge. Ingressen er òg markert med feit skrift, og skil seg såleis ut frå resten av teksten. Det gjev lesaren god oversikt i starten av artikkelen. Under ingressen kjem eit bilete. Biletet manglar bilettekst, men illustrerer, slik eg ser det, ein elev som vert mobba i skulen. Illustrasjonen passar til temaet, men ein bilettekst hadde gjort relevansen tydelegare.

Det er nytta éi kjelde i teksten og den ligg under biletet. Kjelda skulle ha vore førd i litteraturlista og markert med dato for nedlasting og namn på forfattar. Brødteksten manglar

kjeldetilvisingar. Eleven viser blant anna til forskning og viktige fagomgrep som treng referansar for å vere truverdige.

Meistringsnivå: **M3**

Tekst 2

Figur 5:

Jenta på benken som ble verdens beste håndballspiller

Heidi Løke har vært kåra til verdens beste kvinnelige håndballspiller. Sammen med det norske kvinnelandslaget i håndball har ho vunnet EM-gull i 2010, VM-gull i 2011 og OL-gull i 2012.



Heidi Løke er vekst opp som nummer fem i ein søskenflokk på sju. Ho er oppvekst i Sandefjord med søskena Frank, Lise, Trond, Fredrik og Morten.

Ho var 10 år gammal da ho begynte å spele handball, før ho begynte å spele handball hadde ho allereie spilt fotball i 5 år. Ho var en svært aktiv og sta jente. Faren mente at det kun var gutter som kunne spille fotball, så da tok Heidi å klede på seg fotballklea, satt seg inn i bilen og ville ikkje rykke på seg. Ho fikk til slutt være med broren på fotballtrenigene. Når ho var mindre og spilte handball satt ho for det meste på benken, ho var ikkje god nok til å være på bana.

Når Heidi var 16 år gammal begynte ho på toppidrettsgymnaste i Sandefjord. Storebroren Frank gikk også der, han var forbildet hennes. Etter to år på rekruttlaget i Larvik, meldte ho overgang til Gjerpen, i Skien. Laget ble ladet av Leif Gautestan. Sosongen 2002/2003. Leif hadde tideligare trent Frank.

I slutten av 2006 hadde ho eit forhold til Leif Gautestan, trenaren hennar i Gjerpen. Han måtte da bytte stillinga si, han vart da sportsligleder. Ikkje lenge etter at dei hadde vært samme venter dei barn, ho var bare 24 år gammal da ho fekk Alexander, det kom masse positive tilbakemeldinga men mange negative fordi det var så stor aldrerforkjell og at ho va blitt gravid midt i ein sesong, ho som nett hadde skreve under på ein intensjonsavtale om spille neste sesong for Aalborg. Etter at ho fekk Alexander kom ho seg fort tilbake på handballane.

Løke skriv under på ein treårs kontrakt for Larvik's damelag. I 2008 forlott ho Aalborg, og flyttet tilbake til Sandefjord der mora og faren bur. Denne sesongen i Larvik 2008/2009 ble eit gjennombrøt for Heidi, Larvik vant alt. Ho blei kåret til årets strekspiller i Norsk. Ho blei også toppscorar og kåret til årets spiller uansett posisjon.

Vinter 2010 fikk Heidi forespørsel frå Harald Bundli i TV2 om å delta i eit nytt tv-konsept. Programmet skulle heite <<Superstar>>, og det var seks norske toppidrettsutøvere som skulle konkurrere i ulike øvelser. Fysisk svært krevande øvelser. Langrennsløparen Marit Bjørgen, sprintaren Ezinne Okparaebo, alpinisten Hedda Berntsen, orienteringsløparen Anne Margrethe Hausken, svømmaren Ingvil Snidal skulle og delta. Vinnaren fikk ein Polo Blue

Motion, Heidi hadde aldri trudd ho ville vinne spesielt når Marit Bjørgen var med, men ho vant over Marit. Ho vant heile Superstar.

Ho var 22 år da ho for første gang vart kalt inn til landslaget. Ho vart innkalla på ein vanlig treningsamling. Med masse testar og intensivtrenoing.

Heidi er en sterk og sta dame, og gir seg ikkje på noe som helst. I mars 2012 fekk Heidi vite at ho var kåret til verdens beste handballspiller for 2011. Ho fekk ein pengesum på 10,000 euro.

Andre del av sesongen med Győr gikk sin gang, dei vant alle kampane i ungarsk serie, dei blei cupmestere, sluttspillmestere og seriemestere. Alt gjekk deiras veg i Ungarn.

Heidi, Karl Eirik og Kristian Kjelling arrangerte sammen med Bjørndal Idrettsforening i Oslo ein handballskule, BIFF-handballskule heiter den. Dei har arrangert den to somrar på rad. Første året hadde dei 150 gutar og 150 jenter fra 10-16 år, andre året var det kun plass til 200 påmeldte.

4.3.2 Analyse av tekst 2

Vurderingsområde 1: Kommunikasjon

- *Overskrift*
- *Kommunikasjon med eventuell lesar*
- *Rolle som skrivar knytt til sjanger og skrivemåte*

Overskrifta i teksten er «Jenta på benken som ble verdens beste håndballspiller». Den fungerer godt for å auke leselyst og interesse for innhaldet. At eleven vel å ikkje skrive namnet på handballspelaren i overskrifta, forsterkar dette. Overskrifta fortel òg noko om kva teksten skal handle om. Lesaren ser føre seg at vi skal få vite meir om livet til denne handballspelaren.

Vi får høyre nokre artige historier frå handballspelaren sin barndom, som i første avsnitt: «Faren mente at det kun var gutter som kunne spille fotball, så da tok Heidi å klede på seg fotballklea, satt seg i bilen og ville ikkje rykke på seg.». Temaet for overskrifta ser ein att i slutten av avsnittet: «Når ho var mindre og spilte handball satt ho for det meste på benken, ho var ikkje god nok til å være på bana.». Overskrifta heng altså saman med andre delar av framstillinga, og slik sett kommuniserer teksten med lesaren. Nokre innslag av artige historier frå hennar barndom gir teksten variasjon og innslag av «annleis» informasjon. Eleven viser større grad av kreativitet.

Strukturen i teksten øydelegg litt for kommunikasjonen med lesaren. Teksten manglar mellomoverskrifter og det er lite tematisk samanheng mellom avsnitta. Dette kjem eg tilbake til, men førsteinntrykket for lesaren er viktig. Det er vanskeleg for lesaren å skaffe seg oversikt over kva artikkelen eigentleg handlar om.

Eleven sine subjektive meiningar kjem ikkje til syne gjennom skrivemåte eller ordval. Fokuset er på hovudpersonen, Heidi Løke. Det ser ein eit eksempel på i andre avsnitt: «Når Heidi var 16

år gamal begynte ho på toppidrettsgymnaste i Sandefjord. Storebroren Frank gikk også der, han var forbildet hennes.»). Det gjer at han held seg objektiv i framstillinga – som er eit framsteg frå tekst 1.

Allereie i overskrifta ser ein kva eleven vil framheve. Han tykkjer det er viktig å få fram at Heidi Løke ikkje fekk spele då ho var yngre. Kanskje er det inspirasjon og motivasjon som er appellen i teksten, at det å sitje på benken når ein er ung, ikkje hindrar at ein kan verte verdas beste i idrett. Teksten handlar delvis om dette, men det er altså likevel ikkje lett å finne ein raud tråd. Tema er både privatliv og karriere, i tillegg til eit tv-program som Løke har delteke i. Det er tydeleg at dette tv-programmet var noko eleven likte, slik ein ser i femte avsnitt: «Heidi hadde aldri trudd ho ville vinne spesielt når Marit Bjørgen var med, men ho vant over Marit. Ho vant heile Superstar.»).

Meistringsnivå: **M3**

Vurderingsområde 2: **Innhald**

- *Presentere og utdjupe eit innhald som er tematisk relevant, til dømes for det fagområdet ein skriv*
- *Tilpasse mengda av innhald til det teksten handlar om*
- *Presentere eigne og andre sine førestillingar, erfaringar og synspunkt på ein utdjupa måte*

Temaet i teksten er handballspelar Heidi Løke. Innhaldet er gjennomgåande knytt til hennar liv, slik at artikkelen vert ein slags biografi. Når det gjeld dei to stikkorda *presentere* og *utdjupe* er det klart at teksten fyrst og fremst gjev ein presentasjon av Heidi Løke. Det kan verke som om intensjonen er å få fram mykje ulik informasjon om henne. Eleven kunne nok med hell ha utdjupa færre poeng. Teksten manglar altså tydeleg fokus – utover fenomenen i livet til Heidi Løke.

Ut i frå avsnitta og informasjonen, er det tre avsnitt som er lengre enn dei andre. Det er første, tredje og femte avsnitt. Alle desse avsnitta handlar mest om utanomsportslege tema som barndom, privatliv og tv-programmet.

Artikkelen fungerer om ein er ute etter ein enkel oversikt over livet og karrieren til Heidi Løke. Men ser ein på overskrifta og ingressen er det det sportslege som er fokus. Ingressen seier: «Heidi Løke har vært kåra til verdens beste kvinnelige håndballspiller. Sammen med det norske kvinnelandslaget i håndball har ho vunnet EM-gull i 2010, VM-gull i 2011 og OL-gull i 2012.»). Overskrifta og ingressen gjev altså ikkje eit heilt rett bilete av innhaldet i artikkelen.

Teksten manglar kjeldereferansar, og fortel ingenting om andre sine førestillingar om emnet. Heidi Løke fungerer som subjekt i dei fleste setningane, noko som viser at eleven stort sett fortel om hovudpersonen.

At eleven ikkje er ein tydeleg subjektiv forfattar, skuldast mellom anna at innhaldet har eit generelt og overflatisk preg. I fagartikkelsjangeren bør heller ikkje skrivaren vere tydeleg posisjonert i teksten, så dette er i og for seg sjangeradekvat. I ein tekst med eit sjølvvalt tema kan ein tenkje seg at elevane oftare legg fram egne meiningar, fordi det er eit tema dei er interesserte i. Her unngår eleven det.

Meistringsnivå: **M2**

Vurderingsområde 3: **Tekstopbygging**

- *Komponere og strukturere teksten på ein formålstenleg måte*
- *Meistre avsnitt som organiseringsprinsipp*
- *Bruke varierte koplingsmarkørar for å uttrykkje samanheng i teksten*

Eleven strukturerer artikkelen kronologisk. Første avsnitt startar slik: «Heidi Løke er vekst opp som nummer fem i ein søskenflokk på sju.». Eleven startar altså med å fortelje om Løke sin barndom. Det andre avsnittet fortel om ungdomstida: «Når Heidi var 16 år gammal begynte ho på toppidrettsgymnaste i Sandefjord.». Det er ein enkel måte å strukturere teksten på. Ser ein på årstala som er nemnt i avsnitta vidare, forstår ein at det nok er slik eleven har tenkt oppbygginga, sjølv om denne ikkje er like klar utover i artikkelen.

Dei tre første avsnitta heng saman innhaldsmessig. Her fortel eleven om barndomen og dei første handballaga Heidi Løke spelte på. Vidare tek han for seg eit kontroversielt forhold som Løke hadde med trenaren sin. Frå fjerde avsnitt og utover vert hendingane rundt Løke framstilt meir springande. Femte avsnitt vert nytta til å fortelje om eit tv-program: «Vinter 2010 fikk Heidi forespørsel frå Harald Bundli i TV2 om å delta i eit nytt tv-konsept.». Kanskje kan dette vere relevant, sidan det kan fortelje noko om kor flink Løke er, men emnet forsvarar ikkje eit heilt avsnitt.

Dei to siste avsnitta i teksten heng ikkje i særleg grad saman med resten av innhaldet. I det nest siste avsnittet skriv eleven: «Andre del av sesongen Györ gikk sin gang, dei vant alle kampane i ungarsk serie...». Eleven har ikkje nemnt noko om Györ tidlegare i teksten, slik at den nye informasjonen ikkje relaterer til noko som er teke opp tidlegare. I siste avsnitt skjer det same: «Heidi, Karl Eirik og Kristian Kjelling arrangerte sammen med Bjørndal Idrettsforening i Oslo ein handballskule...» er starten på avsnittet. Eleven har ikkje introdusert

Karl Eirik og *Kristian Kjelling* tidlegare i teksten. Her kjem vi attende til spørsmålet om kven som er målgruppa for artikkelen. Hadde modell-lesaren vore tydelegare etablert gjennom teksten, kunne ein kanskje forsvare at ein ikkje får vite kven desse personane er.

Teksten er delt i ni avsnitt. Dette er litt mykje for ein tekst på to sider. Inndelinga er likevel ikkje eit så stort problem som det at mykje av innhaldet treng meir utdjuping. I slutten av artikkelen er det fire korte avsnitt som ikkje heng innhaldsmessig saman med resten av artikkelen og heller ikkje med kvarandre. Dei fire avsnitta fungerer altså ikkje som avslutning.

Det hadde vore ein fordel om eleven hadde nytta mellomoverskrifter. Det gjer ikkje berre oversikt og struktur betre for lesaren, men òg for eleven sjølv. Då er det mogleg at det hadde vorte nytta færre avsnitt - som heng betre saman.

Det er nytta referansebindingar i teksten, i hovudsak grammatiske referansebindingar. Hovudgrunnen til det er at personen teksten handlar om, *Heidi Løke*, startar mange av setningane. Det ser ein eksempel på i andre avsnitt: «Når Heidi var 16 år gammal begynte ho på toppidrettsgymnaste i Sandefjord.» I setninga etter vert det referert til *Heidi*: «Storebroren Frank gikk også der, han var forbildet hennes.» *Heidi* og *ho* gjentek seg mykje i teksten. Kanskje er det vanskeleg å variere det meir enn det eleven gjer, i og med at alt her handlar om Løke.

Meistringsnivå: **M3**

Vurderingsområde 4: **Språkbruk**

- *Byggje opp komplekse og varierte setningar*
- *Bruke eit relevant, variert og nyansert ordtilfang, òg fagomgrep*
- *Bruke varierte skriftlege verkemiddel*
- *Ha ein klar skriftleg stil i forhold til medium, mottakar og føremål*

Det er få komplekse setningar i teksten. Teksten har fleire ufullstendige setningar: «Laget ble ladet av Leif Gautestan. Sosongen 2002/2003.» og dessutan «Med masse testar og intensivtrening.».

Fleire av setningane startar anten med *Heidi* eller *ho*, som medfører lite variasjon i forfelta. Det ser ein eit eksempel på i fjerde avsnitt: «Ho blei kåret til årets strekspiller i Norsk. Ho blei også toppscorar og kåret til årets spiller uansett posisjon.».

Eleven nyttar fleire fagomgrep og har eit ordtilfang som er knytt til temaet, som i tekst 1. Men omgrepa er ikkje utdjupa og lesaren må ha ein del forkunnskapar for å forstå alt i teksten.

Dette ser ein i siste avsnitt, der eleven nemner nokre personar utan å fortelje kven dei er: «Heidi, Karl Eirik og Kristian Kjelling arrangerte saman med Bjørndal Idrettsforening i Oslo...».

I denne teksten er det ein tydelegare skriftleg stil enn i eleven sin tekst 1. Eleven er ein meir objektiv skrivar og fokuset er gjennomgåande på å fortelje om Heidi Løke. Slik sett kan ein seie at teksten fungerer betre som fagartikkel.

Meistringsnivå: **M3**

Vurderingsområde 5: **Rettskriving**

- *Meistre ortografisk skriving*
- *Korrekt teiknsetjing*

Teksten er kronologisk oppbygd og verba står stort sett i fortid. Nokre stader står verba i notid, som i første avsnitt: «Heidi Løke er vekst opp som nummer fem...», og i tredje avsnitt: «Ikkje lenge etter at dei hadde vært samme venter dei barn...». Dette er altså eit problemområde som oppstår fordi teksten er strukturert kronologisk, etter tid.

I begge utdraga i avsnittet over ser ein bruk av ordet *å vere*. Ordet er skriva feil fleire gonger, eleven er usikker på om det skal vere med *æ* eller *e*.

Nokre ord i teksten har feil vokal, blant anna i andre avsnitt «Laget ble ladet av Leif Gautestan.» og «Sosongen 2002/2003.». Det er vanskeleg å seie om dette er slurvefeil eller om det er eit meir kompleks problem.

I tredje avsnitt ser ein eksempel på bortfall av «stumme bokstavar»: «...så stor aldrerforkjell og at ho va blitt gravid midt i ein sesong...». Eleven har òg gløymt ord, som i fjerde avsnitt: «Ho blei kåret til årets strekspiller i Norsk.», eller bøyingsendingar manglar, som i femte avsnitt: «Vinter 2010 fikk Heidi...».

Kommabruken i teksten er relativt god. Som i tekst 1, viser eleven at han forstår når komma skal nyttast.

Under vurderingsområde 4 nemnde eg bruken av ufullstendige setningar. Dette er relatert til overfor bruk av punktum: «Laget ble ladet av Leif Gautestan. Sosongen 2002/2003.».

Samanlikna med tekst 1 ser ein elles at bruken av lange setningar med svak syntaks har betra seg.

Meistringsnivå: **M2**

Vurderingsområde 6: **Bruk av skriftmediet**

- *Kombinere ulike multimodale uttrykksmiddel for å skape heilskap og mening i teksten*
- *Vise korrekt kjeldetilvising*

I tekst 2 er utforminga og bruk av skriftmediet nokså likt det vi såg i tekst 1. Overskrifta er god, og meir kreativ enn i tekst 1. Det er eit bilete av Heidi Løke under ingressen. Biletet manglar bilettekst, men samtidig er det så sjølvforklarande at bilettekst ikkje verkar like nødvendig her som i tekst 1.

Teksten inneheld faktaopplysningar om Heidi Løke som treng kjeldetilvisingar. Dette manglar, og det gjer òg litteraturliste.

Meistringsnivå: **M3**

4.3.3 Komparativ oppsummering av Elev 2 sine to tekstar

Som hos Elev 1 er det her eit ganske likt nivå i dei to tekstane, og på same vis som hos Elev 1 ser kommunikasjonen med lesaren ut til å vere noko betre i tekst 2. Elles er meistringsnivået likt på dei andre vurderingsområda, og samla sett ligg eleven noko under meistringsnivå 3, altså under det ein kan forvente på 10. trinn.

I tekst 2 er først og fremst overskrifta meir i samsvar med innhaldet i resten av artikkelen. Samtidig er fokuset i teksten betre, det ligg gjennomgåande på personen Heidi Løke. Eleven inntek ei rolle som skivar som verkar meir objektiv og dermed meir sjangeradekvat. Temaet *mobbing i skulen* har elevane mange erfaringar og meiningar om, slik at det kan vere vanskeleg å unngå subjektive ytringar – som ein ser eksempel på i tekst 1.

4.4 Analyse av dei resterande elevtekstane

Analysen av dei resterande 18 elevane sine tekstar skal no framstillast i tabell. Her presenterer eg meistringsnivå på dei ulike vurderingsområda på dei 36 tekstane som står att. I tillegg gjev eg ein kort og generell kommentar om kvar av desse 36 tekstane. Analyse og vurdering er gjort på same måte som tekstane som vart meir eksplorativt framstilte. «Tekst 1» refererer til fagartikkelen med lærargitt tema, «tekst 2» til den interessestyrte teksten. Alle elevtekstane ligg under *vedlegg 2*.

Tabell 1:

Elevnummer og kommentar	Meistringsnivå
Elev 3	Kommunikasjon: M5
Tekst 1	Innhald: M4

<p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Tydeleg struktur i oppgåva. Fokuset i teksten er gjennomgåande tydeleg, slik at den kommuniserer godt.</p>	<p>Tekstoppbygging: M5</p> <p>Språkbruk: M4</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M5</p> <p>Bruk av skriftmediet: M3</p>
<p>Tekst 2</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Velskriven artikkel. Innhaldet vert tydelegare presisert enn i tekst 1. Tematisk samanheng i teksten er god. Viktige fagomgrep er nytta og vert utdjupa for lesaren.</p>	<p>Kommunikasjon: M5</p> <p>Innhald: M5</p> <p>Tekstoppbygging: M5</p> <p>Språkbruk: M6</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M6</p> <p>Bruk av skriftmediet: M4</p>
<p>Elev 4</p> <p>Tekst 1</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Avsnitta har lite hensiktsmessig rekkjefølgje. Noko uklart forhold mellom overskrift og innhald. Relevant informasjon, men òg gjentakning i teksten.</p>	<p>Kommunikasjon: M3</p> <p>Innhald: M3</p> <p>Tekstoppbygging: M2</p> <p>Språkbruk: M3</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M3</p> <p>Bruk av skriftmediet: M3</p>
<p>Tekst 2</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Uklar framstilling av tema. Unødvendig informasjon, lite sjangeradekvat. Framstillinga er stikkordsprega, noko som gjer kommunikasjonen med lesaren vanskeleg.</p>	<p>Kommunikasjon: M2</p> <p>Innhald: M2</p> <p>Tekstoppbygging: M3</p> <p>Språkbruk: M3</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M3</p> <p>Bruk av skriftmediet: M3</p>
<p>Elev 5</p> <p>Tekst 1</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Informasjonen i artikkelen er god. Det er variasjon mellom teoretisk informasjon og eksempel frå skulekvardagen. Overskrift og tema kunne med fordel ha vore meir utdjupa.</p>	<p>Kommunikasjon: M3</p> <p>Innhald: M5</p> <p>Tekstoppbygging: M3</p> <p>Språkbruk: M4</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M4</p> <p>Bruk av skriftmediet: M3</p>
<p>Tekst 2</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Betre samanheng i innhaldet og tydelegare kopling mellom tema, overskrift og innhald,</p>	<p>Kommunikasjon: M4</p> <p>Innhald: M4</p> <p>Tekstoppbygging: M4</p> <p>Språkbruk: M4</p>

enn i tekst 1. Noko gjentakande innhald.	Rettskriving og teiknsetjing: M4 Bruk av skriftmediet: M4
Elev 6 Tekst 1 <i>Generell kommentar:</i> Noko subjektiv framstilling ved mykje bruk av utropsteikn i teksten. Framstillinga har ein raud tråd og informasjonen er relevant. Inngressen er for lang – og det same er nokre av avsnitta.	Kommunikasjon: M3 Innhald: M4 Tekstopppbygging: M3 Språkbruk: M4 Rettskriving og teiknsetjing: M5 Bruk av skriftmediet: M3
Tekst 2 <i>Generell kommentar:</i> Framstillinga har eit tydelegare fokus enn tekst 1. Ho er prega av større kreativ fridom. Rekkjefølgja av innhaldskomponentane er betre, kanskje fordi teksten er kronologisk bygd opp.	Kommunikasjon: M4 Innhald: M5 Tekstopppbygging: M4 Språkbruk: M5 Rettskriving og teiknsetjing: M5 Bruk av skriftmediet: M4
Elev 7 Tekst 1 <i>Generell kommentar:</i> Utydeleg skivarrolle. Subjektiv framstilling. Lite samsvar mellom innhald og overskrift. Eleven skriv godt, men innhaldet er faktafattig og lite sjangeradekvat.	Kommunikasjon: M2 Innhald: M3 Tekstopppbygging: M3 Språkbruk: M2 Rettskriving og teiknsetjing: M4 Bruk av skriftmediet: M3
Tekst 2 <i>Generell kommentar:</i> Tydelegare sak- og faktaprega innhald. Teksten er meir sjangeradekvat. Samanhengen mellom delane i teksten er tydelegare. Eleven er meir objektiv, men viser indirekte sine meininger i nokre samanhengar.	Kommunikasjon: M3 Innhald: M4 Tekstopppbygging: M4 Språkbruk: M3 Rettskriving og teiknsetjing: M4 Bruk av skriftmediet: M3
Elev 8 Tekst 1 <i>Generell kommentar:</i>	Kommunikasjon: M3 Innhald: M4 Tekstopppbygging: M4

<p>Mykje relevant informasjon om mobbing, men bit over litt mykje. Kunne med fordel ha valt ut eit tydelegare fokusområde.</p>	<p>Språkbruk: M4</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M3</p> <p>Bruk av skriftmediet: M3</p>
<p>Tekst 2</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Teksten informerer godt. Overskrift og innhald samsvarer ikkje heilt utover i artikkelen.</p>	<p>Kommunikasjon: M3</p> <p>Innhald: M3</p> <p>Tekstopppbygging: M3</p> <p>Språkbruk: M3</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M3</p> <p>Bruk av skriftmediet: M3</p>
<p>Elev 9</p> <p>Tekst 1</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>God samanheng i artikkelen, og mellom overskrift og innhald. Relevant faktainformasjon, men mange språklege feil.</p>	<p>Kommunikasjon: M4</p> <p>Innhald: M3</p> <p>Tekstopppbygging: M3</p> <p>Språkbruk: M2</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M2</p> <p>Bruk av skriftmediet: M3</p>
<p>Tekst 2</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Mykje relevant faktainformasjon. Noko usystematisk oppbygging som gjev lesaren lite oversikt. Innhaldsmessig god samanheng mellom tekstdelane, men eleven repeterer ein del.</p>	<p>Kommunikasjon: M3</p> <p>Innhald: M3</p> <p>Tekstopppbygging: M2</p> <p>Språkbruk: M3</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M2</p> <p>Bruk av skriftmediet: M3</p>
<p>Elev 10</p> <p>Tekst 1</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Mykje informasjon som til ein viss grad heng saman –over avsnitta. Stiller spørsmål i ingressen, som berre delvis får svar i teksten.</p>	<p>Kommunikasjon: M2</p> <p>Innhald: M3</p> <p>Tekstopppbygging: M3</p> <p>Språkbruk: M3</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M2</p> <p>Bruk av skriftmediet: M3</p>
<p>Tekst 2</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>God artikkel med eit konkret tema og relevante fakta. Framstillinga er tilgjengeleg, og teksten er retta mot spesifikke målgrupper.</p>	<p>Kommunikasjon: M5</p> <p>Innhald: M4</p> <p>Tekstopppbygging: M4</p> <p>Språkbruk: M3</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M3</p> <p>Bruk av skriftmediet: M5</p>

<p>Elev 11</p> <p>Tekst 1</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Noko uoversiktleg og repeterande informasjon. Overskrifta heng godt saman med resten av teksten. Framstillinga har eit munnleg preg og teksten liknar meir på debattartikkel.</p>	<p>Kommunikasjon: M3</p> <p>Innhald: M2</p> <p>Tekstoppygging: M2</p> <p>Språkbruk: M2</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M2</p> <p>Bruk av skriftmediet: M2</p>
<p>Tekst 2</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Informasjonen er langt meir oversiktleg og samanhengande framstilt. Noko repetisjon her òg. Framstillinga har eit tydelegare faktapreg og er objektiv og tilgjengeleg.</p>	<p>Kommunikasjon: M4</p> <p>Innhald: M3</p> <p>Tekstoppygging: M3</p> <p>Språkbruk: M4</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M3</p> <p>Bruk av skriftmediet: M4</p>
<p>Elev 12</p> <p>Tekst 1</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Teksten ein raud tråd. Samsvar mellom ingress og tekst. Overskrifta kunne ha relatert meir til ingress og brødtekst. Skriv på ein måte som gjer innhaldet tilgjengeleg for breie grupper av lesarar.</p>	<p>Kommunikasjon: M3</p> <p>Innhald: M4</p> <p>Tekstoppygging: M4</p> <p>Språkbruk: M4</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M4</p> <p>Bruk av skriftmediet: M3</p>
<p>Tekst 2</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>God samanheng og oppbygging som i tekst 1. Overskrifta er høveleg og innhaldet er framstilt kronologisk, som gir oversikt. Noko av innhaldet kunne ha vore meir fokusert.</p>	<p>Kommunikasjon: M4</p> <p>Innhald: M4</p> <p>Tekstoppygging: M5</p> <p>Språkbruk: M4</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M3</p> <p>Bruk av skriftmediet: M4</p>
<p>Elev 13</p> <p>Tekst 1</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Overskrifta vert oppfatta som eleven si meining. Informasjon gjentek seg, og språket varierer mykje frå nynorsk til bokmål.</p>	<p>Kommunikasjon: M2</p> <p>Innhald: M3</p> <p>Tekstoppygging: M2</p> <p>Språkbruk: M3</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M2</p> <p>Bruk av skriftmediet: M3</p>

Relevante faktaopplysningar.	
<p>Tekst 2</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Relevante fakta. Teksten er kronologisk oppbygd, noko som gir god samanheng.</p> <p>Rettskrivinga er betre, men ein del feil gjentek seg.</p>	<p>Kommunikasjon: M3</p> <p>Innhald: M4</p> <p>Tekstoppbygging: M4</p> <p>Språkbruk: M3</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M3</p> <p>Bruk av skriftmediet: M3</p>
<p>Elev 14</p> <p>Tekst 1</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Eleven har eit konkret fokus og teksten har ein raud tråd. Noko informasjon og nokre ord gjentek seg. Noko av innhaldet treng grundigare utdjuping.</p>	<p>Kommunikasjon: M4</p> <p>Innhald: M3</p> <p>Tekstoppbygging: M4</p> <p>Språkbruk: M4</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M4</p> <p>Bruk av skriftmediet: M4</p>
<p>Tekst 2</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Eleven har som i tekst 1, fokusert på noko konkret. Rekkjefølgja på innhaldskomponentane kunne ha vore endra. Informasjonen i artikkelen er nyansert og relevant og passar godt til overskrift og oppgjeve tema.</p>	<p>Kommunikasjon: M5</p> <p>Innhald: M5</p> <p>Tekstoppbygging: M4</p> <p>Språkbruk: M4</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M4</p> <p>Bruk av skriftmediet: M4</p>
<p>Elev 15</p> <p>Tekst 1</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Relevant informasjon som er nyansert og godt forklart – slik at den er tilgjengeleg for ei brei gruppe lesarar. Strukturen synest god med innhaldskomponentar i ei rimeleg rekkjefølgje.</p>	<p>Kommunikasjon: M4</p> <p>Innhald: M5</p> <p>Tekstoppbygging: M5</p> <p>Språkbruk: M5</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M5</p> <p>Bruk av skriftmediet: M4</p>
<p>Tekst 2</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Velskriven artikkel – tilgjengeleg for mange, på lik linje med tekst 1. Eleven skriv svært</p>	<p>Kommunikasjon: M4</p> <p>Innhald: M5</p> <p>Tekstoppbygging: M4</p> <p>Språkbruk: M5</p>

godt, og utdjupar og drøfter omgrep og fakta i stor grad.	Rettskriving og teiknsetjing: M6 Bruk av skriftmediet: M4
Elev 16 Tekst 1 <i>Generell kommentar:</i> Legg fram ein del interessant informasjon. Manglar klart fokus i teksten, og nokre uheldige ordval og fagomgrep tek ned det faglege nivået noko.	Kommunikasjon: M3 Innhald: M2 Tekstoppygging: M2 Språkbruk: M3 Rettskriving og teiknsetjing: M3 Bruk av skriftmediet: M4
Tekst 2 <i>Generell kommentar:</i> Mykje relevant informasjon. Til dels kronologisk oppbygging. Teksten har betre fokus enn tekst 1, og eleven har godt språk.	Kommunikasjon: M4 Innhald: M4 Tekstoppygging: M3 Språkbruk: M4 Rettskriving og teiknsetjing: M3 Bruk av skriftmediet: M4
Elev 17 Tekst 1 <i>Generell kommentar:</i> Ryddig og godt strukturert artikkel. Men han stiller spørsmål i ingressen som berre delvis får svar. Relevant informasjon.	Kommunikasjon: M3 Innhald: M3 Tekstoppygging: M4 Språkbruk: M3 Rettskriving og teiknsetjing: M3 Bruk av skriftmediet: M3
Tekst 2 <i>Generell kommentar:</i> Informativ artikkel som gjev lesaren god oversikt. Innhaldet er relevant og nyansert.	Kommunikasjon: M4 Innhald: M5 Tekstoppygging: M4 Språkbruk: M5 Rettskriving og teiknsetjing: M4 Bruk av skriftmediet: M3
Elev 18 Tekst 1 <i>Generell kommentar:</i> Godt og relevant innhald som er godt grunngeve og drøfta. Noko tilfeldig rekkjefølgje på innhaldskomponentar. Ein del rettskrivingsfeil og dårleg syntaks.	Kommunikasjon: M3 Innhald: M3 Tekstoppygging: M3 Språkbruk: M2 Rettskriving og teiknsetjing: M2 Bruk av skriftmediet: M3

<p>Tekst 2</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Noko relevant informasjon. Innhaldet vert likevel for lite nyansert – og heng ikkje heilt saman frå avsnitt til avsnitt gjennom artikkelen. Det gjev eit usystematisk inntrykk.</p>	<p>Kommunikasjon: M2</p> <p>Innhald: M3</p> <p>Tekstoppygging: M2</p> <p>Språkbruk: M2</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M2</p> <p>Bruk av skriftmediet: M4</p>
<p>Elev 19</p> <p>Tekst 1</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Overskrift og innhald i artikkelen samsvarer ikkje heilt. God oppbygging av artikkelen. Informasjonen er prega av faktafattigdom.</p>	<p>Kommunikasjon: M2</p> <p>Innhald: M3</p> <p>Tekstoppygging: M4</p> <p>Språkbruk: M3</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M4</p> <p>Bruk av skriftmediet: M3</p>
<p>Tekst 2</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Godt oppbygd artikkel med relevant og nyansert informasjon. Fagomgrepa er nyanserte og drøfta.</p>	<p>Kommunikasjon: M5</p> <p>Innhald: M4</p> <p>Tekstoppygging: M4</p> <p>Språkbruk: M4</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M4</p> <p>Bruk av skriftmediet: M4</p>
<p>Elev 20</p> <p>Tekst 1</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Teksten kommuniserer dårleg med lesaren grunna mistolkande overskrift og informasjon. Eleven verkar usikker på viktige omgrep. Rettskrivinga er stort sett god.</p>	<p>Kommunikasjon: M2</p> <p>Innhald: M3</p> <p>Tekstoppygging: M3</p> <p>Språkbruk: M2</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M4</p> <p>Bruk av skriftmediet: M3</p>
<p>Tekst 2</p> <p><i>Generell kommentar:</i></p> <p>Godt oppbygd og velskriven tekst. Noko subjektiv innhaldsmessig. Kommuniserer for så vidt, men subjektiviteten øydelegg noko for korleis mottakaren skal oppfatte teksten.</p>	<p>Kommunikasjon: M3</p> <p>Innhald: M3</p> <p>Tekstoppygging: M4</p> <p>Språkbruk: M3</p> <p>Rettskriving og teiknsetjing: M4</p> <p>Bruk av skriftmediet: M4</p>

5. Konklusjon

Bakgrunnen for analysane var problemstillinga:

Vert tekstane til elevar i 10. klasse betre når dei får skrive interessestyrt? Kva for delar av skrivinga deira vert i så fall betre?

For å konkludere om funna mine i analysane, vel eg å vise fram skilnadane mellom dei to tekstane knytt til dei seks vurderingsområda. *Tabell 2* fortel kor mange tekstar som har fått høgast meistringsnivå på dei ulike vurderingsområda. Eg har markert talet som er høgast på kvart vurderingsområde med feit skrift, av viselle omsyn.

Tabell 2:

Vurderingsområde	Tekst 1	Tekst 2	Likt
Kommunikasjon	3	14	3
Innhald	3	10	7
Tekstoppygging	4	11	5
Språkbruk	1	8	11
Rettskriving og teiknsetjing	1	7	12
Bruk av skriftmediet	0	9	11

Utdjuping av tabell 2:

Samanliknar ein tala under tekst 1 og 2, ser ein at den interessestyrte teksten har fått best resultat. Nokre vurderingsområde skil seg tydelegare ut, og det er spesielt dei tre områda på makronivå som er best i tekst 2 (*kommunikasjon, innhald og tekstoppygging*). På dei tre områda på mikronivå har flest elevar fått likt meistringsnivå på dei to tekstane dei har skrive (*språkbruk, rettskriving og teiknsetjing og bruk av skriftmediet*). Ser ein isolert på tekst 1, ser ein at nokre fleire elevar har betre meistringsnivå på vurderingsområda på makronivå enn på dei på mikronivå.

Tabellen viser at vurderingsområda på makronivå; *Kommunikasjon, innhald og tekstoppygging*, er dei områda som har størst skilnad frå tekst 1 til tekst 2.

Kva kan så årsakene vere til at den interessestyrte teksten samla sett er betre på alle område, og spesielt på makronivå?

5.1 Kommunikasjon og føremål

Kommunikasjonen med ein eventuell lesar er viktig i ein fagartikkel. I oppgåveformuleringa til dei to tekstane stod det ingenting om kven som var mottakar og lesar av teksten. Det var i fleire tekstar vanskeleg å sjå kven eleven tenkte inn som mottakar. I dei aller fleste tekstane var det det eg har kalla «den allmenne lesar» som var målgruppa. Den svenske skriveforskarer Anna-Malin Karlsson fortel om ulike tekstnormer i skrivesituasjonane i skulen. I eit skriftleg arbeid konkurrerer ulike tekstnormer med kvarandre. Elevane skal skrive dels for læraren, som skal setje karakter, og dels for ein eller fleire, i dette tilfellet, fiktive lesarar – som stiller andre krav til teksten (Karlsson, 1997).

Kommunikasjonen med lesaren var tydelegare i den interessestyrte teksten. I tekst 1 var temaet kjent for meg som lærar, medan det i den interessestyrte teksten var ukjent. I oppgåva med lærargitt tema veit elevane at læraren kan noko om temaet. Det kan vere fordelaktig at temaet er ukjent for læraren, fordi det då er lettare å tenkje han inn som mottakar og lesar av artikkelen. Slik sett kan eleven sjå føre seg lesaren på ein annan måte enn med ein fiktiv lesar. Karlsson (1997) seier at elevane i ein skulesituasjon ikkje skriv for å informere, men for å vise at dei kan informere. Dette fordi at læraren allereie har bakgrunnskunnskap og kjenner til rammene for skrivinga (Karlsson, 1997).

For at informasjonen i ein fagartikkel skal kommunisere med lesaren, må skrivaren ha gode kunnskapar om temaet. Dei må ha det Frøydis Hertzberg kallar påstandskunnskap, altså *kunnskap om* (Hertzberg, 2001). Om det er vanskeleg å trekke konklusjonar – gjere inferensar – om korleis ulike aspekt i teksten skal oppfattast, vert det vanskeleg å henge med for lesaren. Samtidig må eleven ha ferdigheitskunnskap, *trening i* å skrive ein saktekst.

Ein anna forskjell på tekst 1 og tekst 2 på området kommunikasjon var eleven sin posisjon som skrivar i teksten. I ein fagartikkel skal forfattaren innta ei så objektiv rolle som råd. Det var flest tilfelle av subjektive ytringar i tekst 1. Dette hadde nok mykje å gjere med temaet i den lærarstyrte oppgåva, nemleg *mobbing i skulen*, som skaper mykje debatt og sterke meiningar. Skilnaden i meistringnivå her kan òg ha samanheng med at det i den interessestyrte teksten er «enklare» for eleven å posisjonere seg som ein objektiv utgreiar, i og med at temaet er ukjend for læraren, altså lesaren.

5.2 Innhald og samsvar med tema

Vurderinga av kvaliteten på innhaldet i artiklane og på kva måte det samsvarar med temaet som er gitt eller valt viser stor skilnad mellom tekstane. Hidi & McLaren (1990;1991) kom fram til at tekstar med tema av høg interesse for skrivaren, ikkje var merkbart betre. Kvaliteten var i

større grad eit resultat av elevane sin kunnskap om emnet. Albin et al. (1996) og Renninger et al. (2002), derimot, har vist at interesse for temaet har positive konsekvensar for skrivekvalitet og presentasjon av kunnskap om temaet. Informasjonen i dei interessestyrte tekstane var meir temarelevant, og elevane hadde ei tydelegare retning for teksten. Ein merkbar forskjell frå tekst 1 til tekst 2 er då nettopp at innhaldet i den interessestyrte teksten synest meir relevant, fordi det samsvarar betre med overskrift og formulert tema for artikkelen.

Ein komponent som òg utgjorde ein skilnad i kvaliteten i tekstane, var graden av kreativitet. I den interessestyrte teksten hadde elevane fleire kreative framstillings- og formuleringsmåtar. Hertzbergs omgrep påstandskunnskap seier noko om teorikunnskap hos eleven (Hertzberg, 2001). Høg grad av påstandskunnskap hos elevane kan føre til at dei frigjer seg frå kjeldene som gjev informasjon og «innhald» til skrivinga, slik at kreativiteten deira får meir spelerom i teksten. Samtidig er det verdt å tenkje over at det var den interessestyrte teksten eleven skreiv sist. Det betyr at dei allereie hadde skrive ein fagartikkel frå før. Ferdigheitskunnskap – til dømes kunnskap om form - er kunnskapar som må øvast inn, seier Hertzberg (2001), og kanskje var då òg ferdigheitskunnskapen større under skrivinga av den interessestyrte teksten. Ergo, kunne elevane konsentrere seg meir om andre tilhøve når dei skreiv den.

Om ein går ut frå at elevane hadde høgare grad av påstandskunnskap i den interessestyrte teksten, kan ein dra inn omgrepet self-efficacy. Bandura (1998) meiner at ein person si eiga tru på at ein meistrar ei oppgåve er avgjerande for gjennomføring og resultat. Med høg grad av self-efficacy vil ein ha tru på, og motivasjon for at ei oppgåve let seg gjere (Bandura, 1998). Den interessestyrte teksten byggjer på interesse og viser såleis til ein indre motivasjon. Indre motivasjon fører til høg grad av læring og kreativitet og byggjer på noko som er ibuande interessant eller kjekt (Ryan & Deci, 2000).

5.3 Tekstopbygging

Vurderinga av oppbygging, plassering av avsnitt og innhald og struktur i artikkelen viste òg skilnader mellom tekst 1 og tekst 2.

Graden av abstraksjon er høgare i saktekstar enn i narrative, skjønnlitterære tekstar, og eitt av krava til abstraksjon ligg i tekststrukturen. Noko av utfordringa med å strukturere saktekstar er i følge Hertzberg (2008) å finne i Lev Vygotsky sin teori om stadium i omgrepsdanninga:

Vygotsky snakkar om «thinking in heaps», som viser til skriftlege framstillingar der informasjonen heng saman med temaet, men manglar samanheng innbyrdes. Så snakkar han òg om «thinking in chains» der informasjonen utgjer ei samanhengande kjede, men som ikkje har samanheng med det formulerte temaet. Fleire av elevane i granskinga mi -nytta spørsmål,

blant anna i ingressen, som eit struktureringsprinsipp. Mange av tekstane er bygde opp som svar på desse spørsmåla, og framstillinga heng slik sett saman. Problemet i nokre av tekstane var, som Hertzberg påpeiker som ei mogleg utfordring, at spørsmåla i ingressen – og dermed resten av innhaldet – ikkje heng tydeleg nok saman med det temaet som er formulert som overskrift og utgangspunkt for framstillinga.

Å byggje opp ein fagartikkel kan òg vere utfordrande fordi han som oftast ikkje kan strukturerast kronologisk, etter tid. Det å skape orden i teksten etter tid er grunnleggjande for vår tenkemåte og vår måte å ordne verkelegheita på (Skjelbred, 2006). Kronologisk oppbygging kjenneteiknar ein forteljande eller ekspressiv skrivemåte. KAL-granskingane kom som nemnt fram til at det var ein overveldande dominans av forteljande skrivning i skulen på den tida undersøkinga var gjort (Berge, Evensen, Hertzberg, Vagle, 2005).

I den interessestyrte teksten var det mange som nytta kronologisk struktur. Dei valde tema som gjorde ein kronologisk komposisjon mogleg – noko som ikkje var mogleg for tekst 1. Valfritt tema opna sjansen for å byggje opp artikkelen som historieforteljing, hos mange som ein person si livshistorie, eller ein stad sett i eit historisk utviklingsperspektiv.

5.4 Bruk av skriftmediet

Tekst 2 var betre enn tekst 1 på dette området, men her var det flest elevar som viste like høgt meistringsnivå i dei to tekstane. Å setje opp litteraturliste og å bruke referansar i teksten var vanskeleg for fleire av elevane. Fleire elevar mangla kjeldetilvisingar og litteraturliste, sjølv om tekstane bar preg av faktainformasjon. Dette gjaldt for begge tekstane. I tekstane med litteraturliste rådde eit svært enkelt oppsett av litteratur og kjelder. Dei fleste viste til kjelder ved å lime inn linken til nettstaden dei nytta.

Det er ønskeleg at elevane utviklar evne til å tolke og ta i bruk kombinasjonar av modalitetar (Nyjordet & Tønnessen, 2010). Fleire av elevane nytta bilete i tekst 2 og i dei fleste tilfella passa biletet her betre til innhaldet. Her kan tema igjen spele ei viktig rolle. Fleire av dei interessestyrte tema som elevane valde, opna for å nytte bilete som ei forsterking i formidlinga av innhaldet. Bileta som vart nytta i begge tekstane passa stort sett til tema, men i tekst 1 fungerte ikkje bileta som ei forsterking anna enn å gje ein visuell samanheng (Nyjordet & Tønnessen, 2010).

5.5 Mikronivå

Her viser eg til vurderingsområda 4 og 5. I *tabell 2* ser ein at det er størst samsvar mellom tekst 1 og tekst 2 på mikronivå. Samtidig viser tabellen at berre éin tekst har fått høgast

meistringsnivå på dei to vurderingsområda på tekst 1. Som nemnt i kapittelet om metode, kan det vere eit validitetsproblem at tekst 1 og 2 ikkje er skrivne med same målform.

Tekst 2 er skriven på nynorsk, som er elevane sitt hovudmål. Når det gjeld blanding av målform, ser ein at det førekjem oftast i tekst 1. Det er nytta fleire nynorskord i bokmålstekstane enn omvendt. Ser ein på tekst 2 er det òg nytta ein del bokmålsord. Ordet *å vere* i ulike bøyingar er til dømes skrivi på bokmål i fleire tekstar. Dette kan blant anna ha samanheng med dialekt og at talespråket i desse tilfella ligg tett opp til bokmål.

Dialektinterferens utgjer eit markant skilje mellom tekst 1 og tekst 2. Det er mest framståande i tekst 2, som er skrivi på nynorsk. Dialektfeila er i dei fleste tilfella feil bøyingsending og bokmålsord. Elles går typiske feil att i begge tekstane til alle elevane, til dømes dobbel konsonant, særskriving, feil bruk eller mangel på stor bokstav og feil bøying av verb og substantiv.

At meistringsnivået i tekst 1 og tekst 2 er relativt likt på mikronivå viser at å skrivi interessestyrt mest sannsynleg ikkje har nokon effekt på desse vurderingsområda. Det er vanskeleg å sile ut noko frå elevtekstane som kan vise at det er det interessestyrte temaet som har spelt ei rolle. Typiske feil går att i begge tekstane, og det som utgjer skilnaden, er dei feila som kjem av skilnaden på å skrivi på hovudmål og på sidemål.

6. Veggen vidare

I skulen skal vi pedagogar lære elevane å skrivi eit breitt utval tekstar. Tekstane skal oppfylle sjangerkrav, fungere i ulike kontekstar og ha ulike føremål. Men samtidig er spørsmålet: På kva måte lærer vi elevane å skrivi ulike tekstar? Her meiner eg at mine funn kan spele ei rolle. Kan bruken av interessestyrte tema vere ein god måte å gjennomføre eit skrivearbeid på? Etter granskinga mi er i alle fall eg meir overtydd om det.

Utfordringa for skulen, slik eg ser det, er å ha eit klårare fokus på arbeidsoppgåvene i skriveopplæringa. Ser ein på leseopplæring vert bøker med interessestyrte og lystbetonte tema nytta, og elevar les bøker om tema dei er interesserte i på fritida. Eg tenkjer at dette i alle fall til ein viss grad kan overførast til skriveopplæringa. Om skulen og læraren er meir bevisst på kva elevane skriv om, kan det auke elevane sin motivasjon og skrivelysta deira. Arbeidet mitt kan vere ein indikasjon på at tekstane såleis vert betre.

Eg meiner også det hadde vore verdifullt med meir forskning på dette emnet. Det hadde vore interessant å sjå om mine funn samsvarer med meir breitt anlagt og nyare forskning på spørsmålet. Samtidig kunne det vore interessant å sjå om interessestyrt skrivning kan ha effekt i andre skriftsjangrar i norskfaget.

7. Litteraturliste

- Bandura, A. (1994). Self-efficacy. In V. S. Ramachaudran (Ed.), *Encyclopedia of human behavior*, vol. 4, s. 71-81. New York: Academic Press. (Reprinted in H. Friedman [Ed.], *Encyclopedia of mental health*. San Diego: Academic Press, 1998).
- Befring, E. (2007). *Forskingsmetode med etikk og statistikk*, 2. opplag. Det norske samlaget, Oslo.
- Berge, K.L., Hertzberg, F. (2005). Ettetanker – og tanker om framtidens utfordringer. I K.L. Berge, L.S. Evensen, F. Hertzberg, W. Vagle (red.), *Ungdommers skrivekompetanse Bind II: Norskeksamen som tekst* (s. 387-395). Universitetsforlaget
- Berge, K.L. (2010). Skrivning som grunnleggende ferdighet i skole og i nasjonale prøver fire år etter innføringen av Kunnskapsløftet (K06) – hvor står vi nå?, *norsklæraren*, 4. s. 12-16
- Berge, K.L. (2005). Skrivning som grunnleggende ferdighet og som nasjonal prøve – ideologi og strategier. I A.J. Aasen & S. Nome (red.), *Det Nye norskfaget* (s. 161-188). Bergen: Fagbokforlaget.
- Berge, K.L. (2005). Tekstkulturer og tekstkvaliteter. I K.L. Berge, L.S. Evensen, F. Hertzberg, W. Vagle (red.), *Ungdommers skrivekompetanse Bind II: Norskeksamen som tekst* (s. 11-191). Universitetsforlaget
- Blichfeldt, K., Heggem, T.G., Larsen, E. (2006). *8-10 kontekst basisbok*. Gyldendal Norsk Forlag AS
- Boscolo, P. (2009). Engaging and Motivating Children to Write. I R. Beard, D. Myhill, J. Riley & M. Nystrand (red.), *The SAGE handbook of writing development* (s. XXIV, 589 s. : ill.). Los Angeles: SAGE.

- Evensen, L.S. (2010). En gyldig vurdering av elevers skrivekompetanse? I J. Smidt, I. Folkvord & A.J. Aasen (red.), *Rammer for skiving: om skriveutvikling i skole og yrkesliv* (s.13-31). Trondheim: Tapir akademisk forlag
- Graham, S., & Perin, D. (2007). What we know, what we still need to know: Teaching adolescents to write. *Scientific Studies in Reading*, 11 (4), s. 313-335.
- Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Fagbokforlaget.
- Hertzberg, F. (2008). Sjangerskriving i ungdomsskolen: fortelling er ikke nok. I L. Bjar (red.), *Det er språket som bestemmer!* (s. 223-242). Fagbokforlaget – landslaget for norskundervisning
- Hertzberg, F. (2001). Tusenbenets vakre dans – Forholdet mellom formkunnskap og sjangerbeherskelse, *Rhetorica Scandinavica*, 18, s. 92-105
- Iversen, H.M., Otnes, H., Solem, M.S. (2007). *Grammatikken i bruk*. Cappelen Akademiske Forlag.
- Karlsson, A.-M. (1997). Textnormer i och utanför skolan – at skriva innsändare på riktigt och på lätsas. I G.m.f. Håkansson (red.), *Svenskans beskrivning 22* (s. 172-186). Lund: Lund University Press.
- Kjærnsli, M., Roe, A (red.). (2010). *På rett spor - Norske elevers kompetanse i lesing, matematikk og naturfag i PISA 2009*. Universitetsforlaget 2010.
- Kvale, S. (2005). Om tolkning af kvalitative studier. *Nordisk Pedagogikk* 25 (1), s. 3-15.
- Matre, S., Sjøhelle, D.K., Solheim, R (red.). (2012). *Teorier om tekst i møte med skolens lese- og skrivepraksiser*. Oslo: Universitetsforlaget
- Matre, S (red.). 2006. *Utfordringer for skriveopplæring og skriveforskning i dag*. Tapir Akademisk forlag, Trondheim
- Nicolaysen, B.K. (2005). Tilgangskompetanse. I B.K. Nicolaysen, L. Aase (red.), *Kulturmøte i tekstar. Litteraturredidaktiske perspektiv* (s. 9-31). Oslo: Samlaget
- Nyjordet, B. M., & Tønnessen, E. S. (2010). Tekstpraksis under lupen. I E. S. Tønnessen (red.), *Sammensatte tekster. Barns tekstpraksis* (s. 37-44). Oslo: Universitetsforlaget.

- Ongstad, S. (2009). Kan skriverutvikling planlegges? Enkelteleven i møte med skolens oppgavekultur. I Otnes, H. (red.), *Tekstvurdering som didaktisk utfordring* (s. 74-84). Oslo: Universitetsforlaget
- Otnes, H. (red.). (2009). *Tekstvurdering som didaktisk utfordring*. Oslo: Universitetsforlaget
- Renninger, A., Hidi, S., Krapp, A. (1992). Interest, Learning and Development. I A. Renninger, A. Hidi & A. Krapp (red.), *The Role of interest in Learning and Development*. Lawrence Erlbaum Associates, Inc.
- Roe, A. (2006). Leseopplæring og lesestrategier. I E. Elstad, A. Turmo (red.), *Læringsstrategier søkelys på lærerens praksis* (s. 67-93). Universitetsforlaget
- Roe, A., & Taube, K. (2012). *To read or not to read - that is the question. Reading engagement and reading habits in a gender perspective*. Norden: TemaNord 2012.
- Ryan, R. M. , & Deci, E. L. (2000). Self- determination theory and the facilitation of intrinsic motivation, social development, and well- being. *American Psychologist*, 55 (1), 68-78.(1)
- Ryan, R. M. , Deci, E. L. (2000). Intrinsic and Extrinsic Motivations: Classic Definitions and New Directions. *Contemporary Educational Psychology*, 25(1), 54- 67. (2)
- Rychen, D. S., Salganik, L. H. (2003). *Key competencies for a successful life and a well-functioning society*. Göttingen: Hogrefe & Huber.
- Skjelbred, D. (2006). *Elevens tekst – et utgangspunkt for skriveopplæring*. Cappelen akademiske forlag
- Skritesenteret: Om Normprosjektet (u.å.). Henta frå:
<http://norm.skritesenteret.no/om-normprosjektet/> Lasta ned 24.10.14
- Skritesenteret: Forventningsnormene (u.å.). Henta frå:
<http://norm.skritesenteret.no/forventningsnormene/> Lasta ned 24.10.14
- Smidt, J. (2011). Ti teser om skiving i alle fag. I J. Smidt, Solheim, R., Aasen, A. J. (red.), *På sporet av god skriveopplæring* (s. S. 9-41). Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Solheim, R., Matre, S. (2014). Forventninger om skrivekompetanse – perspektiver på skiving, skriveopplæring og vurdering i «normprosjektet»., *Viden om læsning*, 15. s. 77-89

Torvatn, A.C. (2009). Sjangeropplæring - eksplisitt eller implisitt?. I J.Smidt (Red.),
Norskdidaktikk - ei grunnbok (s. 317-323). Oslo: Universitetsforlaget.

Utdanningsforbundet: Bakgrunn for kunnskapsløftet (2014) Henta frå:

<http://www.udir.no/Lareplaner/Veiledninger-til-LK06/Veiledning-i-lokalt-arbeid-med-lareplaner/Artikler/Bakgrunn-for-Kunnskapsloftet/> Lasta ned 07.04.14

Utdanningsforbundet: Hva sier forskningen? (2014). Henta frå:

<http://www.udir.no/Lareplaner/Grunnleggende-ferdigheter/Container/God-skriveopplaring---for-larere-pa-ungdomstrinnet/Hva-sier-forskningen/?read=1> Lasta ned 08.04.14

Utdanningsforbundet: Rammeverk for grunnleggende ferdigheter (2012). Henta frå:

http://www.udir.no/Upload/larerplaner/lareplangrupper/RAMMEVERK_grf_2012.pdf?epslanguage=no Lasta ned 06.11.14

Utdanningsforbundet: Læreplan i norsk (2013). Henta frå:

http://www.udir.no/kl06/NOR1-05/Hele/Komplett_visning/?print=1 Lasta ned 23.06.14

Vedlegg 1: Informert samtykke

Erik Veum
16.01.14
Høyanger skule
6993 Høyanger

Høyanger,

Hei!

Dette er eit kort informasjonsskriv om eit arbeid som eg vil utføre i klasse 10A. Eg er faglærer i norsk i klassen. I tillegg til jobb som lærar på Høyanger skule er eg i mitt siste år som mastergradstudent på Høgskulen i Sogn og Fjordane. Eg skal starte å skrive mastergradsoppgåva no i januar, og levere den inn i november i år.

Tema for oppgåva er å prøve ein alternativ arbeidsmåte for skriveoppgåvene i faget. Enkelt sagt, vil det seie at elevane får to skriveoppgåver, der sjølv oppgåva eller tema dei skal skrive om, vert litt forandra. Resten vert som vanleg. Så for elevane vil det seie at vurdering, tal innleveringar og sjanger vert som vanleg, men sjølv skriveoppgåva dei får vert litt forandra.

Skriveoppgåvene skal verte meir interessestyrt, at elevane sine interesser skal kome fram i oppgåvene. Så det eg skal forske på eller undersøke, er om svaret på oppgåvene vert betre om skriveoppgåvene er interessestyrt. Elevane får att vurdering og karakter på tekstane som vanleg, men eg jobbar ekstra med tekstane i etterkant.

For å summere kort:

- Elevane får like mange skriveoppgåver som vanleg
- Vurdering og karakter vert som vanleg
- Sjanger og type innlevering vert som vanleg

Forskjellen:

- Tema eller sjølv formuleringa av skriveoppgåva vert ny, der elevane er med å bestemme tema sjølv

I mastergraden vert alle elevane heilt anonyme og det skal ikkje vere mogleg å kjenne att nokon når ein les oppgåva mi.

Om dette høyrer greitt ut så kan du/dykk signere på neste side. Eg treng underskrift av føresette i og med at elevane er under 18 år. Elevane skal sjølvstilt ha eit ord med i laget, så dei må signere òg, for at avtalen er ok.

Beste helsing,

Erik Veum

Undrar du på noko meir, er det berre å ta kontakt!
Tlf: 97073335
E-post: erik.veum@hoyanger.kommune.no

Føresette:

Signer her om du samtykker i at arbeidet vert gjennomført. Ein eller begge kan signere.

Elev:

Signer her om du samtykker i at arbeidet vert gjennomført.

Vedlegg 2: Dei resterande elevtekstane

Elev 3

Tekst 1

Det er aldri mobbeofferet sin feil

Mobbing er et veldig omstridt tema, vi får høre om det gjennom hele livet. Helt fra vi var små, har foreldrene våre fortalt oss hvordan vi skal oppføre oss mot hverandre. Med jevne mellomrom kan vi lese overskrifter i aviser som handler om mobbing, for eksempel: "Norske barn blir mest mobbet i Europa" Men hvorfor er det slik at noen mobber andre? Hva er egentlig mobbing? Hva skjer med de som blir mobbet? Hva kan vi gjøre for å få slutt på mobbingen?

Det er ulike måter å mobbe på, og de to hovedformene er direkte og indirekte mobbing. Direkte mobbing kan være fysisk eller verbal trakassering, altså å bli slått, dyttet, lugget, eller å bli kalt navn. Indirekte mobbing kan være ryktespredning, baksnakking eller det å ignorere noen. Det er indirekte mobbing som blir brukt mest, med mobil og data som hovedkanal. I de senere år har mobbingen i stor grad flyttet seg fra skolegården, til internettet.

Hva er det egentlig som er grunnen til at noen velger å mobbe andre? Veldig ofte er det mobbeofrene som får følelsen av at det er de som er problemet. Det er veldig viktig å understreke at det ikke er noe "galt" med mobbeofferet, det er heller de som mobber som sliter med noe. Barna som mobber har manglende sosiale ferdigheter, dårlig selvbilde, eller kan ha familiære problem. Kanskje føler de at ved å hakke på andre, får de utløp for egen frustrasjon. Følelsen av makt og kontroll får de til fortsette mobbingen. Ofte er det gjenger som mobber. I utgangspunktet var det kanskje bare en i gjengen som mobbet noen, men så fulgte de andre etter. De får etter hvert et slapt forhold til mobbingen, "alle de andre gjør jo det". Når mobberne får en tankegang som dette, har det gått alt for langt.

En av tre barn mellom 10 og 15 år sier at de selv har blitt mobbet, eller vet om tilfeller der folk de kjenner har blitt mobbet. Det er i følge statistisk sentralbyrå, rundt 38 000 barn. Grunnen til at digital mobbing har utviklet seg, er at barn begynner stadig tidligere å bruke mobil og data. Det er svært vanskelig for voksne å få med seg det som skjer på nettet. Barna har mulighet til å være anonyme, og der kan de skrive hva de vil, døgnet rundt. I september 2013 kunne moren til en 11-år gammel jente fra Tromsø, fortelle om et tilfelle der det hadde blitt opprettet hat-profiler mot datteren hennes. «Drit stygg jente fra Tromsø, ikke følg henne. Hun er som dritt, tror hun er så kul men det er hun ikke» er noe av det som ble lagt ut. Man trenger ikke å lete lenge før man kommer over ufine kommentarer. Noen av de sosiale mediene som blir brukt er Instagram, Snapchat, Facebook, blogger, med mange flere. Det er ikke mulig å gi noe konkret svar på hvilke av de sosiale mediene som er verst.

Det er umulig å flykte fra nettmobbingen, den kan forfølge deg fra miljø til miljø. De som blir utsatt for det, bærer preg av det resten av livet. Nettmobbing og mobbing generelt, kan få veldig alvorlige konsekvenser. Elisabeth Staksrud er forfatter av boka "Digital mobbing" der hun skrev om flere av konsekvensene. Hun forteller om at både mobbere og mobbeoffer er ofte inne på sider som handler om selvsykdom, hat, og spiseforstyrrelser. Line Indrevold Stänicke er psykologspesialist ved Nic Waals Institutt, på Lovisenberg sykehus i Oslo. Også hun tror at mobbingen skaper en høyere risiko for å utvikle alvorlige psykiske vansker. Sosial angst, depresjon, dårlig selvbilde og

selvmordstanker, er plager som belaster både jenter og gutter som har blitt utsatt for mobbing. Plagene viser seg i flere situasjoner senere i livet. Derfor er det veldig viktig å arbeide for å forebygge og å få slutt på mobbing, og ikke minst hjelpe de barna som har blitt utsatt for mobbing.

”Bruk hue-turné” åpnet i Bergen, høsten 2010. Det er en kampanje som Røde Kors, Barnevakten, Telenor og Medietilsynet bruker som hjelpemiddel i kampen mot mobbing. Undersøkelser som ble gjort, viser at mobbingen avtok med ca. 4% etter at kampanjen begynte. Det er lite, men det er nok til å bevise at kampanjen har hatt virkning. Den skulle øke ungdommers forståelse for hvorfor det er viktig å vise folkeskikk i digitale medier. Mobbing burde forebygges overalt: hjemme, på skolen og på fritidsaktiviteter. Foreldre, lærere og trenere må fra første stund være tydelige på at mobbing og dårlig oppførsel ikke er tillatt. Om det da skulle forekomme mobbing, må det være klart hvilke følger det skal få for mobberen. Gode samtaler mellom barn og voksne kan også hjelpe å forebygge mobbingen. De voksne kan snakke med barna om hva mobbing er, og hva som skjer med de som blir mobbet. Da kan barna gjøre seg opp en mening om hva de mener om mobbing, og hvordan de selv vil oppføre seg.

Mobbing er et veldig alvorlig tema, og det er alt for mange barn som blir mobbet på skolen eller via internett hver eneste dag. Det er ulike typer mobbing: direkte og indirekte mobbing. Digital mobbing har vokst fram de siste årene, konsekvensene er alvorlige. Alt fra sosial angst, til selvmordstanker preger mobbeofrene resten av livene deres. Det er ulike tiltak som har blitt satt i gang for å forebygge mobbing, en av de er ”Bruk hue-kampanjen”. Andre ting som kan gjøres for å forebygge, er at foreldrene setter seg ned å prater med barna sine, slik at de blir i stand til å ta ett standpunkt i forhold til mobbing. Det er veldig viktig å huske på at det aldri er mobbeofrene sin feil.

Kilder:

<http://www.vg.no/nyheter/innenriks/brydeg/artikkel.php?artid=10029574>

http://www.hil.no/hil/hil/nyheter/Arkiv-2012/hvorfor_mobber_folk_andre

<http://www.nrk.no/kultur/norge-topper-liste-over-nettmobbing-1.11204094>

<http://www.vg.no/teknologi/artikkel.php?artid=10033232>

<http://ndla.no/nb/node/18996>

Tekst 2

Slavearbeid 2014

Arbeidsdagen deira er lengre, arbeidsvilkåra tøffare, arbeidet farlegare, og lønna? Den er låg eller ingenting. Dette er slavearbeid.

Kva er barnarbeid?

Barn over heile verda arbeider kvar einaste dag. Nokon jobbar av fri vilje, fordi dei likar det, og vil tene litt ekstra lomme pengar. Men, det er så alt for mange som ikkje har noko val. Barn på berre 5-6 år har lengre arbeidsdagar enn vaksne menn i Norge, og dei får nesten ingenting i lønn. Når eit barn blir tvunge til å arbeide på denne måten, er det skadeleg barnarbeid.

Utbreiing

Totalt er det omkring 216 millionar barn som lever som barnarbeidarar. 126 millionar barn mellom 5 og 17 år er involvert i helseskadeleg arbeid. 8,4 millionar barna er fanga i dei aller verste formene for ulovleg, nedverdiggande

og farleg arbeid. Desse 8,4 millionane, er slavearbeidarar. Dei fleste barnarbeidarane er i Asia, Afrika og Latin-Amerika.

Ulike former for barnarbeid

- Barn heilt ned i seks år, arbeider som hushjelper i private heimar opptil 15 timar om dagen.
- Gjeldsarbeid er ei anna form for barnarbeid der foreldre gir vekk barnet sitt, mot at eit lån blir nedbetalt.
- Sexhandel er ei av dei verste formene for barnarbeid som finst, barna blir misbrukt gjennom prostitusjon, barnepornografi og sexturisme.
- I mange deler av verda finst det barn som arbeidar på fabrikkar eller plantasar. Desse jobbane er dei mest risikable med tanke på liv og helse, grunnen til det er at arbeidet inneber farlege maskiner og kjemikaliar.
- I mange slumområder er barn gatearbeidarar. For at familien skal overleve utfører dei lågtlønt arbeid som for eksempel bilvaskarar, skopussarar og blomsterselgarar.
- Den mest vanlege forma for barnarbeid finn stad i heimen og i familiens landbruk. I mange land er det tradisjon for at barna må arbeide og hjelpe til i heimen, og då kjem arbeidet framfor skule og utdanning.

Menneskerettane

Vi har konvensjonar om barnarbeid, og dei aller fleste land har egne lover for barnarbeid under ein viss alder, men i store delar av verda blir ikkje det respektert. Barnekonvensjonen fortel blant anna at barn skal beskyttast mot økonomisk utnytting. Staten skal fastsetje ein minimumsalder, regulert arbeidstid og straff for brot på slike lover. Arbeidet skal heller ikkje ta frå dei utdanningsmogelegheitene. Det er altså når barn utfører arbeid som bryt desse konvensjonane, at det vert ulovleg barnarbeid.

Kvifor barn?

Barnarbeid er mest utbredt i dei fattigaste landa. Der er familien avhengig av at også barna har ei inntekt, slik at familien overlever. Barna må gjere arbeidet dei vaksne ikkje vil ha. Grunnen til at ein arbeidstakar vil ha barn er at det er billig, og dei er lette å utnytte – dei torer ikkje å seie ifrå om dei blir behandla dårleg. Dei er også betre egna til nokre jobbar, for eksempel syng og veving, p.g.a. dei små hendene. Mange barn ser på det som sjølvsgt å arbeide for hjelpe familien. Ekstrem fattigdom kan føre til at foreldre leiger ut sine egne barn til fabrikkegarar eller landegarar. Det er uvanleg at foreldre vil utsette barna deira for farleg arbeid, men for dei er det siste utveg.

Arbeidsvilkår

Mange av barna jobbar under skadelege forhold, det er ofte tungt fysisk arbeid og veldig lange dagar. Nokon av jobbane barn må utføre er livsfarlege, dei risikerer livet i steinbrot og farlege gruver. Sprøytemiddel, tunge maskiner, machetar, og økser er reiskap unge barn må handtere kvar dag, og det er difor vanleg at barna pådreg seg skadar og sjukdommar. Ikkje nok med at arbeidsvilkåra deira er dårlege, vert også veldig mange utsett for seksuelle overgrep og vald, frå sine egne arbeidstakarar.

Konsekvensar

Barnarbeidet fører til konsekvensar hos barnet sjølv, men også internasjonalt.

Barnarbeidarar pådreg seg fysiske skadar på kroppen, skadane som er mest vanlege er brotne eller amputerte kroppsdelar, forbrenning, hudsjukdommar, auge-og øyreskadar, luftvegssjukdommar og hovudpine. Barna mistar barndommen sin, dei får aldri sjansen til å leike og ha det moro. Barnarbeid er med på å halde fattigdomsspiralen i

gang. Familien er fattig, så må barnet arbeide, og får difor ikkje tatt nokon utdanning. Dermed vil også deira barn hamne i akkurat same situasjon, og det blir som ein evig vond sirkel.

Arbeid mot barnarbeid

For å stoppe barnarbeid trengs eit system som fungerer, det må opprettast eit velferdssystem der alle blir behandla likt og det blir gjort noko for å få slutt på fattigdommen. Nøkkelstrategien for å utrydde barnarbeid er å gi alle barn tilgang til gratis, obligatorisk utdanning. For å få det til er det mange faktorar som spelar inn og det er ein lang prosess. Det er mange forskjellige organisasjonar som jobbar med nettopp det. Unicef, Plan og Redd barna er organisasjonar som vi kan donere pengar til, eller om ein vil vere med å gjere litt ekstra, kan ein og bli plan-fadder.

Det er barnarbeid i heile verda, og det finst forskjellige typar barnarbeid. Den mest vanlege føregår i heimen og på landbruket til familien. Skadeleg barnarbeid er mest utbreidd i fattige land. Der arbeidar barna under dårlege arbeidsvillkår, dei er underbetalte, jobbar veldig lange dagar, og blir alt for ofte utnytta og misbrukt av eigen arbeidstakar. Konsekvensane er mange, barna kan skade seg eller bli sjuke og dei får ikkje mogelegheit til å gå på skule eller ta utdanning. Barnarbeidet held fattigdomsspiralen i gang, og det er som ein vond sirkel der fattigdommen går i frå generasjon til generasjon. Det beste ein kan gjere for å hindre barnarbeid er å tilby skule til barna. Kvar einaste dag arbeider forskjellige organisasjonar for å få ned talet på barnarbeidarar. Det er blitt noko redusert, men det er framleis ein lang veg å gå.

Kjelder

<http://www.fn.no/Aktuelt/Kronikker/Barnearbeid-er-foerst-og-fremst-et-fattigdomsproblem>

<http://www.unicef.no/barnearbeid>

<http://www.fn.no/ILO/Temasider/Barnearbeid>

<http://www.reddbarna.no/vaart-arbeid/barns-beskyttelse/barnearbeid>

<http://fadder.euinfo.no/om-barn/barnearbeid/>

<http://www.fn.no/Aktuelt/Kronikker/Barnearbeid-er-foerst-og-fremst-et-fattigdomsproblem>

Elev 4

Tekst 1

Mobbing i skolen

Mobbing blir mer og mer utbredt i alle alders grupper, mobbing foregår både direkte og indirekte via sosiale medier. Mobbing utføres både fysisk og psykisk. Mobbing er et økende samfunnsproblem som må tas på alvor av alle instanser.

Mobbing

Når noen plager eller mobber en person gjentatte ganger over lenger tid, og en person blir utsatt for negative handlinger fra en eller flere personer, er det mobbing.

Mobbing kan utføres på mange forskjellige måter, på både fysiske og psykiske. Fysiske midler går for å slå, sparke, dytte eller bruk av våpen. Psykiske midler for mobbing kan ofte være verbalt, mobbing blir utført på andre og mer indirekte måter også, det ved å bruke kroppsspråk, blikk, utestenging og spredning av negative rykter. Mobbing blir utført på mobil og internett (sosiale medier) også. Mobbing fins på alle skoler, men selvfølgelig fins det mer mobbing på noen skoler enn andre.

Få slutt på mobbing

For å få slutt på mobbingen, eller for at den ikke skal starte. Man kan ikke akseptere at noen plager en person. Finne venner som er likesinnede, og hvis noen begynner å plage en person må man si ifra å prøve og gjør noe med det. Dette før det går så langt at det kommer flere inn i situasjonen, og det blir skapt ett mobbeoffer, og kanskje flere enn bare en mobber.

Det kan være lurt å snakke med en voksen om det som har hendt, å fortelle hva som skjedde og hvordan det skjedde. Kan være lurt å kommunisere med voksne, og deretter få hjelp for å løse situasjonen.

Straffbart å overse mobbing

Det er straffbart for skoler å overse mobbing, elevene og foreldrene kan klage til Statens utdanningskontor i fylket dersom skolen ikke gjør noe med mobbingen. Hver skole skal ha en beredskapsplan for hva de skal gjøre dersom mobbing oppstår. Utdanningskontoret kan kreve at skolen må gjøre noe med situasjonen. Dette kan anmeldes til politiet dersom skolen ikke gjør noe med hendelsen. Bøter eller fengsel er straffen for at man har latt en slik sak gå forbi ubemerket. Dei personene som ikke har fulgt ei mobbesak tilstrekkelig opp står i fare for å bli straffet for dette.

SMS og internett

Mobbing via internett og telefon, er mye brukt av ungdom nå til dags. Mobbeofferet blir terrorisert med SMS-er fra mobberen eller mobberene. Personen som blir mobbet blir som oftest terrorisert av mobberene på mobilen og på nettet med meldinger og fra andre sosiale medier. Mobil mobbing har økt med over 40% i Norge, og i våre naboland. Meldinger som er sendt fra internett anonymt, kan spores opp etter IP- nummeret fra maskinen meldingen er sendt fra, og spores opp. Selv om numrene er private finnes det alltid en løsning for hvordan man kan finne ut hvem som har sendt disse meldingene.

Hvis man truer noen på tekstmelding kan straffen være opptil 3- 6 år fengsel. De siste årene har mobbing via SMS blitt mer og mer populært. Barnevaktens hjemmesider sier det at 15% av elevene fra 5 klasse til 10 klasse har blitt mobbet via telefon.

Nettmobbing kjennetegner stygge og sårende meldinger som inneholder kallenavn og sarkasme, flau bilder som blir lagt ut på nettet, misbruk av passord og profiler. 25% av norske ungdomsskoleelever frykter nettbasert mobbing, det ifølge Senter for Adferdsforskning.

Tekst 2

Los Angeles

Los Angeles er Californias største by, og USA's nest største. Los Angeles er kjent som storprodusent av populærkultur, og er blant anna sentrum for den amerikanske filmindustrien. Los Angeles og resten av Amerika har stor interesse for baseball, amerikansk fotball, ishockey og basketball.

California – Los Angeles

Los Angeles (L.A) ligger i California, USA's nest største by etter New York (NY). Innbyggertalet er 3, 8 millionar menneske, det offisielle språke deira er engelsk.

Styreforma i California er republikk. I Amerika er det ikkje noken offisiell religion, men 78% av amerikanerane er kristne. I Los Angeles som bare er ein by, er det registrert 620 forskjellige trusamfunn. Det største trusamfunnet i Los Angeles er romersk katolisisme, og det på grunn av mange latinamerikanera.

Tidsforkjellen mellom Norge og California er at California er 9 timar bak norsk vintertid, og sommertid 10 timar. Valutaen dei brukar i California er Dollar, men Kredittkort som Visa, American Express, Mastercard og Diners er svært utbredt, og minibanker kan man bruke og finne så og si overalt.

Attraksjonar

L. A. ZOO

Ligger i Griffith Park, dyreparken åpna i 1966. Parken er ein heim for omlag 1200 dyr som stort sett lever i naturlige omgivelser. Der er det og ein botanisj hage med over 800 planteartar.

Disneyland

Verdas mest berømte fornøylespark, Disneyland ligger i 1313 South Harbor Boulevard i Anaheim. Parken vart åpna i 1955, sidan den gong har parken berre vokst og vokst. Parken er fylt med krarusellar og den er delt inn i fire ulike avdelingar; Fantasyland, Frontierland, Adventureland og Tomorrowland.

Hollywood walk of fame

Walk of fame er verdens mest berømte fortau som går langs Hollywood Boulevard og Vines treet. 2300 stjerne som dedikera navn fra underholdningsberansjen. Nesten kvar månad blir det lagt ned eit par nye navn med stjerne. Walk of fame er godt over fem kilometer lang, og dei mest kjente stjernene som er der er Elvis og The Beatles.

Hollywood Wax Museum

Er eit museum der ein kan møte livaktige kopiar av kjente ansikt, som balnt andre Marilyn Monroe, Freddy Kreuger og Michael Jackson. Ein kan også finne kjente rekvisittar frå store Hollywoodfilm på detta musemet.

Universal Studios

Universals Studios Hollywood er Los Angeles nest største attraksjon, etter Disneyland. Universals Studios Hollywood er ikkje bare eit film studio, men også ein full fornøylespark med Hakke Hakkespett som gallisjonsfigur og mange film-relaterte attraksjonar som Jurassic Park, Blues Brothers, Shrek og Simpsons. Adressa til Universals Studios er 100 Universal City Plaza.



Sport i Los Angeles

I Amerika er folke for det meste interessert i baseball, amerikansk fotball, ishockey og basketball.

Baseballaget Los Angeles Dodgers spiller i Major League Basebal, heimebana deira er Dodger Stadium som ligger i downtown område. Denne baseballbana vart åpna i 1962 og har plass til 56000 tilskodarar.

Los Angeles har to lag i toppserien NBA i basketball. Clippers og Lakers er laga som spelar for Los Angeles, begge laga spelar alle heimekampane sine på 19000- setaren Staples Center, som ligger Downtown.

Fotball er ikkje den heilt store idretten i USA, men det mest kjende fotballage i Los Angeles er Los Angeles Galaxy. David Beckham slutta å spille for Real Madrid for å spille for Los Angeles Galaxy i 2007.

Los Angeles Galaxy har vert i Major League Soccer siden i starten av 1995, lage trekke fleire tilskodarar ein noko anna fotballag. Til tross for USA's manglande interesse for fotball har landslaget dei siste tiåra nesten alltid vore blant verdas 20- 30 beste.

Klima

Los Angeles har varme vinterar, og tørre somarar. Dei har altså middelhavsklima. Om somaren kan tempraturane komme over 35 grade, og på vinteren over 19 grade. Los Angeles har 325 soldagar i året, det er berre om vinteren det kjem nedbør av betydning. 35- 40 mm nedbør i året.

Elev 5

Tekst 1

MOBBING

Mobbing er et begrep man bruker mot sosialt nederlag. I bokmålordboken står det om mobbing, " Å mobbe er særlig en gjeng som bruker fysisk eller psykisk vold mot en enkelt; plage, erte, tyne." I 2013 ble loven for arbeid mot mobbing i skoler skjerpet, kunnskapsminister Kristin Halvorsen pålegger skolene å bevise at de aktivt forsøker å avdekke mobbing på skolen. Allikevel bryter mange skoler denne loven.

Ansvar

Hvert år deltar mange norske skoler på en undersøkelse, som inneholder spørsmål om mobbing. Mobbing forekommer selvfølgelig når folk er slemme med andre, og det er personen som mobber som har størst skyld i det. Spesielt i ungdomsskolealderen, da burde alle være istand til å vite om de utsetter andre for mobbing, og bli gjort ansvarlige for det, men lærerene har også et ansvar. De har ansvar for å se mobbingen, og ta tak i det og få en slutt på det. På mange av skolene som skåret mest på mobbing i undersøkelsen i 2008 var ikke rektor og lærere klar over hvor ille det var. Bergen Kristne Grunnskole kom verst ut i denne undersøkelsen med 2,8 i en skala der 1 er det beste og 5 er det verste. Rektor ved skolen uttalte han han ikke var klar over at skolen lå på mobbetoppen i elevundersøkelsen.

«Jeg vet at tallet var høyt, men ikke at vi ligger på topp. Vi ser veldig alvorlig på saken» sa rektoren til Nettavisen etter at resultatet på elevundersøkelsen var blitt publisert. Han svarte også at skolen ikke fulgte noe mobbeprogram, men at de jobbet veldig aktivt mot mobbing. Han trodde ikke elevene og foreldrene såg på dem som en mobbeskole, tvert imot, for elever kom til dem på bakgrunn av mobbing på andre skoler. Dette må enten bety at Norge har lite mobbing eller at skolen faktisk ikke jobber mye for å forhindre mobbing. På tester ser vi at det er en del mobbing på mange skoler i landet.

Også foreldre skal være med på å forhindre mobbing. De skal lære barna sine fra de er små at man ikke er slem mot andre. Elever som mobber andre bruker ofte det for å heve seg selv opp og føle seg bedre. Alle er like mye verdt uansett, barn, ungdom og voksne skal vite sånt. Barn skal bli lært opp av sine foreldre å være snille md hverandre. I tillegg skal de følge litt med på hvordan det går på skolen, og ikke bare med på hvordan barnet gjør det i de forskjellige fagene, men hvordan de har det med medelever. De kan også prate med andre foreldre til barn i samme klasse om hvordan deres barn har det og få en annen side av hvordan barna har det. Det er også viktig at foreldrene ikke lar barnet sitt sette noen utenfor, men å passe på at alle blir bedt til ulike fester. Det aller viktigste er kanskje å vise til barna sine hvordan en skal være med andre, og å fortelle at en bryr seg om , og er glad i barnet sitt akkurat som det er. På den andre siden må foreldre også kunne akseptere, eller innrømme og forstå at sitt eget «snille englebarn» faktisk kan være en av de verste mobberne.

Kristin

En som har blitt utsatt for grov mobbing i over syv år heter Kristin. Hun ble slått, sparket og trakassert av sine egne " klassekamerater". Fortsatt har hun minner om hvordan hun følte seg da hun ble angrepet. Å bli slått av de som egentlig skulle være dine venner føltes ikke bra for Kristin. Hun hadde ikke gjort dem noe som helst, etter hvert begynte Kristin å akseptere volden, hun måtte finne en måte å takle smerten på. Så langt skal det ikke gå. Lærere, foreldre og medelever som ser dette er ansvarlig til å stoppe det. Det skal ikke gå så langt at elever blir vant til det og tror det er dem det er noe feil med, for det er det ikke.

Konsekvenser

Kristin er heldig og har kommet seg fint ut av det, selv om hun fortsatt har vonde minner har hun kommet seg videre, ikke alle klarer det like fint. Mobbing kan ødelegge folk for resten av livet. Ofte får folk som har blitt alvorlig mobbet psykiske problemer og sosial angst. De får store problemer når de skal ut i arbeidslivet. Dette er et svært trist tilfelle, mobbing har så stor effekt på folk at det kan ødelegge alt for mobbeofferet. Mange av mobbeofrene som klarer seg fint senere ønsker å hjelpe barn som nå blir mobbet.

Utestenging

Når folk hører ordet mobbing er det ofte de ser for seg slåssing og vold, men utestenging er en minst like gale mobbemetode. Alle elever fryser ut en person fra en gruppe og personen blir gående alene. Omtrent ingen snakker til deg, og om de gjør det slenger de bare noe dritt om hvordan du ser ut eller alt du gjør galt. Dette foregår gjerne når lærere og voksne ikke er til stedes. Det blir igjen veldig vanskelig å merke og sette en stopper for.

Nettmobbing

Nettmobbing er også en mobbemetode som er ofte brukt. Norge toppe faktisk listene over nettmobbing. Mobbingen er nesten umulig å flykte fra, det er rykter, løgner og bilder som blir spredd rundt via sosiale medier. Bilder på nettet forsvinner aldri, det går fra miljø til miljø og plutselig vet alle noe om deg. Også falske kontoer på ulike sosiale medier blir brukt der de kan ta kontakt med andre og spre rykter.

Mobbing er ødeleggende og unødvendig. Mange mobbere bruker det for å psyke seg selv opp, fordi de får andre til å virke dumme blir de bra selv. Det er mye mobbing på skoler i Norge. Det er en stor jobb å bli kvitt mobbing. Lærere, foreldre og medelever som ser men ikke bryr seg må virkelig gå inn i seg selv og hjelpe. Det har veldig mye å si for en person og den sitt liv. Vi har alle et ansvar for at personer rundt oss har det bra !

Tekst 2

KANARIØYENE

Kanariøyene er ei spansk øygruppe som ligger i Atlanterhavet. Øyene ligger 1500 km fra fastlands Spania, og ligg i Afrika sin kontinentalsokkel. Allikevel hører øyene til Europa. Øyene er svært populære reisemål for turistar.

Øyene

På spansk heter Kanariøyene Islas Canarias, som på norsk betyr Hundedyene. Landarealet til alle øyene til saman er 7492km² og innbyggartallet til saman er 2103922. Øyene er eit populært feriemål for nordmenn grunna det milde klimaet året rundt.

Tenerife

Tenerife ligg nest sørvest av dei 7 øyene, og er 2034km², altså den største Kanari øya. Øya har 900000 fastbuarar, og har Spania sitt største fjell og vulkan Pico del Teide som er 3718 m.o.h. I periodar er det snø og mulig å stå på ski på toppen av fjellet. Nede på bakken er klimaet veldig jamt. Det er litt kaldare i nord enn sør og noko meir nedbør med naturlege skogar og eit stort planteliv. I nord finn ein og storbyen Santa Cruz de Tenerife, det er ein attraksjon for

folk som vil vite meir om øya ettersom ein kan lære mykje historie og kultur på museum der. I tillegg er det eit shopping område og flotte strender. Sør er i regnskuggen av Teide og er veldig tørr med ørekenvegetasjon med mest sol. Strendene er finast i sør. Spanjolar dyrkar bananar, tobakk, tomatar og sukkerrøyr. Varene blir frakta til vestlege Europa. Industrien er ikkje mykje utbygd utan om i hovudstaden Santa Cruz de Tenerife. Med den store turisttrafikken i Tenerife er turistbygginga flytta til det sørlege. Det er om lag 5000000 turistar innom øya på eit år.

Lanzarote

Lanzarote er den nordlegaste og den austlegaste av dei 7 øyene. Den er 100km frå Afrika kysten og 1000km frå den Spanske fastlandet. Den 842 km² store øya har 141398 innbyggjarar, 56 834 av dei bur i byen Arrecife. Lanzarote og alle dei andre Kanariøyene har ein vulkansk opprinnelse. Det høgaste punktet på øya er 670 meter høgt det er fjellet eller vulkanen Peñas del Chache. Turisme har vore den viktigaste næringskjelda sidan 1960-åra.

El Hierro

El Hierro er den vestlegaste og sørlegaste av dei 7 øyene. Med sine 268,7 km² er den også minst. Øya består av to kommunar den minste og nordlegaste er Valverde, her ligger også hovudbye som og heiter Valverde. I sør ligg den største, Frontera. Det er stupbratte klipper på kystane av øya, den manglar ordentlig hamn men frå Valverde går det ferje til Tenerife og La Gomera. Flyplassen ligg i nordaust og har ruter til La Palma, Gran Canaria og Tenerife. Jordbruk er ein viktig næringsveg på øya, sjølv om den er mindre fruktbar enn dei andre dyrkast det blant anna korn, poteter, tomatar, fiken, mandlar og vindruer. Sidan 2011 har det vert fleire små og store jordskjelv mellom 4,5 og 4,9 på Richters skala. Skjelva kjem på grunn vulkanske utbrudd i havet sør for øya.

Fuerteventura

Denne øya er den næraste til det Afrikanske fastlandet. Det er den nest største øya etter Tenerife med sine 1660 km². Øya har seks kommunar og har totalt 94386 innbyggjarar, 28 357 av dei bur i Puerto del Rosario, hovudstaden av øya. Det høgaste fjellet heiter Pico de la Zarza 812,4 meter over havet, søraust på øya. Det har ikkje vore eit vulkanutbrot på 7000 år. Fuerteventura har før ikkje vore den mest turistbesøkte av Kanariøyane, men i dei seinare åra har dette blitt ei meir og meir besøkt øy. Temperaturen går sjeldan under 18 °C og sjaldan over 24 °C, noko som er fint for turistar, men dei vert og lokka av dei vakre strendene.

La Gomera og La Palma

Den nest minste øya er La Gomera, den har eit areal på 369,76 km². Øya har ein nasjonalpark som heiter Garajonary nasjonalpark, den ligger midt på øya. Her ligger også øya sitt høgaste punkt på 1487 meter. Hovudstaden heiter San Sebastián de La Gomera, her bur ein tredjedel av dei 22 259 innbyggjarane.

La Palma ligger lengst nordaust av øyene. I 1971 hadde øya sitt siste vulkan utbrot frå vulkanen Teneguia. Øya har 85933 innbyggjarar per 2009.

Gran Canaria

Ferieparadiset Gran Canaria! Denne øya er heilt klart den mest besøkte av dei 7 øyene. På sine 1 560 km² har øya 815369 faste innbyggjarar. Rundt halvparten av desse bur i Las Palmas, altså hovudstaden til GC som øya også blir kalla. Øya er kjend for sine vakre strender, stilige hotell, flotte byar og fine natur. Det er noko for alle på Gran Canaria. Alt frå treningsheltar til festglad ungdom og til gamle pensjonistar som vil ta livet med ro i varmen kosar seg stort på øya. Dette vil seie at mesteparten av næringslivet til fastbuarane vil bli turistinnvolverte jobbar. Spesielt

på sørsida av øya er det fint for turistar. Den er så og si bygd for å ta imot ferieglade gjestar. Det bur omtrent 99442 utalandske statsborgarar på øya.

Kanariøyene

Kanariøyene er den einaste øygruppa Spania har som ligg i Atlanterhavet. Det er mange likheiter og ulikheiter med dei 7 øyene. Øyene er spesielle på sine måtar og kan tilby dei fleste ein flott tur. Kva øy ville du besøkt?

Kilder:

<http://no.wikipedia.org/wiki/Kanari%C3%B8yene>

<http://snl.no/Kanari%C3%B8yene>

<http://xn--kanariyene-5cb.org/>

Elev 6

Tekst 1

Mobbing i skolen

I skoletiden blir mange elever mobbet. Mange flere enn man skulle tro! Det er enkelte personer/elever som blir valgt ut som et offer for mobbingen. Både en gruppe på flere personer og en enkelt person kan være mobberne, det kommer an på hvor stor plassen er og om det er et samfunn der det er mye mobbing. Ofte er det populære elever blant elevene eller lærerne som er mobberne, og de utsatte ofrene lider gjennom hver dag. Det skal ikke være sånn! For lærerne sin skyld, er det ikke enkelt å oppdage mobbing mellom elevene. Mobberne er for flinke til å skjule det for andre. Digital mobbing og fysisk mobbing er to store typer for mobbing som er vanskelig å legge merke til og stoppe. Den digitale mobbingen er blitt vanskeligere å oppdage enn den fysiske mobbingen. Digitale verktøy har blitt et større og større problem for samfunnet når det gjelder sosiale medier og mobbing, i den nyere tiden. Mobbing er alvorlig og bør tas seriøst. Det er skolen sitt hovedansvar å stoppe mobbingen!



En person blir gjengmobbet

